

TITTEL:	
<h1>Barn i bygda</h1>	Ryfylkemuseet
UNDERTITTEL:	ÅR:
<i>Rapport om barns oppvekstvilkår i eit fleirkulturelt bygdesamfunn</i>	2018



Illustrasjonsfoto

# Barn i bygda

Rapport om barns oppvekstvilkår i eit fleirkulturelt bygdesamfunn



Ryfylkemuseet

2018

## **Barn i bygda**

Rapport om barns oppvekstvilkår i eit fleirkulturelt bygdesamfunn

Ryfylkemuseet 2018

Prosjektmedarbeidar: Anette Opheim

Rådgjevar: Roy Høibo

Prosjektet er støtta av Norsk Kulturråd

*Framsidebilete: Illustrasjonsfoto. Personane på biletene er ikkje deltagarar i prosjektet. Foto: Grete Holmboe*

*Andre foto i rapporten er illustrasjonsfoto frå fotoarkivet til Ryfylkemuseet, og er ikkje knytt til dei som har deltatt i prosjektet som informantar.*

Ryfylkemuseet  
Nordenden 14  
4230 Sand

[www.ryfylkemuseet.no](http://www.ryfylkemuseet.no)

[post@ryfylkemuseet.no](mailto:post@ryfylkemuseet.no)

# Innhald

Forord .....	9
Barn i det fleirkulturelle bygdesamfunnet.....	11
Ryfylkemuseet og den mangfoldige bygda .....	11
Måla med prosjektet .....	12
Skape kjelder av sensitive personopplysningar.....	15
Interessere seg for eit sensitivt saksområde i lokalsamfunnet.....	16
Musea og dei vanskelege spørsmåla .....	17
Barndom og barneoppseding.....	19
Barnets hundreår .....	19
Barneoppsedinga speglar samfunnet .....	21
Barn blir verna gjennom lov.....	22
Kjelder til kunnskap om barndom og barneoppseding.....	25
Aviser .....	25
Facebook .....	25
Saksdokument .....	25
Intervju som primærkjelde .....	26
Intervju med barn .....	27
Å dokumentera lokalsamfunnet.....	27
Museet si rolle og sjølvforståing .....	28
Utfordringa med å forske i eige lokalsamfunn .....	30
Utvælet av informantar .....	31
Foreldre og ungdommar med og utan innvandrarbakgrunn .....	32
Tilsette i det offentlege og frivillige .....	36
Praktisk gjennomføring av feltarbeidet .....	39
Tolk .....	40
Etterarbeid av intervjunmaterialet .....	41
Kjeldeverdien .....	43
Etterprøving og sletting av personidentifiserbart materiale .....	45
Tidlegare forsking og dokumentasjon .....	47
Overrepresentasjon i barnevernsstatistikken .....	47
Konfliktfylt og prega av mistillit.....	49
Ikkje berre kulturelle forskjellar.....	49
Haldingar til det offentlege systemet i Noreg .....	53

Nederlandsk mor og far .....	53
Norsk ungdom .....	54
Å bli sett .....	54
Møtet med barnevernet og skulen .....	55
Kjærleik i barnevernet .....	56
Kompetanse på bygda .....	57
Eritreisk ungdom .....	58
Demokrati og likestilling .....	59
Barnevernet .....	59
Irakisk mor .....	59
Eritreisk mor .....	60
To litauiske mødrer .....	61
Syrisk mor og far .....	62
Betre integrering .....	62
Utanfor .....	63
Innanfor .....	65
Barneoppseding i Noreg og i heimlandet .....	67
Syrisk mor og far .....	67
Ulikskaper mellom kjønna .....	67
Strengare på skulen enn i heimen .....	68
Digitale hjelpemiddel .....	68
Eritreisk ungdom og mor .....	69
Omsyn til samfunnet .....	69
Ulikskaper mellom kjønna .....	69
Nederlandsk mor og far .....	70
Forskjell mellom oppsedinga i Noreg og Nederland .....	71
Norsk mor .....	71
Ulikskaper mellom kjønna .....	72
Norsk ungdom .....	74
Syrisk ungdom .....	75
Irakisk mor .....	76
Rom for mangfold? .....	76
Utfordringar med å ivareta fleirkulturelle familiar .....	79
Behov for tolk .....	79
Dårlege tolkar .....	80

Økonomisk spørsmål? .....	83
Setje av nok tid .....	86
Lova bestemmer, men ikkje når det gjeld kompetansekrav? .....	88
Samarbeid med andre tenester.....	93
Fleire møtepunkt .....	98
Rolla til dei frivillige .....	101
Ein kontaktperson.....	102
Korleis ser frivillige på eiga rolle? .....	104
Kunnskap om innvandrargrupper.....	109
Å læra av gruppa sjølve.....	111
Kjønnsroller og likestilling.....	115
Ullnasjonen Noreg? .....	117
Arbeidsinnvandrarar .....	119
Ulik oppseding .....	120
Tillit.....	123
Å mista tilliten .....	123
Avhengig av tillit.....	123
Forståing er nøkkelen? .....	127
Etterord.....	131
Kjelder .....	135



Ryfylkemuseet hadde formidla det gamle bondesamfunnet i 60 år før innvandringa blei ein del av museumsarbeidet. Bilete er frå Kolbeinstveit, eit av bygdetuna til Ryfylkemuseet. Foto: Jarle Lunde, Suldal foto.

## Forord

Ryfylkemuseet har i mange år jobba bevisst med tema kring mangfold og integrering på fleire nivå. Museet har dermed bygd opp eit nettverk blant innvandrarar i regionen og har gjort erfaringar med å jobbe med tema som kan vere kontroversielle. Det var med den kompetansen i ryggen at museet i 2015 bestemte seg for å utarbeide prosjektet «Barn i Bygda», eit dokumentasjons- og forskingsprosjekt om ei kjenslevar og konfliktfylt problemstilling.

Prosjektet handlar om barneoppseding og forståing av barndom, og undersøker særleg korleis barn og familiar med innvandrabakgrunn blir integrerte i bygdesamfunnet, med særskilt fokus på møte med det offentlege – deriblant barnevernet. Intervju dannar i stor grad grunnlaget for vidare drøfting og konklusjonar. Temaet er både relevant for samfunnet og veldig personleg – og ofte sårbart – for dei involverte, både innvandrarar og tilsette i det offentlege.

Barns oppvekstvilkår, korleis vi oppfattar barndom og kva slags regelverk vi har for vern av barn er i stor grad rotfesta i vår kultur og har endra seg og vakse fram gjennom vår historie. Dermed er ikkje nødvendigvis reglar og haldningar openbare for folk som kjem frå eit anna land. Og offentleg byråkrati og regelverk kan vere vanskelig nok å forstå seg på i eige heimland. Samtidig er særlig språkbarriieren eit hinder for å formidle riktig kunnskap på ein god måte.

Særleg i møte med barnevernet handlar samhandlinga ofte om veldig følsame forhold. Det betyr at følelsar som regel er involvert og små misforståingar kan få store konsekvensar. Den offentlege debatten rundt offentlege tenestar og kritikken mot barnevernet har også ført til at det ikkje alltid er så enkelt for dei tilsette å uttale seg – dei er ikkje überørte, dei heller. Museet ønskjer med prosjektet og den føreliggande rapporten å gi fleire involverte ei stemme i ei form som kan hjelpe med å finne gode løysningar. Vi har ikkje noko intensjon om å peike med fingeren, vi vil bidra til betre forståing.

Prosjektet har på mange måtar vore eit nybrottsarbeid der museet har utforska ukjent terreng. Det seier seg sjølv at det å finne nye stigar i ukjent terreng ikkje er like enkelt og går like jamt som å gå på kjente, vel utbygde vegar. Ryfylkemuseet ønskjer å hjelpe andre museum som vil ta fatt i vanskelege tema. Rapporten vil difor også fortelje om utfordringar vi møtte undervegs og reflekterer over korleis ein kunne ha løyst nokre utfordringar betre.

Musea er samfunnsinstitusjonar som forvaltar mykje av samfunnets felles kulturarv. Dette omfattar etter mi mening ikkje bare ting og kunnskap om tradisjonar og handverk, men også i høgaste grad kunnskap om verdiar, haldningar og kulturhistorie. Vi kan ikkje tillate oss å vere nøgde med å vise fram gamle bygningar og gjenstandar. Å forvalte kulturarven betyr nettopp det at vi må sette historia i ein større samanheng og at vi kan og vil bidra til å forklare korleis og kvifor den norske kulturen og det norske samfunnet er som den er.

Musea som offentleg organisasjonar – men ikkje del av det offentlege tenesteapparatet – og kunnsapsinstitusjon kan og bør vere ein ressurs som bidrar i samfunnsdebatten og som har moglegheit til å vere ein kunnsapsrik stemme som gir ei betre forståing og opnar for dialog. I ei tid med fake news og hatgrupper i sosiale media er det enda viktigare enn før at musea tar til ordet. Som samfunnsinstitusjon har vi ikkje råd til å la vere. Difor er det både ei ære og ei glede for meg å vere med i sluttfasen av dette prosjektet.

Eg håper at mange leiarar får nytte av rapporten og at den blir eit bidrag til både konstruktiv debatt, kritisk refleksjon og ei positiv utvikling av kommunikasjon mellom det offentlege og publikum. I tilfelle nokre leiarar oppleva rapporten som provoserande, så vil eg også påpeike at eg som leiar har lest, diskutert og godkjent alt som står her og at kritikk difor skal rettes til meg.

Sand, 21. juni 2018

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Anna Ehrhardt". The signature is fluid and cursive, with a horizontal line underneath it.

Anna Ehrhardt

Direktør

Ryfylkemuseet

# Barn i det fleirkulturelle bygdesamfunnet

«Vi har andre grenser, og barnas plass i familien er litt annerledes enn her i Norge», sa Gosia Strajak til NRK Rogaland i november 2014.<sup>1</sup> Gosia Strajak var morsmåslærar for polakkar. Ho blei intervjua på ein konferanse arrangert av Universitetet i Stavanger etter ein introduksjon om at innvandrarar ikkje har tillit til det norske barnevernet. Stortingsrepresentant Abid Raja meinte at Noreg måtte bli mykje betre på å forstå kulturforskjellar og måtar å oppdra barn på.

Det hadde vore gale før, men blei verre seinare. I 2016 gjekk ti tusenvis av folk i 22 land i demonstrasjonstog mot det norske barnevernet.<sup>2</sup> I Ryfylke sirkulerer historier om opprivande, vonde og vanskelege barnevernssaker i samtalar mellom innbyggjarar.

Musea er institusjonar som samlar og formidlar kunnskap om kulturelle prosessar. På det beste kan dei fungere som dialoginstitusjonar og bidra til samfunnsforminga. Det var den store ambisjonen Ryfylkemuseet hadde då det i 2015 søkte om midlar til å gjennomføre eit prosjekt om barns oppvekstvilkår i eit fleirkulturelt bygdesamfunn. I denne rapporten skal me fortelja korleis det gjekk.

## Ryfylkemuseet og den mangfoldige bygda

Ryfylkemuseet har arbeidd med innvandring og integrering i meir enn 20 år. Men mest med dei vaksne. Det var dei som var lettast å få auge på. Det var dei som var lettast å få i tale.

Den moderne innvandringa blei for alvor synleg etter krigen i det tidlegare Jugoslavia på 1990-talet. Andelen innvandrarar i kommunane i Ryfylke var likevel liten så seint som ved tusenårsskiftet. Prosentandelen av det samla talet på innbyggjarar i kommunane varierte mellom 1,6 og 4,1%, der Suldal, som hadde vore mellom dei ivrigaste med å ta i mot flyktningar, var den kommunen som hadde størst innvandrabefolking. I 2017 hadde andelen innvandrarar auka til mellom 4,2 og 11,3%, samla for heile Ryfylke var andelen på 6,4%. Det er industrikommunane Sauda og Strand som har minst prosent av innvandrarar, mens landbrukskommunane Finnøy og Hjelmeland har størst prosent.<sup>3</sup>

Museet tok opp problemstillingar knytt til oppbrotet, reisa og strevet med å etablere seg i eit nytt land og leve i diaspora, endringane frå relativt homogene til fleirkulturelle bygder, religionsmøte i bygder som var sterkt prega av bedehusrørsla og arbeidsinnvandringa frå aust og vest i Europa. Det har ikkje alltid vore like lett å få til eit representativt utval av informantar. Det har likevel blitt samla inn eit rimeleg bra materiale om korleis innvandrarar har opplevd møtet med bygda, men museet veit for lite om korleis bygdefolket har opplevd innvandringa, og me veit nesten ingenting om barna. Innvandring og integrering skaper nokre av dei største utfordringane norske lokalsamfunn står over for, men det er mange spørsmål som det ikkje finst svar på.<sup>4</sup>

<sup>1</sup> NRK Rogaland 2014

<sup>2</sup> Skogstrøm 2016

<sup>3</sup> Statistisk sentralbyrå 2017

<sup>4</sup> Høibo 2016

Gjennom eit samarbeid med Stiftinga Rasmus Løland-markeringa bestemte museet seg for å styrke arbeidet med barn og unge. Ambisjonen var ikkje mindre enn å etablere eit senter for barnekultur. Frå 2010 og frametter fekk sentertanken støtte frå Suldal kommune, Rogaland fylkeskommune og Kulturdepartementet, attåt ein mindre sum frå stiftinga. Det første konkrete tiltaket var produksjonen av barneutstillinga «Kvitebjørnen» som opna i 2011.

I 2015 søkte museet Norsk Kulturråd om midlar til å utforske barnas møte med det norske, og fekk pengar som rakk om lag til eit årsverk. Det var ein god start. Museet hadde store ambisjonar, og trudde det skulle koma langt. Men prosjektet møtte problemstillingar som me ikkje hadde tenkt på, og oppdaga at ein kjem ikkje så langt med eit årsverk i møte med så store utfordringar som granskning av barnas møte med det norske bygdesamfunnet kan by på.



Figur 1 Barnevernet har kome i miskredit både mellom innvandrarar og ute i verda. Det er Facebook-grupper og store demonstrasjonar mot det norske barnevernet i mange land. Foto frå Facebook-gruppa "Stop Barnevernet in Norway".

## Måla med prosjektet

Utgangspunktet for prosjektet Barn i bygda er at mange innvandrarar er redde for barnevernet og/eller andre offentlege tenestar. Innvandrarar sitt møte med barnevernet har vore mykje framme i ulike media dei siste åra, både lokalt i Ryfylke, og i nasjonale og internasjonale media. Medieoppslaga har omhandla ulike tema, til dømes innvandrarforeldre som fryktar at barnevernet skal ta frå dei barna, spesifikke saker der barnevernet har overteke omsorga for barna, at barnevernet ikkje har tilstrekkeleg kulturforståing og ulike ekstreme påstandar særleg i internasjonale media, til dømes at barnevernet tek barn med innvandrarbakgrunn for å få betre samansetning av genane i den norske delen av befolkninga.<sup>5</sup> Oppslaga har handla om

<sup>5</sup> Trommald 2016

innvandrarár frå blant anna Polen, Romania, Somalia, Litauen, Russland, India, Eritrea, Irak og Tsjekkia. Det er altså ikkje knytt til eit særskild land eller ein verdsdel.

I eit samanliknande forskingsprosjekt som omhandla barnevernet i Noreg, USA, England og Finland, kom det fram at når barn blir tekne av barnevernet, så skjer det mykje oftare i marginaliserte familiær. Dette er familiær som kan slite med rus og/eller psykiske lidingar. I tillegg har dei ofte dårleg økonomi og låg utdanning.<sup>6</sup> Mange innvandrargrupper er særleg råka av dårleg økonomi. Sjølv om det er mange ressurssterke innvandrarár og norskfødde med innvandrarforeldre, er det likevel slik at denne gruppa generelt sett har lågare inntekt enn resten av befolkninga. I ein artikkel om inntektsstatistikk over innvandrarár frå SSB, kjem det fram at forskjellane mellom medianinntekta per forbrukseinskap i heile befolkninga er på 325 000 kroner etter skatt i 2012, mens den er på berre 252 000 for innvandrarár.<sup>7</sup> Vidare står det at det er store skilnader når det gjeld landbakgrunn:

*«Mens innvandrere fra EU-land som Storbritannia, Danmark og Sverige hadde inntekter på nivå med, eller høyere enn, medianinntekten for hele befolkningen, hadde innvandrere fra land som Eritrea, Afghanistan, Somalia og Irak medianinntekter på mellom 50 og 60 prosent av hele befolkningens medianinntekt i 2012.»<sup>8</sup>*

Nokre innvandrargrupper har også låg yrkestilknyting og lever på sosiale stønader. I SSB artikkelen, kjem det til dømes fram at der hovudinntektstakaren hadde bakgrunn frå Somalia, var inntekta i hushaldninga gjennomsnittleg 43 prosent frå yrker, mens denne prosenten er 71 prosent for befolkninga som heilskap.<sup>9</sup> Blant dei som har jobb, er det også ein del som har låg inntekt. I ein rapport frå SSB i 2017 kom det fram at 38 prosent av barn av innvandrarár lever i familiær med låg inntekt, mot 5,4 prosent av barn utan innvandarbakgrunn.<sup>10</sup>

At det er så mange landbakgrunnar involvert når det gjeld medieoppslag om innvandrarár og barnevernet, seier noko om motstanden det er mot barnevernet blant innvandrarár i Noreg. Det tyder på at kommunikasjonen mellom barnevernet og innvandrargrupper ikkje er særleg god. Kvifor er det så mykje mistillit til barnevernet? Kva kan ein gjera for å betre forholdet? Dette er noko museet ville sjå nærare på med dette prosjektet. Museet meiner at eit viktig utgangspunkt er å få meir kjennskap til barneoppseding i fleirkulturelle bygdesamfunn, difor har me blant anna intervjua foreldre og ungdommar med og utan innvandarbakgrunn.

I søknaden til Kulturrådet blei måla med prosjektet formulert på denne måten: *Målet med prosjektet er å betre forstå barns oppvekstvilkår i eit fleirkulturelt bygdesamfunn.* Betre kunnskap om ulike måtar å forstå barndom og barneoppsedinga på, trudde me kunne bidra til ein betre dialog mellom innvandarfamiliær og offentlege tenester i kommunane, og såleis ei betre handtering av korleis innvandrarár blei tatt i mot på.

---

<sup>6</sup> Amundsen 2016

<sup>7</sup> Statistisk sentralbyrå 2014

<sup>8</sup> Statistisk sentralbyrå 2014

<sup>9</sup> Statistisk sentralbyrå 2014

<sup>10</sup> Statistisk sentralbyrå 2017

Etter kvart som prosjektet kom i gong blei dette målet meir konkretisert og snevra inn med ei hovudproblemstilling og nokre underproblemstillingar. Hovudproblemstillinga er: *Korleis blir barn og familiar med innvandrarbakgrunn integrert i Ryfylke, og korleis har hjelpa frå det offentlege vore i denne integreringsprosessen?*

---


*Korleis blir barn og familiar med  
innvandrarbakgrunn integrert i Ryfylke, og korleis  
har hjelpa frå det offentlege vore i denne  
integreringsprosessen?*

---

Sentrale underproblemstillingar er korleis foreldre og barn oppfattar at oppsedinga er blant nordmenn og korleis dei meiner at oppsedinga er i deira heimland. Me kjem også til å komme inn på korleis dei meiner dei sjølve er blitt oppsett og korleis dei har oppdratt eigne barn. Eit viktig fokus vil vera kva verdiar og haldninga dei synest det er viktig å leggje vekt på i oppsedinga. Vidare kjem me inn på korleis ein tilpassar seg ei ny røynd i eit nytt land, og korleis hjelpa frå det offentlege har vore i denne prosessen.

Hos det offentlege og frivillige hjelpeapparatet har det vore viktig å få veta korleis ein tilpassar sine arbeidsoppgåver og –metodar for å ivareta fleirkulturelle familiar på best måte, kva utfordringar ein møter i dette arbeidet, korleis ein handterer desse utfordringane, og korleis ein opplever samarbeidet med andre offentlege tenester i arbeidet med å ivareta innvandarfamiliar.

## Skape kjelder av sensitive personopplysninger



Før Ryfylkemuseet kunne få konsesjon for innsamling av dei opplysningsane som skulle ligge til grunn for prosjektet, måtte museet utarbeide internkontroll etter personopplysningsforskrifta.

plassering og avgrensa tilgang. Musea har oppfatta seg som viktige minneinstitusjonar som skulle samle og oppbevare historisk materiale i eit langt tidsperspektiv. Dette er ei oppfatning som har funne støtte i utgreingar og meldingar frå Kulturdepartementet. Dette er truleg grunnen til at musea i liten grad har tatt inn over seg lov og forskrift om handtering av personopplysningar som kom i 2001.

I forskrifa til lova er det dessutan i §7-27 gjort unntak for forskingsprosjekt. Men unntaket gjeld berre dersom det er tilrådd av personvernombod. Det er få eller ingen museum i Noreg som har personvernombod.

Ryfylkemuseet fann det nødvendig å søke Datatilsynet om konsesjon for innhenting av dei personopplysningsane som skulle samlast i prosjektet. Søknaden blei sendt 10. oktober 2016. Svaret kom 19. desember. Svaret var at Ryfylkemuseet ikkje kunne få konsesjon då museet ikkje hadde etablert internkontroll i forhold til «informasjonssikkerhetsbestemmelsene» i personopplysningsforskrifta. Dermed måtte museet ta fatt på dette arbeidet, og prosjektet blei sett på vent i nokre månader til.

Utfordringa vår var at det ikkje var råd å finne nokon som hadde gjort denne jobben før. Museums forbundet, som er museas interesseorganisasjon, var heller ikkje på banen. Ryfylkemuseet måtte i gang med eit nybrotsarbeid. Det låg rett nok føre omfangsrike

Kunnskapsgrunnlaget måtte etablerast gjennom eit feltarbeid som omfatta både observasjon og intervju med alle partar, det vil seia barna, foreldra og dei offentlege tenestane. Me skjønte at det kunne by på utfordringar, men var ikkje budde på alle utfordringane som kom. I kapitelet om arbeidsmåtar og –metodar nedanfor, skal eg som har hatt den direkte kontakten med informantane, gjennomført intervju og tolkinga av dei, gjera nærmare greie for utfordringane i arbeidet med utval av og møte med informantane. Det tok derimot tid før me kom så langt.

Den første utfordringa var handteringen av personopplysningar. Musea har i alle år handtert slike opplysningar, anten dei ligg føre i form av opplysningar knytt til bygningar, gjenstandar, foto, arkivalia eller materiale som var skapt av musea sjølve, som t.d. intervju og nedteikningar av ulike slag. Musea har innretta seg etter det etiske regelverket for samlingar, særleg det regelverket som er utvikla av The International Council of Museums (ICOM), og elles sikra materialet gjennom fysisk

rettleiingar og malar frå Datatilsynet, men det kunne verke som om desse var utarbeidde med tanke på større og meir komplekse organisasjonar enn Ryfylkemuseet, og for bedrifter der risikoen kunne sjå ut til å vera større. Dei generelle retningslinjene til Datatilsynet var heller ikkje tilrettelagt for museum som minne- og forskingsinstitusjonar.

Det siste er eit kritisk punkt som nokon på høgare nivå enn Ryfylkemuseet må ta fatt i. Hovudregelen i Personopplysningslova er at personopplysningar skal slettast når formålet med behandlinga er oppnådd. For eit museum vil formålet med innsamling av materiale generelt ha eit langsigtig perspektiv, og resultata som blir publisert skal dessutan vera etterprøvbare. Det betyr at kjeldene må vera tilgjengelege for andre enn den som har produsert publikasjonen eller utstillinga også i ettertid. Krava til Datatilsynet om sletting av materiale går ikkje i hop med oppgåva til musea som forskingsinstitusjonar.

---

*Dei generelle retningslinjene til Datatilsynet er  
ikkje tilrettelagt for musea som minne- og  
forskinsinstitusjonar*

---

Ryfylkemuseet hadde ein plan for handtering av personopplysningar ferdig 10. februar 2017. 14. mars kunne Datatilsynet melde at museet fekk konsesjon for behandling av sensitive personopplysningar.

I mai 2018 blir EUs forordning for personvern norsk lov. Dette fører til nye plikter og skjerpa krav til personvernet. Mange verksemder må opprette personvernombod. Dette gjeld truleg også musea.

Musea har ein jobb å gjera i forhold til personvernlova. Det er neppe noko grunnlag for å ignorere lova lenger. På den andre sida er det behov for ein overordna dialog med Datatilsynet om museas behov for å ta vare på kjeldemateriale over lang tid. Det må ei avklaring til før viktig kjeldemateriale går tapt fordi enkeltmuseum må rette seg etter krava om sletting av personopplysningar etter at formålet med behandlinga er oppnådd.

### **Interessere seg for eit sensitivt saksområde i lokalsamfunnet**

Det er ikkje så mange som likar å bli sett i korta, heller ikkje barnevernet. Ei forsiktig mediemerkeemd fekk varselklokkan til å ringe i vertskommunen til Ryfylkemuseet, altså Suldal kommune. Ordføraren meldte at det murra i kommunen, og barnevernet var uroa for kva retning prosjektet skulle gå i, til dømes om museet i tilstrekkeleg grad var bevisst kor viktig det var å verne barna i enkeltsaker. Ei misforståing oppstod truleg av at prosjektet blei framstilt i media som om det berre skulle handle om kommunen Suldal. Noko som sjølv sagt ville gjort det svært vanskeleg om ikkje umogleg å anonymisera informantane og tredjepersonar - altså personar som informantane snakkar om. Ordføraren etterspurde difor dialog og informasjon. Det var i tråd med planen og ynskja våre, men her hadde me altså ikkje lykkast heilt med dette. Før ordføraren tok kontakt hadde me allereie hatt eit møte om prosjektet med barnevernsleiaren i kommunen, men dette var mykje tidlegare i prosessen.

Dermed var det mykje som var uklart slik at det var vanskeleg å gå i detaljer på korleis prosjektet skulle gjennomførast. I april 2017 kom det i stand eit nytt møte. Helsesjefen, barnevernsleiar og ei av dei tilsette møte frå Suldal kommune, prosjektmedarbeidaren og rettleiarene frå Ryfylkemuseet.

Det er interessant at ordføraren formidla uroa i kommunen til ein formidlar mens ho var på eit arrangement på museet. Altså ikkje til dei av oss som hadde direkte med prosjektet å gjera, eller til direktøren som har det overordna ansvaret. Dette viser at alle som jobbar ved ein institusjon, kan bli sett på som representantar for alle prosjekt som institusjonen gjennomfører, eller i alle fall med god kjennskap til alle prosjekt. Truleg er dette særleg tilfelle i eit lite lokalsamfunn, og når det gjeld små institusjonar som Ryfylkemuseet. Det kan vera problematisk når det handlar om eit kontroversielt og komplekst prosjekt som dette. Og ikkje minst eit prosjekt der ein på grunn av personvernet ikkje har kunna delt så mykje undervegs til resten av personalet. Rett nok har me delt det me har hatt moglegheit til, men prosjektet har nok likevel verka nokså diffus for mange. Desto vanskelegare er det for tilsette som ikkje har vore direkte involvert, å kunne møte reaksjonar i lokalsamfunnet. Råda og oppfordringa frå direktøren, har vore at reaksjonar skulle sendast vidare til direktøren eller oss som har jobba med prosjektet, men det er nok ikkje naturleg å vidareformidle om ein får eit spørsmål frå nokon på ein pub eller i ein anna svært uformell setting. Kor vidt dette har gått føre seg veit me ikkje, for me som har jobba direkte med prosjektet har ikkje høyrt noko anna enn den nemnde formidlinga frå ordføraren.

Møtet med barnevernet og dei andre involverte, blei udramatisk. Då museet hadde fått orientert om måla for prosjektet, arbeidsmåten og planen om muleg publisering av resultata, og avkrefta mistanken om manglende personvern, fekk me inntrykk av at barnevernet og helsesjefen blei roa.

Sjølv om det ikkje var dette som blei framheva frå ordførar og barnevernet si side, kan det hende at denne hendinga avdekkja ei uro over at andre byrja å stille spørsmål knytt til saksområde ein sjølv hadde eit eigarskap til, og at eit museum skulle vera institusjonen som ville stille slike spørsmål. Museet var ikkje lenger der ein trudde det skulle vera. Det skapte kanskje uro hos nokon, men kunne gjera det meir relevant for andre.

## Musea og dei vanskelege spørsmåla

Ryfylkemuseet er ikkje det einaste museet som har trødd ut av komfortsona. ABM-utvikling oppmuntra til å ta opp vanskelege tema eller problemstillingar i prosjektet Brudd<sup>11</sup>, og Norsk ICOM tok i ein publikasjon i 2016 opp etiske problemstillingar knytt til ei meir aktiv samfunnsrolle for musea.<sup>12</sup>

Ryfylkemuseet hadde lenge vore inspirert av eit fruktbart og konstruktivt samarbeid med Down County Museum i Downpatrick, Nord-Irland. Det var eit museum som gjekk aktivt inn i den vanskelege konflikten i landsdelen, og som brukte sin kompetanse til å forklare og formidle samanhengar som ikkje var openberre når dei blei tolka inn i ein religiøs og politisk kontekst.

<sup>11</sup> Holmesland, Slettevåg & Frøyland 2006

<sup>12</sup> Pabst, Johansen & Ipsen 2016

Då det relativt homogene sosiale og kulturelle landskapet i Ryfylke blei utfordra av innvandringa på 1990-talet, var det naturleg å sjå på historia til dei nye ryfylkingane som ein likeverdig del av oppgåvene til museet, og det var dess meir interessant å sjå korleis ei relativt stor innvandring påverka dei kulturelle prosessane i bygdene. Dette førte til ei rekke dokumentasjons-, integrerings- og formidlingsprosjekt frå 1998 og frametter, der arbeidet med barndomsforståinga og barneoppsedinga er det førebels siste.<sup>13</sup>

Nokon kunne nok sjå med undring på denne prioriteringa, men det har vore enkelt å argumentere for at det må vera ei viktig oppgåve for eit museum å søke å kartlegge og forklare kulturelle prosessar som følger av endringar i busetnaden, bakgrunnen, aktivitetane og interessene til dei som bur i arbeidsområdet til museet. Det er det musea alltid har drive med.

---

*Det må vera ei viktig oppgåve for eit museum å  
søke å kartlegge og forklare kulturelle prosessar  
som følger av endringar i busetnaden, bakgrunnen,  
aktivitetane og interessene til dei som bur i  
arbeidsområdet til museet.*

---

Ryfylkemuseet har samtidig arbeidd aktivt med folkemusikk, husflid, tradisjonshandverk og bygningsvern. Dette har truleg gjort at få har kjent seg framandgjorte i museet. På den andre sida er det mange som har fått ein ny «heim» i museet. Integreringstiltak som praksisplassar, tilsetting av folk med innvandrarbakgrunn, og invitasjon til kafékveldar og større arrangement har gjort museet til ein viktig møteplass for innvandrarbefolkinga og for møte mellom innbyggjarar med og utan innvandrarbakgrunn.

Musea bør ikkje vera redd for å ta fatt i utradisjonelle tema, men tilliten til eigen kompetanse kan vera overdriven. Den kompetansen musea har opparbeidd i arbeidet med tradisjonelle tema, treng ikkje vera tilstrekkeleg for å møte dei nye utfordingane. Det kjem denne rapporten til å handle noko om.

Ei hovudutfordring er at den sjølvsagte kunnskapen nordmenn har om samfunnsstruktur og institusjonar ikkje er sjølv sagt hos innvandrarane. Dersom ein er skremt av barnevernet, er det ikkje godt å veta kva ærend museet har. Og det blir ikkje betre av at den samtalene museet ber om, må starte med eit regelverk og eit samtykkeskjema for å tilfredsstilla krava i personvernlova. Den tilliten som er nødvendig for å få førstehandsinformasjon om erfaringar og kunnskap er ikkje automatisk til stades, og det er ikkje så lett å bygge han opp på tvers av mangelfulle språkkunnskapar.

Kan hende er det andre arbeidsmåtar og eit lengre tidsperspektiv enn det ein stutt prosjektperiode gir, som er nødvendig for å kunne koma til botnar i vanskelege problemstilling

---

<sup>13</sup> Til dømes Høibo 1999, Høibo & Høibo 2002 & Ramstrøm 2005

## Barndom og barneoppsending

Sidan 2014 har det stått i Grunnlova at barn har krav på respekt for sitt menneskeverd. Dei har rett til å bli hørt i spørsmål som gjeld dei sjølve, og meiningane deira skal tilleggas vekt heilt ned i 12 års-alderen. Dette er førebels slutten på ei lovgiving som gjennom ein lang periode har gitt barn stadig sterkare vern og tydelegare rettar.

Utviklinga av ein definert barndom ser først ut til å ha funne stad innanfor ein borgarleg kultur. «*Om tvåsamheten var den första byggstenen i den nya familjeideologien var föräldraskapet den andra*», skriv Löfgren.<sup>14</sup> Han peikar på at utviklinga kan førast tilbake like til 1500-talet, men at endringane i barndomsforståinga og synet på barneoppseding særleg må sjåast på som følgjer av endringane i klassesamfunnet på 1700-talet og ei brei utvikling i synet på kunst, litteratur, arkitektur, mote med meir på 1800-talet. Det særleg iaugefallande er at ein begynner å sjå på barnet som eit individ heilt skild frå dei vaksne og barndomen som ein periode kjenneteikna av leik.<sup>15</sup>

### Barnets hundreår

Det er likevel 1900-talet som kom til å bli kalla barnets hundreår, særleg med bakgrunn i ei bok av Ellen Key med same tittel. I Sverige kjem det nye synet på barnet med anna til uttrykk i akvarellande til Carl Larsson frå Sundborn der:

*«solljuset illudera ett minne av barndomen som ett ständigt sommarlov, en egendomlig parantes i vår livscykel bestämd av särskilda lagar; hela denna emblematik av trädvärd, utklädsel, tittut, gassiga bad och kräftfiske som existerar mer i målaren fantasii än i verklighetens regninga gnat»<sup>16</sup>.*

I Noreg er Åse Enerstvedt ein av pionerane i granskninga av barn og leik. Ho er, i likskap med svenskane me viser til ovanfor, klar over at bildet er nokså nyansert. For det første er leik noko som kan sjå ut til å ha eksistert til alle tider og i alle aldrar. Det andre, og kanskje det viktigaste er likevel ein observasjon av at synet på barn, barndom og oppseding skiftar sterkt både i eit geografisk og eit sosialt perspektiv. Enerstvedt viser m.a. til ei undersøking av Martha Wolfenstein som fann store skilnadar i måten å behandle barn på mellom foreldre i Frankrike og USA.<sup>17</sup> Det er altså ikkje noko nytt at foreldre frå ulike land har ulikt syn på kva som er det beste for barna. Og som alle forfattarane peikar på, det er skilnad på «bondens barn og borgarens», barn frå arbeidarklassa og barn frå middelklassa.

Synet på barnet heng saman med synet på familien og kvenna. Mens kvenna i akvarellverda til Carls Larsson blei framstilt som «*den improduktiva borgarhustrun, sysselsatt med barnens vård och hemmets ideologiska plikter*»<sup>18</sup>, var familien på garden og i arbeidarheimen framleis ei produksjonseining der alle måtte delta.

---

<sup>14</sup> Frykman & Löfgren 1979

<sup>15</sup> Ambjörnsson 1978

<sup>16</sup> Ambjörnsson 1978

<sup>17</sup> Enerstvedt 1971

<sup>18</sup> Ambjörnsson 1978

---

*Det er ikkje noko nytt at foreldre frå ulike land har ulike syn på kva som er til beste for barna.*

---

Endringane i produksjonsmåtane gjorde at haldningane til synet på barneflokkane endra seg. Mens barna var ein viktig del av produksjonsfellesskapet var mange barn ein ressurs, også som del av eit utbreidd tenarskap, men då produksjonen blei flytta ut av husstanden og over i ein sterkare marknadsstyrt økonomi, blei arbeidskrafta lønna yrkesarbeid.

*«Det var de mannlige tjenere som først ble borte fra husstandstilknytning i annen families tjeneste, mens tjenestejentene for en tid ble alene tilbake. Men i tiden fram til annen verdenskrig forsvant også de over i annet yrkesarbeid som fristet mer»,*

skriv Sølvi Sogner<sup>19</sup>, sjølv om me ikkje skal ta det heilt bokstavleg. Både på bygda og i byen har me nok av forteljingar om unge kvinner som tok seg huspost også etter andre verdskrigen.

Nærstudiar frå Ryfylke stadfestar biletet av barn og unge som del av produksjonsfellesskapet og mindre som ein eigen kategori med sitt eige liv langt opp mot vår eiga tid. Dette kjem blant anna fram i eit intervju med Hilda Århus, født 1916, som hadde vakse opp på det som seinare blei museumsgarden Kolbeinstveit:

*«ungane var med på det meste frå dei var små, sjølv om ikkje alt var like produktivt arbeid. På denne måten lærte ungane om arbeidsmåtar og prosessar, og dei blei vant til meir ansvar etter kvart som dei vaks opp. Ungane gjekk gjerne til hånde eller sprang ørend. Hilda, som var ungdom, fortel at dei var «fulle arbeidsfolk». Når eg spør kva dei gjorde på fritida, kjem det kontant svar: «Me var slitne». Det var nok ikkje alt som var like kjekt. Hilda og søstera skifta på å vera heime, medan foreldra var på stølen. Dei hadde ei jente til å hjelpe seg, men likevel blei det mykje arbeid på dei som var att heime, med hus- og gardsarbeid.»<sup>20</sup>*

For gutar som vokste opp i bygda på denne tida var lange og stundom både våte og kalde økter som hjuring (gjetar) på stølen ein del av røyndomen frå tidleg barndom.

Likevel kan me også her dokumentere at det skjedde noko ved inngangen til 1900-talet. Ernst Berge Drange har følgt det han kalla 98-generasjonen frå Sand i Ryfylke. Det første han finn er at det framleis var mange som døydde tidleg, og som ikkje levde så lenge at dei blei konfirmerte. Men mellom dei som overlevde var det mange som flytta ut. Landet var inne i ein høgkonjunktur, ny teknologi slo inn på mange område, det var ei optimistisk tid, og det var betre framtidsutsikter i byane og på nye industristader enn i bygda. Dessutan baud det seg nye utvegar til utdanning for eit anna liv. Sand Millomskule, ein to-årig skule for landsungdom, tok til så tidleg som i 1913. Det var likevel slik at gutane kunne drøyme om, mens dei venta på ein høveleg friar, var hushjelp i byen.<sup>21</sup>

---

<sup>19</sup> Hodne & Sogner 1985

<sup>20</sup> Paulsen 2004

<sup>21</sup> Drange 1998

Men oppgangstida kom ikkje til å vare. Første verdskrigen og mellomkrigstida førte til at mange ungdommar blei varande i bygda. Det var vanskeleg å skaffe seg fast arbeid, og på gardane var det framleis behov for mykje arbeidskraft i onnene. Njål Tjeltveit undersøkte forholda i Hjelmeland og fann ei ungdomstid som var prega av arbeid og små voner for framtida. Det snudde att først etter andre verdskrigen. Det blei lettare å skaffe seg både utdanning og jobb, og ungdommen reiste frå Ryfylke i så stor grad at det etter kvart kom til å stå fram som ei eksistensiell utfordring for dei små bygdesamfunna i regionen. Det var først med innvandringa frå slutten av 1900-talet at folketalet igjen kunne vise tendens til stabilisering og kanskje auke nokre stader.<sup>22</sup>

### Barneoppsedinga speglar samfunnet

Barneoppsedinga vil avspegle det samfunnet barnet veks opp i. Dessutan er det vist at foreldre har ein tendens til å oppdra barn etter den måten dei sjølve blei oppdratt på. Barneoppsedinga kan såleis bli liggande noko etter utviklinga i samfunnet. Men ettersom barneoppseding i hovudsak var noko kvinner dreiv med, er dette eit felt som er mindre utforska.<sup>23</sup>

«*I jordbruksamfunnet var arbeidet hovudinnhaldet i barneoppdragelsen*», skriv Ida Blom. Barnearbeidet var, mellom husmenn, småbrukarar og småkårsfolk, ein viktig lekk i familieøkonomien, og ei førebuing både for jenter og gutter på kva som skulle til for å livberge ein familie. Det var ikkje annleis i byen, men skuletilbodet var meir omfattande, og det var skilnad både på kva praktiske fag gutter og jenter fekk opplæring i og omfanget av den praktiske opplæringa. Mens jentene måtte lære seg handarbeid, og kanskje på kostnad av teoretiske fag. Jentene hadde dessutan større fravær fordi dei i større grad måtte vera heime og sjå etter småsøsken.<sup>24</sup>

I den meir velståande delen av samfunnet var idealet at jentene skulle bli oppdratte til å bli mødrer og gode hustruer, mens gutane måtte førebu seg på ansvaret for å forsørge ein familie. Jentene skulle lære seg å virke i heimen, mens gutane skulle virke i samfunnet, i det offentlege. Det praktiske arbeidet var framleis det viktigaste for jentene, men det kunne også vera nyttig å lære litt språk, litt historie, geografi, for ikkje å gløyme bibelhistorie. For gutane kunne det forsprangset dei hadde fått i grunnskulen, eller kanskje gjennom privatundervisning hos dei best stilte, vidareførast i latinskulen, og for nokre få, på universitetet.

Ideala frå borgarskapet slo etter kvart også inn i det allmenne skuleverket. Skulekjøkkenet kom inn i læreplanen for jentene, og blei i folkeskulelova av 1936 gjort obligatorisk. Matlaging, husarbeid og spedbarnsstell blei eit hovudinnhald i ei husmorrolle som ikkje i like stor grad omfatta deltaking i produksjonen, skriv Ida Blom. Men her må me igjen nyansere bildet med stoff frå Ryfylke. I eit dokumentasjonsarbeid om kvinnearbeid i mellomkrigstida, kjem det tydeleg fram at kvinnene ikkje berre hadde ansvar for det som gjekk føre seg innomhus, men tok òg fjøsstellet og var med ut i onnene når det var behov for det. Og mens mennene kvilte ut etter middagen, tok kvinnene seg av oppvasken og stelte til kaffi før ein gjekk ut att til ettermiddagsøkta. Det var først mot slutten av mellomkrigstida, og særleg etter

<sup>22</sup> Tjeltveit 1998

<sup>23</sup> Blom 1985

<sup>24</sup> Blom 1985

andre verdskrigen ein såg ei endring i arbeidsdelinga der mennene i større grad overtok ansvaret for fjøset.<sup>25</sup>

## Barn blir verna gjennom lov

«Arbeidslinja» fekk sitt første nederlag då me i 1892 fekk ei lov som regulerte barnearbeid i industrien. Men dette var ei lov som i første omgang fekk noko å seia for gutane. Men for jentene, som i større grad var engasjerte i husarbeid og arbeid på gardane, fekk lova lite å seia.

I starten på 1900-talet vokste engasjementet for å verne barna, kjente kvinnedagskvinner som Gina Krog (1847-1916) kravde betre vern for ugifte mødrer og auka barnebidrag. Det store gjennombrotet var «De Castbergske barnelover» som blei vedtatt i 1915, og som m.a. handlar om ansvar for og forsorg av barn. Først etter andre verdskrig starta arbeidet med revidering av barnelovane. I 1947 sette Sosialdepartementet ned ein barnevernkomité som etter kvart kom med ei rekke innstillingar om endringar i lovgiving som handlar om barn.<sup>26</sup>

I 1981 kom ei lov om barn og foreldre som erstatta to tidlegare lovar frå 1950-talet. Lova omfattar føresegner om farskap, foreldreansvar, samværsrett og underhaldsplikt. Same året kom det ei lov om barneombod som la grunnlaget for at Noreg, som det første landet i verda, oppretta eit barneombod. Ombodet har til oppgåve å fremje barns interesser overfor det offentlige og private, og følgje med i utviklinga i barns oppvekstvår.

Medvitet om at barn trøng eit særleg vern blei ytterlegare styrka med FNs barnekonvensjon frå 1989. Her blir det slått fast at barn har rett til å vera trygge og ha det dei treng, og at Staten har eit ansvar for at dette skjer.

I 1992 fekk me Lov om barneverntenester som har til formål «*å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår*». <sup>27</sup>

Gjennom lova fekk barnevernet heimel for ei rekke hjelpetiltak som kunne settast inn til støtte for barn og foreldre i heimen, som praktisk og økonomisk hjelp og støtte, oppnemning av støttekontaktar, plass i barnehage, stimulering til opplæring og aktivitetar, og støtte til unge ved etablering utanfor heimen.

Barnevernet fekk og heimel for omsorgsovertaking. For å sikre barn mot overgrep og omsorgssvikt kan barnevernet overta omsorga for barn, anten med samtykke frå foreldra, men og gjennom tvangsvedtak. Når barnevernet overtar omsorga blir barna plasserte i institusjonar eller i fosterheimar.

Vedtak om omsorgsovertaking blir gjort av ei fylkesnemnd etter innstilling frå kommunane. Vedtak i fylkesnemnda kan bringast inn for retten, og partane har rett til fri rettshjelp. Det er kommunane som har ansvar for å følgje opp vedtak. Det er desse vedtaka som har ført til demonstrasjonar mot Noreg i mange land og behov for store konferansar, som til dømes den siterte frå Universitetet i Stavanger heilt i starten av denne innleiinga.

---

<sup>25</sup> Høibo 1982

<sup>26</sup> Store norske leksikon 2018

<sup>27</sup> Barnevernloven 1992: § 1-1

Innvandringa ser ut til å utfordre forståinga av barndom, foreldreskap og barneoppseding. Det er openbart at store innvandrargrupper ikkje deler barnevernets syn på kva som er til barnas beste, men dei har kanskje ikkje det same synet på barnet som sjølvstendige individ og rettane til barnet som er nedfelt i lovgiving om barn i Noreg heller.

---

*Innvandringa ser ut til å utfordre forståinga av barndom, foreldreskap og barneoppseding.*

---

Museet kan ikkje ha som mål å bygge bru over den store konflikten som har utvikla seg mellom barnevernet og ein del innvandrargrupper, men me har hatt som ambisjon å gi eit lite bidrag til å forstå grunnlaget for at oppfatninga av barns beste er så ulik. Me skal nedanfor gjeie for korleis me har arbeidd med å skaffe oss kunnskap om korleis møte mellom ulike syn på barndom og barneoppseding har arta seg i Ryfylke i vår tid, og kva resultat me har kome fram til så langt.



## Kjelder til kunnskap om barndom og barneoppseding

Som nemnd i førre kapittel er det eit visst kunnskapsmateriale når det gjeld fleirkulturelle familiar sine møte med barnevernet, og også andre tenestar om då i noko mindre grad. Verre er det med kunnskap som dreier seg konkret om vår region. Så vidt me kan sjå er det ingen som har forska på eller forsøkt å dokumentera i noko større omfang korleis fleirkulturelle familiar opplever møtet med ulike offentlege tenestar og motsett. Og korleis ein opplever det å oppdra barn i ein framand kultur på generell basis.

### Aviser

Om det ikkje finnes noko systematisk kunnskap om dette, finn me oppslag i dei lokale avisene frå ulike saker. Her skal det rett nok seiast at det ikkje er all informasjon som er like lett tilgjengeleg. Nokre lokalaviser har til dømes arkiv og søkjemotorar som gjer det enkelt å finne tilbake til fleire år gamle saker. Eg har ikkje hatt kapasitet til å gå gjennom alle lokale aviser i papirformat, dermed er utvalet av lokalaviser noko selektivt og eg har dermed ikkje oversikt over eit representativt utval av saker som har vore i media i regionen dei siste åra.

### Facebook

Elles finnes også ulike facebookgrupper og –sider mot barnevernet, til dømes gruppa «Barnevernet vil vi ha fullstendig fjernet».<sup>28</sup> Dette er berre ei av hundretals grupper og sider med varierande tal på medlemmar, og på norsk og engelsk. Den nemnde gruppa er blant dei største og har over 18 000 medlemmer i april 2018, og blant desse finn eg nokre innbyggjarar med og utan innvandrarbakgrunn frå regionen vår. Gruppa er ope for alle, så kven som helst kan sjå kva som blir skrive her. Her blir til dømes leiaren i Bufdir Mari Trommald, uthengt i fleire innlegg. Under eit biletet av Trommald lagt ut i januar 2018, står det at ho: «Blir mer og mer lik bilde i hodet mitt, som jeg har av hekser i heksedans på blokksberg skal vi spleise på en sopelime til henne??» Ein anna stad står det at: «Bufdir Direktor Mari Trommald runs Norway's largest human trafficking company.»

Ein gjennomgang av mange av namna til medlemmene i denne gruppa, tyder på at dei sterke protestane mot barnevernet i like stor grad kjem frå innbyggjarar i Noreg utan innvandrarbakgrunn som innbyggjarar med innvandrarbakgrunn. Fleirtalet av administratorane og moderatorane har til dømes norsklydande fornamn og etternamn. Desse facebookgruppene og –sidene vil i liten grad bli referert til i denne rapporten, bortsett frå for å synleggjere protest og kritikk mot barnevernet på nasjonalt og internasjonalt plan.

### Saksdokument

Det finnes sjølvsagt også mengder med saksdokument knytt til ulike barnevernssaker, og sjølv om barnevernet ikkje ville gjort desse tilgjengeleg, er det ikkje usannsynleg at me kunne blitt

---

<sup>28</sup> Facebook 2018

tilbode desse frå informantar som har erfaringar med barnevernet. Dette skjedde ikkje, men me bestemte oss også på førehand at me ikkje ville ta imot saksdokument. Som museum har me ikkje den kompetansen som skal til for å lese desse dokumenta på ein god måte, dessutan er det ikkje alltid foreldre tenkjer over konsekvensane for barna eller andre tredjepartar ved å dele slike dokument.

Andre saksdokumenter om ulike offentlege tenestar frå regionen har me derimot nyttigjort oss av. På same måten som avisoppslaga, er dette offentleg tilgjengeleg, og dermed allereie frigitt informasjon. Vektlegginga er altså på aviser og saksdokument som kan seie noko om dei lokale forholda, men sidan det er svært avgrensa kor mykje informasjon me har om dette, såg me det som nødvendig å skape nye kjelder gjennom kvalitative intervju.

### Intervju som primærkjelde

Munnlege intervju er hovudkjelde i dette prosjektet. Det informantane fortel oss, handlar alltid om deira minner sett i lys av deira tilvære i dag og også intervјusituasjonen i seg sjølv. Det er ikkje hendingane eller minna i seg sjølve me får veta om, men slik dei ser og tolkar desse hendingane i dag. Korleis er dette forma av deira oppfatning og erfaringar med offentlege tenestar i Noreg? Korleis er det forma av å til dømes komme til eit land med eit heilt anna syn på demokrati? Korleis er forteljinga om livet i deira heimland, prega av ei traumatiske flyktningreise?

Intervju får fram menneske sine subjektive vurderingar av eigne og andre sine erfaringar, haldingar og verdiar, ikkje objektive fakta. Det er heller ikkje mogleg eller ynskjeleg når det gjeld menneskelege tankar og haldningar, det vil alltid vera ei subjektiv framstilling som er open for tolking. Intervјusituasjonen i seg sjølve er også med å påverkar kva som faktisk blir sagt. Ein må også gå utifrå at dei fleste vil framstille seg sjølve på ein god måte overfor intervjuar, og at dei ynskjer at intervjuar skal ha eit positivt syn på dei. Same kor objektiv intervjuar forsøkjer å vera i møtet med ulike tema, er det heller ikkje her til å unngå at intervjuar sine tankar og handlingar kan skine igjennom og vera med å påverka det informantane seier. I det neste kapitela der intervjuar blir analysert, vil det altså vera viktig å få fram det non-verbale knytt til intervjuar i tillegg til det faktiske innhaldet i dei transkriberte intervjuar.

Det handlar sjølvsagt ikkje berre om kva som kan ha «gått galt» i møtet mellom intervjuar og informant, der informanten kanskje har sagt noko han eller ho eigentleg ikkje meiner, men seier fordi han eller ho trur at det er dette intervjuar ynskjer. Det handlar om heile intervjuet, at innhaldet i det er skapt gjennom intervjuar og informant sin bagasje og den konkrete situasjonen eller staden intervjuet har føregått i. Føregjekk til dømes intervjuet i heimen eller på kontoret til informanten eller har det til dømes føregått ute i ein park? Korleis har dette påverka det som blei sagt? Har nokon kome inn og avbrote intervjuet? Kan dette ha påverka resten av intervjuet? Var informanten stressa fordi han eller ho hadde mykje å gjera denne dagen, og eigentleg ikkje hadde tid til intervjuet? Kva seier informanten gjennom sitt kroppsspråk? Kva seier informanten ved å *ikkje* seie noko? Er det noko ein ikkje ynskjer å snakke om, og kva er årsaka til dette? Korleis har varierande språkkunskapar påverka

intervjuet, og særleg bruken av tolk? Analysen vil altså innehalde kritiske vurderingar av sjølve intervjugrøsessen.

## Intervju med barn

I søknaden til kulturrådet for dette prosjektet, stod det at me ynskja å observera og intervju barn. Dette gjekk me bort i frå då me såg kor krevjande det ville vera å gjera dette på ein forsvarleg måte. Barn må ha godkjenning frå sine føresette for å kunne bli intervjuet, og i tillegg er det ei utfordring i om barna sjølve er modne nok til å forstå kva dei blir med på. Dessutan kan me ikkje veta kva barna me intervjuer ber med seg av vanskelege historier frå oppveksten deira. Dei kan til dømes ha opplevd mobbing i barnehage eller skule eller dei kan ha opplevd ulik grad av omsorgssvikt i heimen.

Dette gjeld sjølvagt også for vaksne menneske me intervjuar, men vaksne menneske er i større grad i stand til å vurdera kva prosjektet handlar om, og å ta ei avgjersle om det er godt for dei å vera med eller ikkje. Sjølvagt såframt me forklarer kva det handlar om på ein god måte.

Verken museet eller eg som intervjuar har dessutan erfaring eller særskild utdanning når det gjeld å intervju barn om vanskelege historier. Skulle me gjort dette, burde me hatt med oss psykologar eller andre som hadde særskild kompetanse gjennom heile prosessen, noko me ikkje hadde ressursar til. For å ikkje risikera at me gjorde intervjuobjekta noko form for skade ved å delta i prosjektet, valde me difor å berre intervju ungdommar og vaksne over 18 år.

## Å dokumentera lokalsamfunnet

Som museum i eit lite lokalsamfunn er me svært tett på dei me skal dokumentera. I nokre tilfelle kan det vera at me kjenner godt til dei som er våre informantar. Me kan kjenne noko av deira forhistorie, me kan veta kven som er deira venner, me kan omgåst med dei i ulike sosiale settingar. Dette kan vera ein fordel når det gjeld å få tillit blant våre informantar, men det kan også gjera at me kjem så nært at det me blir fortalte om blir personleg for oss. Rett nok kan ein ikkje få til objektivitet når ein skal undersøkje menneskelege forhold. Den som skal forsøkje å tolka og forstå menneskelege haldningar og handlingar vil alltid gjera dette gjennom sin eigen subjektive forståingshorisont. Den eller dei som skal forståast vil som nemnd tidlegare, ofte ha ein bestemt bodskap dei ynskjer å formidle, dei vil kanskje ynskje å bli oppfatta som snille, bli oppfatta som eit offer eller bli oppfatta som heltar. Eller rett og slett bli oppfatta som ein blanding av mange ulike menneskelege kvalitetar, som me jo alle har, men det kan ofte vera stor forskjell på korleis andre oppfattar ein og korleis ein oppfattar seg sjølv, og ikkje minst korleis ein sjølv *vil* bli oppfatta.

Når informanten kjenner til intervjuar på fleire område enn det konkrete prosjektet, er det ikkje usannsynleg at dette kan påverke kva informanten vel å snakke om. I min faste jobb ved museet, jobbar eg som formidlar. Formidlingsavdelinga har ansvaret for å tilsette sommarvikarar, dermed kan eg kanskje bli oppfatta som eit mogleg springbrett inn i Ryfylkemuseet. Fleire med fleirkulturell bakgrunn har fått fast jobb eller vikariat hjå museet

opp gjennom åra. Mange av desse har me vorte kjent med gjennom den internasjonale kafeen som museet driv, det er dermed ikkje så rart om nokon trur at eit nytt fleirkulturelt prosjekt som museet set i gong med, kan føre til noko meir for dei som deltar. Ingen av informantane i dette prosjektet har uttrykt noko slikt, men det er med å viser kor vanskeleg det kan vera når det blir nære band mellom forskar og den som blir forska på.



Ryfylkemuseet hadde gjennom lang tid bygd relasjoner til innvandrarmiljøa, med anna gjennom ein "Internasjonal kafé" som har vore drive i meir enn 10 år. Foto: Jarle Lunde, Suldal foto.

## Museet si rolle og sjølvforståing

Det å vera eit lokalhistorisk museum som sett i gong med dokumentasjonsprosjekt som omhandlar vanskelege og sensitive tema, er ei utfordring i seg sjølve. Historisk sett har musea ofte vegra seg for å ta føre seg vanskelege historier. Ei av årsakene til dette er at mange museum vart grunnlagt som ein del av nasjonsbygginga på 1800-talet, og då var det om å gjera å finne fram til kulturelle utsyr som ein kunne kjenne seg stolt av. Bondekulturen var noko av det som blei særskild trekt fram, og fleire museum blei etablert med fokus på å vise fram byggjeskikk basert på tre frå heile Noreg, eller frå særskilde områder. Dette gjorde ein ved å flytte bygningar til ein bestemt stad slik at publikum kunne få ei oversikt over bygningshistoria utan å måtte reise rundt om i heile landet eller i ein heil region. Desse friluftsmusea var eit særskild Skandinavisk fenomen, som etter kvart breidde seg til andre land.<sup>29</sup>

<sup>29</sup> Rentzhog 2007

Ryfylkemuseet er eit døme på dette, bortsett frå at ein her hadde vorte inspirert av økomusea i Frankrike, og valte å behalde dei fleste bygningane i sine opphavlege omgjevnader framfor å flytte dei. Ofte har det vore fokus på å formidle det som i hovudsak har vore gardsbygningar på ein levande måte, med dyr og vertskap i tidsriktige klede. Her har ein gjerne kunna klappe dyra og fått seg kaffi og vaflar i eit nyklipt museumstun. Det er altså i stor grad ein romantisk idyll ein har formidla. Ein har i liten grad fortalt om til dømes det sinnsjuke familiemedlemmen som kanskje var stengt oppe på eit loft, eller historier om overgrep. Sjølv om musea har fått veta om slike historier også.

På det sannselege plan har ein også fokusert på idullen framfor å verkeleg formidle korleis det til dømes lukta i eit grisehus, eller korleis folk lukta på 1800-talet. Forsøk på å formidle ubehageleg lukt på ein røyndomsnær måte, har ofte ført til at publikum har gått i døra.<sup>30</sup> Og her kjem ein inn på utfordringa med det å formidle det vanskelege og ubehagelege. Publikum er ikkje alltid interessert i dette, mange vil oppleve den idullen dei har vore vande med når dei besøkjer eit museum.

---

*Og her kjem ein inn på utfordringa med det å formidle det vanskelege og ubehagelege. Publikum er ikkje alltid interessert i dette, mange vil oppleve den idullen dei har vore vande med når dei besøkjer eit museum.*

---

Om publikum ikkje møter opp, hjelper det lite om ein til dømes har laga ei nytenkjande utstilling om eit vanskeleg tema. Musea ender difor av og til opp med å fortelje desse historiene i bakgrunnen og kanskje med ein viss grad av sensur, eller ein fortel dei ikkje i det heile.

I tillegg til at me som tilsette på eit lite museum bur i det samfunnet me skal dokumentere og dermed har kontakt med dei menneska me uttaler oss om, har ein altså utfordringa med at me tilhøyrar ein institusjonstype som historisk sett har fokusert på dei gode og behagelege historiene. Det er vanskeleg å sjå føre seg at dette ikkje er ein problematikk som vil prega kva som kan stå i denne rapporten og ikkje. Me må truleg ta eit anna omsyn enn det ein kunne gjort visst prosjektet var knytt til eit universitet langt frå der handlingane og hendingane har gått føre seg. Det kan vera verdt å merke seg at ein har byrja å fokusera meir på dei vanskelege og ubehagelege historiene i musea dei siste åra. I dag har kanskje dette blitt ein viktig del av nasjonsbygginga? Ein trekker fram det vanskelege, og viser med dette at ein bryr seg om dei därlegare stilte i samfunnet. Igjen har ein noko ein stolt kan vise fram?

---

*Ein har byrja å fokusera meir på dei vanskelege og ubehagelege historiene i musea dei siste åra.*

---

---

<sup>30</sup> Hutchisons 2017

## **Utfordringa med å forske i eige lokalsamfunn**

Samtidig som det er nokre ulemper med å vera så tett på det samfunnet ein skal forsøkje å forstå, er det også nokre fordelar med det. Eg har budd i Suldal sidan 2012, og til dømes vore aktiv i ulike lag og foreiningar. Dermed har eg kjennskap til samfunnet utover det eg møter ved å vera formidlar på Ryfylkemuseet. Dette er verdifullt når ein skal forsøkje å forstå informantane og det samfunnet dei er ein del av. Dessutan har eg erfaring med å vera innflyttar i det same samfunnet, sjølv om det er noko heilt anna å komme som nordmann, enn å ha ein anna kultur og språk i bagasjen

Mange i lokalsamfunnet har vore involvert eller hatt stor kjennskap til ulike saker mellom innvandrarar og barnevernet, men dette har ikkje eg vore involvert i. Eg har heller ikkje hatt særleg kjennskap til dei lokale sakene før eg byrja med prosjektet og fann relevant informasjon i lokale aviser. Dette trur eg var viktig for å ha ein viss personleg avstand. Om denne avstanden har vore stor nok, med tanke på at eg kjende til nokre av dei eg intervjuja frå før av, kan sikkert diskuterast. Men i den grad eg har blitt kjenslemessig engasjert i ulike historier, er det noko som i så fall har oppstått mens eg har jobba med dette prosjektet, ikkje før.

Det er vanskeleg å ikkje bli kjenslemessig påverka av å høyre historier der menneske har mista omsorga for sine barn. Same om dette var rettkomen eller ikkje. Om det er lett å få sympati for foreldre som fortel om opprivande erfaringar, er det heller ikkje vanskeleg å få sympati for tilsette i det offentlege som møter på vanskelege utfordringar i kvardagen sin. Eg trur difor at ein uansett vil bli kjenslemessig påverka i eit slikt prosjekt, men kanskje i litt mindre grad om ein ikkje har så nært kjennskap til lokalsamfunnet som eg har hatt. Nå skal det også seiast at det i særleg grad er Suldal eg har kjennskap til sidan det er her eg bur, men informantane er frå fleire av kommunane i Ryfylke. Dette er også noko som kan problematiserast, nokre av informantane har eg hatt nærmare kjennskap til enn andre, og eg har også hatt nærmare kjennskap til det lokalmiljøet dei bur i.

Samtidig kan eg ikkje avsløre kor dei ulike informantane bur, då dette kan føre til at eg avslører kven dei er. Denne forskjellen i kjennskap ville vore nyttig å fått fram og problematisert, då det kan ha vore med å påverka korleis intervjuja utarta seg. Omsynet til våre informantar går altså framfor ei mest mogleg grundig fortolking og forståing av intervjuja. Rett nok har nokre av informantane ytra at dei ikkje hadde hatt noko imot om det blei kjend kven dei var, men det var mest naturleg at alle informantar er anonyme framfor nokre anonyme og nokre offentlege. Dette ville gjort at intervjuasjonen mellom dei to gruppene ville vore ganske annleis. Det er forskjell på kva ein informant vel å fortelje visst han eller ho veit at namnet vil bli offentleggjort, og kva informanten fortel visst han eller ho veit at det kjem til å vera anonymt. Å fortelje opent om arbeidsforholda i ein kommune vil til dømes vera vanskelegare for den tilsette visst han eller ho veit at namnet vil bli offentleggjort i rapporten.

Ei anna årsak til at det var viktig å ikkje namngi informantane, er at informantane kanskje ikkje har tenkt over alle konsekvensane av å vera offentleg i eit prosjekt med eit så pass sensitivt og for mange kjenslesterkt tema. Konsekvensane er heller ikkje lette å sjå på førehand, særleg ikkje når det har vore så mykje mediafokus kring barnevernet og

innvandrarfamiliar. Å tenkje over moglege konsekvensar for våre informantar er derimot eit ansvar me har som initiativtakarar for dette prosjektet, og det var difor ikkje vanskeleg å konkludera med at anonymisering var best av fleire årsaker.

Nå har eg vore inne på nokre utfordringar når det gjeld det å bu i lokalmiljøet ein skal undersøkje, men det er også nokre fordelar med det. Det er enklare å få tak i informantar. Dette er sjølv sagt så framt at ein som institusjon og intervjuar har ein viss tillit i samfunnet frå før av. Det kunne også vore motsett, at ein har därleg tillit i lokalsamfunnet og at ingen ynskjer å bli med i prosjektet av den grunn. Dette er også ein risiko med å ta føre seg eit sensitivt og vanskeleg tema, me kan ende opp med å miste tillit om me framstiller lokalsamfunnet på ein måte nokon i samfunnet ikkje liker. Dette er ei anna årsak til at ein må vera ekstra varsam og velje sine ord med omhug når ein skal dokumentera det samfunnet ein er til stade i.

## Utvalet av informantar

Primærkjelda for å sökje svar på problemstillingane i dette prosjektet, har dermed vore kvalitative intervju med foreldre og ungdommar med og utan innvandrabakgrunn, tilsette i ulike offentlege tenestar og frivillige. Det har aldri på nokon tidspunkt vore aktuelt å gjennomføre kvantitative intervju. Det som har vore viktigast å få fram er enkeltpersonar sine tankar og haldningar kring barneoppseding og haldningar til dei offentlege tenestane i Noreg, framfor ei oversikt over kva veldig mange innanfor kvar gruppe tenkjer om temaet. Det har heller ikkje vore noko mål å snakka med mange eller eit visst tal av innbyggjarar i Ryfylke med same landbakgrunn.

Målet var ikkje å finne ut kva som er den vanlegaste oppsedingsstilen eller haldningane til oppseding innanfor kvar enkelt kultur, men å få eit lite innblikk i korleis handlingar og haldningar kan variere mellom kulturar og mellom enkeltindivid.

For det første kan det vera fleire ulike kulturar og etniske grupper i eit og same land, som kan ha ulike syn på kva som er best oppseding av deira ungar. Til dømes kan det vera ulike samfunnsstrukturar, som jordbruksamfunn, nomadesamfunn eller samfunn der marknadsøkonomien er rådande, til dømes vår kapitalistiske velferdsstat her i Noreg. Ulike samfunn krev ulike måtar å oppdra barna på.

I eit nomadesamfunn er det viktig at ein er fleksibel og tilpassingsdyktig, og at ein er god på å dela med andre og flink til å skaffe mat. Dette er viktigare enn kven eins foreldre er og kven ein vel som partnar.<sup>31</sup> I jordbruksamfunn følger ein ikkje maten rundt, men bur på jorda ein eiger. Her er det også viktig å kunne jobbe i fellesskap, men det er ofte storfamilien som står for dette fellesskapet. I svært hierarkiste jordbruksamfunn er det viktig for dei som eig jord, å behalde den eller auke den. For å behalde rikdommen i slekta er det difor avgjerande kven barna giftar seg med. I slike samfunn er det dermed ofte strenge rammer for korleis ein skal

---

<sup>31</sup> Langlois 2001: 15830

oppføra seg. Det viktige er å tilpasse seg fellesskapet og gruppa sine normer og reglar, ikkje å tenkje nytt og vera fleksibel.<sup>32</sup>

I ein kapitalistisk velferdsstat som i Noreg, er det pengane som er bytemiddel mellom menneske og ikkje mat eller jord. Når ein ikkje må følgje maten eller er bufast står ein fritt til å bevega seg der ein vil, og ein kan bytte til seg nesten alt. Dei fleste har spesialiserte oppgåver i samfunnet, noko som gjer at oppgåver som i eit jordbruksamfunn blir løyst av storfamilien, må bli løyst av eit større fellesskap ved at ein organiserer seg. Noko som krev at ein er fleksibel i forhold til kor ein bur, og at ein har stor tillit til menneske ein ikkje kjenner, ein må ha stor tillit til staten for at det skal fungera. Ein må ha tillit til at staten fordeler skattepengar slik at det kjem ein sjølve og andre til gode.<sup>33</sup> I eit slikt samfunn er det viktig at barna blir oppdratt til å vera fleksible, og at ein fokuserer på individualisme fordi ein må kjenne sine eigne verdiar og interesser for å veta kor ein kan og vil gjera sin innsats.

Dette er sjølv sagt å framstille samfunn enklare og mindre komplekse og samansette enn dei i røynda er, men det illustrerer korleis oppseding kan vera svært ulik også innanfor ei landegrense fordi ein må tilpassa seg forskjellige samfunnsstrukturar. I tillegg er det sjølv sagt forskjellar mellom ulike familiar, forskjellar som kan ha si bakgrunn i sosiale og økonomiske ulikskaper. Med utgangspunkt i dette, har målet vore å få fram eit mangfold av oppsedingsmetodar og haldningar kring dette i Ryfylke. Ei auka forståing for dette mangfaldet, på individ og ikkje berre gruppennivå, kan vera med å hindre fordommar mot ulike etniske- og/eller sosioøkonomiske grupper. For på same måten som det kan vera lett å ha fordommar mot grupper fordi ein veit for lite om dei, kan ein også ha fordommar fordi ein har kunnskapar om enkeltindivid som ein oppfattar gjeld for heile gruppa.

### Foreldre og ungdommar med og utan innvandrabakgrunn

Om me altså ikkje har hatt som mål å finne ut kva som er mest vanleg innanfor kvar enkel kultur, har me prøvd å fått eit visst mangfold når det gjeld kulturelle bakgrunnar blant informantane. I kommunane i Ryfylke bur det innvandrarar frå alle verdsdelar, og i til dømes Suldal kommune var det innvandrarar frå over 38 ulike nasjonar i 2017.<sup>34</sup> Eit viktig moment når me skulle velje kven me skulle ta kontakt med og spørje om dei ville bli med i dette prosjektet, var altså å få mange ulike kulturelle bakgrunnar i utvalet vår, ikkje eit representativt utval. Me ynskja å få informantar frå land i Vest-Europa, Aust-Europa, Afrika og Midtausten, noko me fekk.

Me søkte også i stor grad innvandrarar me trudde hadde kjennskap til museet eller intervjuar frå før av. Me rekna med at det ville vera svært vanskeleg å få nokon til å delta i eit prosjekt med eit så sensitivt tema som barneoppseding, visst det ikkje var ein viss tillit til oss frå før av. Særleg var dette viktig med tanke på at me måtte få deltakarane til å skrive under på eit samtykkeskjema, få dei til å fullt ut forstå kva dette prosjektet handlar om og at me ynskja å ta opp lyd frå intervjuet. Nå er det ein sjølvfølge at informantane skal forstå kva prosjektet handlar

<sup>32</sup> Langlois 2001: 15832

<sup>33</sup> Karkov 2012

<sup>34</sup> KommuneProfilen 2017

om, men det er forståeleg om mange kan bli redde når dei forstår i kva grad prosjektet har med oppseding og barnevernet å gjera. Å få dette fram til innvandrarar med avgrensa språkkunnskapar gjer ikkje saka betre. I nokre tilfelle har dette ført til at me har brukt tolk, noko som sjølvsagt gjer kommunikasjonen därlegare. Eg kjem tilbake til det å bruke tolk.

Nå er det ikkje slik at museet og intervjuar sitt kontaktnett er av ein slik storleik at me kunne klare oss med å berre kontakte moglege informantar som hadde kjennskap til oss. Det ville også ført til at prosjektet ville blitt for sentrert i Suldal, sidan dette er vertskommunen til museet. Rett nok har me hatt fleirkulturelle arrangement i andre kommunar i Ryfylke, så me har også kontaktnett andre stader, men ikkje i den grad at dette hadde vore nok i seg sjølve. Eg har difor valt å delta på ulike fleirkulturelle arrangement i andre kommunar i Ryfylke som ein del av prosessen med å få fleire informantar. Dette førte fram, og gjorde også at eg ofte hadde ein viss relasjon til informantane før eg spurte om dei ynskja å vera med i prosjektet. I tillegg til dette har eg fått ei liste frå nokon med god kjennskap til innvandrarmiljøet i ein kommune. Av omsynet til personvernet veit ikkje denne personen kven som blei valt.

Det skulle vise seg at det ikkje var så enkelt å få det mangfaldet av ulike innvandrarbakgrunnar som me ynskja i vår informantgruppe. Til dømes ynskja me å ha representantar frå Somalia, anten som ungdom eller foreldre, dette særleg med tanke på at det er ei gruppe som har vore trekt fram i media når det gjeld barneoppseding og møtet med barnevernet. Og det er også ei av gruppene som har vore trekt fram i ulike rapportar og studiar om innvandrarar sitt møte med barnevernet.<sup>35</sup> I ein rapport av Kalve og Dyrhaug, kom det fram at innvandrarar frå dette landet og Eritrea, Etiopia, Irak, Afghanistan og Thailand, er overrepresentert når det gjeld barnevernstiltak grunna fysisk vald i heimen.<sup>36</sup> Dessutan har ein teke imot mange flyktningar frå Somalia i fleire av kommunane i Ryfylke på 2000-talet, så det er ei relativ stor del av innvandrarbefolkninga i nokre av kommunane. I Sauda er dei til dømes den største innvandrargruppa.<sup>37</sup> Men det skal nemnast at det er ingen frå Somalia i Forsand, så det er også store ulikskaper når det gjeld samansetninga av innvandrargrupper i kommunane.<sup>38</sup> På landsbasis var innvandrar frå Somalia den fjerde største innvandrargruppa i landet i 2017. Framfor denne gruppa kjem Polen på første plass, etterfølgt av Litauen og Sverige.<sup>39</sup> Dermed er altså innvandrarar frå Somalia den største ikkje-vestlege innvandrargruppa.

Av fire innvandrarar som me tok kontakt med frå Somalia, var det ingen som svara ja til å vera med i dette prosjektet. Dette er truleg eit teikn på at mange innan denne innvandrargruppa er svært skeptiske til eller fryktar ulike offentlege tenestar og i særleg grad barnevernet. For sjølv om me ikkje nemnde barnevernet når me spurte informantar om å bli med i dette prosjektet, kjem det jo fram at eit av temaa er barneoppseding, og det er nok ikkje usannsynleg at mange då vil forbinde prosjektet med barnevernet viss dei i utgangspunktet er skeptisk til barnevernet.

---

<sup>35</sup> Til dømes: Savsnick 2012

<sup>36</sup> Kalve & Dyrhaug 2011: 9

<sup>37</sup> KommuneProfilen 2017

<sup>38</sup> KommuneProfilen 2017

<sup>39</sup> Statistisk sentralbyrå 2018

Ei anna utfordring har me også sett i det å få tak i informantar som har liten eller ingen kjennskap til museet eller intervjuar, fleire av dei som blei spurta som takka nei, kjende ikkje til kva museet har jobba med frå før av. Nokon har også sagt seg villig til å vera med på trass av dette, men det har av og til vore nødvendig med fleire møter før sjølve intervjuet blei gjennomført. Dette har vore både for å bli betre kjend, men også for å få klart nok fram kva intervjuet skulle handle om.

Innvandrarar frå Eritrea er også ei gruppe me har ynskja å ha med i prosjektet. Som nemnd er dette også ei gruppe som er overrepresentert når det gjeld barnevernstiltak, og det er den tiande største gruppa i landet. I tillegg valde me Syria, då dette var den gruppa det kom mest av då me byrja prosjektet. I 2017, er denne gruppa vorte nummer sju i landet. Ei anna gruppe me ville ta føre oss var innvandrarar frå Irak, då dette også er ei av dei største gruppene i landet. Ei gruppe som i størst grad har kome litt tidlegare på 2000-talet.<sup>40</sup> Alle desse ikkje-vestlege innvandrargruppene har vore eller er godt representerte i fleire av kommunane i Ryfylke.

Me ynskja også å få informantar frå dei største innvandrargruppene frå Aust-Europa, altså Polen og Litauen. Begge desse gruppene er også godt representert i kommunane i Ryfylke. Når det gjeld innvandrarar frå Litauen, opplevde me her at nokon trakk seg etter at intervjuet var gjennomført utan å gi ei forklaring på dette. Når det gjeld Polen, hadde me kontakt med nokon som først var positive, men som ikkje vart med likevel med travelheit som forklaring. At desse trakk seg, kan ha å gjera med at desse innvandrargruppene er blant dei mest skeptiske til barnevernet og/eller på grunn av den store mediemarksemda i desse landa. Eg kan sjølv sagt ikkje vera sikker på dette då ingen har brukt dette som forklaringsgrunn. Det skal også nemnast at eg opplevde at foreldre utan innvandrarbakgrunn heller ikkje ynskja å vera med i prosjektet, og eg fekk ikkje noko forklaring på kvifor. Kanskje kan dette også ha noko med den store mediemarksemda dei siste åra, men då i Noreg? Eller kanskje forklaringa er så enkel som at ein rett og slett ikkje har tid og/eller lyst til å delta?

I utgangspunktet tenkte me også å få representantar frå det tidlegare Jugoslavia, men her fekk me eit nei med bakgrunn i at personen me spurte ikkje følte han eller ho hadde noko å bidra med i eit slikt prosjektet fordi denne personen alltid hadde følt seg heilt norsk. Dette fekk meg til å tenkje at det kanskje ikkje var denne gruppa me skulle leggja fokuset på. Innvandrarar frå Jugoslavia har vore her lenge, og er i stor grad blitt godt integrert. Det er ikkje frå tidlegare flyktningar frå Jugoslavia at dei store protestane kring norsk barnevern har kome. Difor valte me altså å gå bort frå denne gruppa, og heller leggje større vekt på grupper som i særleg grad har kome til landet frå tidleg på 2000-talet og fram til i dag.

---

<sup>40</sup> Statistisk sentralbyrå.2016



Tyskarar og Nederlandarar utgjer store grupper innvandrar i bygde-Noreg. Her er familien Knol/van Ruiven som har funne lukka på eit småbruk i Sandsbygda i Suldal. Me gjer merksam på at familien ikkje er blant informantane i prosjektet.  
Foto: Lise Bjelland.

Frå vesteuropeiske land har me valt å fokusere på Nord-Europa då det er mange frå dette området i Noreg. I utgangspunktet tenkte me å snakka med nokon frå Noreg, Nederland og Tyskland, men me gjekk bort frå Tyskland då me såg at intervjuet med innvandrarar frå Nederland viste kor likt denne gruppa var nordmenn, altså at det var få utfordringar denne gruppa møtte når det gjaldt å bli integrert, og at deira syn på barneoppsæding ikkje blei opplevd som noko kulturkræsj i forhold til norske verdiar og haldingar. Dermed følte me at det ikkje var nødvendig å også snakke med tyskarar.

Med tanke på det nemnde overfor, altså at det er umogleg å trekke klare konklusjonar om dei ulike innvandrargrappene basert på eit eller to intervju med innvandrarar frå gruppa, var nok dette ein feil konklusjon å trekke. Me kunne godt ha snakka med fleire med bakgrunn frå Vest-Europa for å få ei eit meir mangfaldig analysegrunnlag. Dessutan, med tanke på at me har prøvd å velje litt større innvandrargrupper i Noreg - i tillegg til at det må vera grupper som er godt representert i regionen - ville det kanskje vore rettare å velje tyskarar framfor nederlendarar. I 2018 var det 27 542 innvandrarar eller norskføde med innvandrarforeldre frå Tyskland i Noreg, mens det berre var 8670 med bakgrunn frå Nederland. Alle dei andre gruppene me har valt er frå 21 747 til 43 930 innbyggjarar.<sup>41</sup> Kanskje me også burde teke med Sverige sidan dei er gruppe nummer tre i statistikken? Nå skal det seiast at eg tok kontakt med ein tysk ungdom som takka nei til å vera med i prosjektet. Før eg rakk å ta kontakt med

<sup>41</sup> Statistisk sentralbyrå 2018

nokon andre frå Tyskland, hadde eg trekt den nemnde konklusjonen overfor, altså at det ikkje var så viktig å intervju nokon frå dette landet.

Det var i alle fall viktig for oss å ha nokre innvandrarar frå vesteuropeiske land. Det er verken ei gruppe som har fått mykje merksemrd i media i samanheng med barnevernet, eller ei gruppe som ligg høgare når det gjeld hjelpetiltak eller omsorgsovertakingar enn innbyggjarar utan innvandrabakgrunn. Då er det interessant å sjå om ein kan finne årsaker til kvifor denne gruppa er så lik dei som ikkje har innvandrabakgrunn. Ein kan ha ei aning om kvifor dette er tilfelle, nemleg at denne gruppa er meir lik etniske nordmenn når det gjeld kulturen, og har gjennomsnittleg ein høgare sosioøkonomisk status enn dei som har kome her som flyktingar eller arbeidsinnvandrarar frå Aust-Europa i nyare tid, altså frå 2000-talet og utover. Alle våre informantar frå Midtausten og Afrika har kome til Noreg som flyktingar, mens alle informantar frå Europa har kome som arbeidsinnvandrarar. Som nemnd er informantgrunnlaget for lite til å kunne seie noko generelt om dei ulike innvandrargruppene, men tidlegare forsking og dokumentasjonsprosjekt vil bli nyttiggjort for å kunne skissera nokre tendensar når det gjeld nordmenn og ulike innvandrargrupper.

Etter at nokon som nemnd trakk seg før og etter intervjeta, blei det i alt 12 informantar i denne gruppa. Frå kvart land er det ein eller to informantar. Aller helst skulle eg ynskja eg hadde like mange informantar frå denne gruppa som offentlege tilsette og frivillige, men det var vanskelegare å få tak i foreldre og ungdommar som informantar. Særleg vanskeleg var det å få tak i ungdommar som ville vera med, så her enda eg opp med berre 3 informantar, etter at nokon trakk seg.

Kanskje det kunne vore lurt å ikkje vera så fastlåst i dei innvandrargruppene eg ville snakke med? Som nemnd brukte eg mykje tid på å få tak i informantar frå Somalia, og dette lukkast eg som sagt ikkje med. Hadde eg gått bort frå dette på eit tidlegare tidspunkt, og heller forsøkt å involvere ei anna innvandrargruppe, hadde eg kanskje hatt fleire informantar til slutt. Samtidig er jo det at det var vanskeleg eit resultat i seg sjølv, sidan det tyder på at denne gruppa er skeptisk til å bli med i eit slikt prosjekt.

### Tilsette i det offentlege og frivillige

Når det gjeld informantar frå det offentlege, har det vore ynskjeleg med ei stor bredde i offentlege tenestar. Vår hypotese er at god integrering av barn og familiar, er avhengig av at dei ulike offentlege tenestane samarbeider godt i lag. Dette er også noko ein oppfordrar sterkt til frå Helsedirektoratet:

*«Kommuner og helseforetak bør avsette fagressurser til å arbeide spesielt med likeverdige helsetjenester til asylsøker, flyktinger og familiegjenforente, og det bør etableres tverrfaglige familjører eller team som opparbeider seg kompetanse på feltet. Dette er ikke minst viktig med tanke på å styrke samarbeidet mellom primær- og spesialisthelsetjenesten.*

*Mange kommuner har gode erfaringer med tverrfaglige flyktingehelseteam, der deler av eller hele stillinger er øremerket arbeidet med asylsøkere og flyktinger eller*

*generell migrasjonshelse. Dette gjør det lettere å få oversikt over arbeidsfeltet. Det er viktig at teamene er en integrert del av den samlede helse- og omsorgstjenesten i kommunen, slik at kompetansen som opparbeides ikke blir for personavhengig.»<sup>42</sup>*

Me trur også at mange tenestar møter mange av dei same utfordringane, til dømes når det gjeld språk- og kulturutfordringar. Dette er også vist i tidlegare forsking. Offentlege tenestar er til dømes forplikta til å nyttiggjera seg av kvalifisert tolk der brukaren har avgrensa norskunnskapar, slik at ein klarer å oppnå forsvarleg kommunikasjon. Likevel har tolketenestar vore lite utbredt i kommunane. Dette kjem fram i ein rapport av Thorshaug, Valenta og Berg 2009 og frå IMDi 2008.<sup>43</sup> Kanskje det har endra seg i positiv retning dei siste åra? Ulike problemstillingar knytt til tolk er i alle fall noko me har søkt å få kunnskap om gjennom våre informantar frå det offentlege.

I utgangspunktet meiner me altså at dei fleste tenestar i kommunen er relevant for eit slikt prosjekt, til dømes skulen, barnehagen, politiet, introduksjonsteneste/flyktningsteneste, frivilligsentral, helsestasjon, tannhelsetenesta og NAV.

Me valte bort politiet som ei informantgruppe. Dette var fordi mange assosierer politiet med kriminelle handlingar, sjølv om dei sjølvsagt har veldig mange andre oppgåver dei skal ta seg av i samfunnet. Assosiasjonen til noko kriminelt kunne derimot fått andre informantar, særleg nokon av innvandrarane, til å tenkje at me berre skal fokusera på det som er ulovleg i Noreg, til dømes oppsedingsvald. Som nemnd tidlegare, er det svært viktig at alle som blir med i prosjektet gir oss eit informert samtykke, og dette betyr at dei også må få veta kven me elles skal intervju i prosjektet. Om politiet hadde vore på denne lista, trur me det fort kunne blitt enda vanskelegare å få informantar frå fleire ulike innvandrargrupper. Nå kan det vera at eg har tolka kravet om informert samtykke vel strengt, det kan vera at det hadde vore nok om andre informantar hadde fått veta at me også skulle snakke med tilsette i ulike offentlege tenestar utan å spesifisera direkte kva tenestar det er snakk om. På den andre sida, ville det nok vore problematisk å ikkje nemne at eg skal snakke med barnevernet, sidan mange innvandrarar er redd eller skeptisk for denne tenesta. Ikkje minst er det viktig å få fram at barnevernet vil bli involvert, sidan dette vil gjera at prosjektet får større merksemd i media. Dette er noko foreldre og ungdommar bør vera klar over når dei seier ja til å vera med i prosjektet. Sånn sett kan ein spørje seg, er mange innvandrarar meir redde for barnevernet enn politiet? Kunne me teke med politiet utan at det hadde skremt bort nokon frå å delta, meir enn det barnevernet eventuelt har gjort? Det er ikkje usannsynleg at dette er tilfellet, og at me dermed kunne ha inkludert denne tenesta utan problem. Ei teneste som heilt sikkert kunne ha bidra med eit viktig perspektiv i dette prosjektet.

Utanom politiet og tannhelsetenesta, har me fått informantar frå alle dei nemnde tenestane over. Tannhelsetenesta utelèt me, sidan det er fylkeskommunen som er ansvarleg for denne tenesta, og ikkje kommunen.<sup>44</sup>

---

<sup>42</sup> Helsedirektoratet 2018

<sup>43</sup> Thorshaug, Valenta & Berg 2009

<sup>44</sup> Helsedirektoratet 2018

Når det gjeld helsestasjonane, har me snakka med lege, helsesøster og barne- og familierettleiarar, men ingen andre frå denne tenesta. Barne- og familierettleiarar blei valt fordi dei tilbyr hjelp til barnefamiliarar som treng litt ekstra oppfølging. Bakgrunnen for å velje helsesøster og lege som informantar, var at dei møter alle nyankomne flyktningar og også mange andre innvandrargrupper gjennom ulike undersøkingar og vaksinasjonsprogram. Alle nyankomne flyktningar og asylsøkarar må innom lege og helsestasjon for å gjennomføre obligatorisk tuberkuloseundersøking. Denne er også obligatorisk for alle som kjem frå land med høg førekommst av tuberkulose og som skal vera i Noreg meir enn 3 månader. Dette gjeld blant anna for arbeidsinnvandralar frå Litauen, altså den eine informantgruppa vår.<sup>45</sup>

Sjølv sagt vil til dømes ein psykolog også ha mykje å bidra med i eit slikt prosjekt, men når me måtte velje ut nokon, bestemte me oss for å velje dei yrkesgruppene som møter innvandralar mest i sin kvardag. At det skal vera nokon som møter innvandraranane direkte i sin kvardag, har vore eit viktig prinsipp for alle informantane i det offentlege. Det er desse som veit «*kor skoen trykkar*» og som kjenner innvandraranane i kommunane gjennom praktisk erfaring, ikkje berre som ein kategori, som det gjerne blir på administrasjonsnivået i kommunane. Det betyr ikkje at me har utelate leiarar, me har til dømes snakka med leiarar i barnevernet og barnehagen. Derimot har også desse leiarane erfaring med å jobbe direkte med barn og familiar med innvandrarbakgrunn. Alle me har snakka med har altså møtt innvandraranar direkte i sitt arbeid.

Når det gjeld å få tak i informantar frå det offentlege, har dette for det meste vore uproblematisk. Dei fleste har takka ja med ein gong, og utrykt interesse for prosjektet. Mange har også sagt direkte at dette er det behov for meir kunnskap om. Nokre har også takka nei, blant anna frå ein barnevernsteneste. Årsaka som blir nemnd for å ikkje delta, er at ein ikkje har tid. Ei helsesøster har også sagt ja, men uttrykka ei viss uro for å ikkje har noko å bidra med. Då intervjuet blei gjennomført visste det seg at dette ikkje stemde i det heile. Kan hende er møtet med innvandraranar noko mange kjenner seg meir usikre på enn dei bør? Kan hende har ein meir å bidra med på dette feltet enn ein trur?

Det blei altså fleire informantar frå denne gruppa, enn gruppa med foreldre og ungdommar. Her er det 20 i alt, og tenestane er representert med ein til fire informantar. Eg vil ikkje spesifisera kor mange som representerer kvar teneste av omsyn til personvernet, men eg kan seie kva tenestar/yrkesgrupper det er snakk om då ikkje alt er nemnd i det føreståande: Helsesøstrer, legar, tilsette og leiarar i barnevernet, tilsette og leiarar i introduksjonstenesta, barnehagetilsette og -leiarar, tilsette i NAV, lærarar i barneskulen, tilsette ved frivilligsentralar og barne- og familierettleiarar. I tillegg til dei offentlege tilsette, er også tre av mine informantar frivillige, som har engasjert seg for barn, ungdommar og familiarar.

At talet på informantar innanfor kvar teneste er så varierande, handlar mykje om at informantane sjølve ynskja å ha med ein kollega på intervjuet. Eg kunne kanskje ha sagt nei til dette for å ha større kontroll på kor mange eg snakka med frå kvar yrkesgruppe, men eg trur dette hadde vore øydeleggjande for relasjonen å byrje med å seie nei til eit tilbod om fleire informantar. Dette bør ein heller tolke- og takle som ei velvilje og interesse for prosjektet frå informantane si side, og det var altså det eg valte å gjera. I alle tilfella med

---

<sup>45</sup> Folkehelseinstituttet 2016

dobbeltintervju, opplevde eg dessutan dette som ein stor fordel. Dei to kollegaene kunne komplementære eller utfylla kvarandre, og gjorde at spørsmåla eg stilte blei belyst på fleire måtar. Eg kunne difor ha tenkt meg å hatt enda fleire dobbeltintervju, så framt at informantane er komfortable med det. Då eg spurte moglege informantar om å vera med på prosjektet kunne eg difor ha gjort det tydeleg at dei gjerne kan ha med seg nokon andre på intervjuet visst det er ynskjeleg. Sidan det var mange som tok initiativ til dette, er det ikkje utenkjeleg at fleire hadde ynskja dette. Ulempa med dette er at eg i enda mindre grad hadde klart å kontrollert talet på informantar og kor mange frå kvar teneste som hadde vore representert. Det er vanskeleg å veta kva som er best, men som nemnd var det ikkje lurt å vera fast bestemt på at ei bestemt innvandrargruppe skulle vera med i prosjektet. Denne typen prosjekt, som jo i stor grad har vore å tråkke i ukjent farvatn, kan nok ikkje planleggjast i detalj frå byrjinga av.

---

*Denne typen prosjekt, som jo i stor grad har vore å tråkke i ukjent farvatn, kan nok ikkje planleggjast i detalj frå byrjinga av.*

---

Men om me gjennomfører oppfølgingsprosjekt seinare, vil det truleg vera enklare å halde seg til ein plan på grunn av den kunnskapen me har erverva oss i dette prosjektet.

### Praktisk gjennomføring av feltarbeidet

Intervjua gjekk for det meste føre seg i heimen til informantane når det gjaldt foreldre og ungdommar. Dette er den staden informantane kjenner godt og dermed lettare kan kjenne tryggheit i. Då blir ikkje omgivnadane noko som utfordrar og er med å påverkar det informanten vel å fortelje. Eller rettare sagt, ein tryggheit kan gjera at informanten faktisk vel å fortelje den eine opplysninga som er litt vanskeleg å snakke om.

Dei offentlege tilsette vart for det meste intervjeta på deira eigne kontor eller møtelokale. Sjølv om det som nemnd ikkje er heilt det same å snakke om jobben sin som fleire delar av sitt eige liv, er det sjølvsagt viktig at alle informantar opplever tryggleik og ro i situasjonen. Det har vore unntak for begge desse gruppene, til dømes at informantar har kome til min private heim, eller at me har møttest på ein kafé med så stor avstand til andre at dei ikkje kan høyre kva me snakkar om. Desse andre stadene har ofte vore foreslått av informanten sjølve, og kan ha vore ein praktisk nødvendigheit fordi verken informanten sin heim eller min heim er i nærleiken. Ingen intervju med foreldre eller ungdommar har føregått i museet sine lokale sidan dette kunne gjort at andre tilsette ville kunne sjå kven som er med i prosjektet. I nokre tilfelle har eg også unngått å bruke firmabilen, men heller brukta min private bil utan firmalogo slik at eg er heilt sikker på at nabobar ikkje forstår at den eg besøkjer er ein mogleg informant. Dette viser at å ta omsyn til sensitive personopplysningar, kan gjera at eit prosjekt blir meir ressurskrevjande, ikkje berre i tid, men også når det gjeld økonomi. Det er nemleg mykje

dyrare for museet å dekkje privatkøyring. Rett nok er det små summar det er snakk om, men for museum med avgrensa midlar kan det likevel bety noko.

Omsynet til personvernet kan også ha gjort noko med relasjonen til den eg skal intervju. Alle har skrive under på eit samtykkeskjema der prosjektet blir forklart i detalj, blant anna kven me søker som informantar, til dømes står det at me ynskjer å snakke med tilsette i helsetenesta, skulen, barnehagen, barnevernet og introduksjonstenesta. Om nokre innvandrarforeldre er skeptisk til ulike offentlege tenestar i kommunen, kan denne lista over dei me skal snakke med, verke skremmande. For dei som ikkje er så vande med det offentlege systemet i Noreg eller liknande system frå eige heimland, kan i tillegg sjølve samtykkeskjemaet bli oppfatta som enda eit papir frå det offentlege som ein strever med å forstå. Rett nok blei alle skjema gjennomgått munnleg med informanten før han eller ho eventuelt skreiv under, men i nokre tilfelle har eg måttta bruke tolk i samtalen.

Tolk hemjar relasjonen mellom meg og den som blir intervju, og i særleg grad når det gjeld formalitetar som dette. I dei tilfella der tolk var nødvendig, trur eg det var heilt avgjerande at eg hadde hatt ein eller fleire lengre samtalar med informanten før samtalen med tolk tok til. Då hadde me allereie etablert ein viss tillit til kvarande. Likevel opplevde eg nok denne gjennomgangen som litt øydeleggjande for flyten i det påfølgande intervjuet. Hadde eg gjort det igjen ville eg nok delt opp desse fasane i to, altså at eg hadde hatt eit møte berre for å skrive under samtykkeskjemaet og eit nytt for sjølve intervjuet. Rett nok hadde dette vore mykje meir ressurskrevjande, særleg i dei tilfella der reisetida var lang, men eg burde likevel gjort det for i størst mogleg grad kunne tilby likeverdige forhold for dei ulike informantane mine.

Om nokon kan ha opplevd samtykkeskjemaet som skremmande, kan det ha verka motsett på andre. Om ein er vand med denne forma for skjema, viser samtykkeskjemaet at ein tek på alvor det at informantar har krav på å veta i detalj kva prosjekt dei er med på, at ein har lov å trekke seg kva tid som helst, og at alt vil bli anonymisert før publisering. Eit sterkt fokus på personvern kan dermed ha gjort nokon tryggare og friare i intervjuersamtalet. At det blir anonymisert før publisering er i alle fall noko eg har fått direkte stadfesting på frå fleire informantar at dei sett pris på. Og nokon har også ytra at dei ikkje ville vore med visst det hadde vorte kjend kven dei var. Uansett om det er ein fordel eller ulempe for samtalen med eit samtykkeskjema, er det ikkje noko me kunne komme bort ifrå visst me skulle respektera personvernlova fullt ut. Dette er ei viktig erfaring å ha med i nye dokumentasjonsprosjekt. Ein må setje av ekstra tid for å få gjennomført dette på ein god og korrekt måte, og enda meir tid i dei tilfella der intervjuar og informant ikkje kan kommunisera godt utan bruk av tolk.

## Tolk

Når det gjeld bruk av tolk, er det fleire utfordringar knytt til dette. Eg har berre brukt tolk i saman med to informantar. Her opplevde eg at det hadde vore ein fordel med meir kunnskap og erfaring i bruk av tolk. Rett nok har eg vore involvert i tolkesamtalar før, men her har det vore snakk om enklare samtalar og ikkje intervju med abstrakte tema som handlingar og haldningar knytt til barneoppseding. Eg hadde også lese meg opp når det gjaldt vanlege

utfordringar knytt til tolkesamtalar før eg gjennomførte desse intervjeta, til dømes at telefontolk ikkje eignar seg like godt til å forklare meir abstrakte omgrep som oppmøtetolk, og at tolken bør ha dokumenterte kvalifikasjonar frå tolkeutdanning og/eller statsautorisasjon.<sup>46</sup> Men det er ikkje det same å lese om temaet og å ha praktisk erfaring med å gjennomføre eit langt intervju. Av og til var eg ikkje klar nok i måten eg formulerte spørsmåla, slik at tolken misforstod og eg måtte forklare fleire gonger, eller informanten forstod ikkje kva tolken var ute etter. Hadde eg hatt meir erfaring med dette er eg sikker på at samtalane kunne blitt gjennomført med betre flyt og dermed også oppnådd ein betre kommunikasjon og relasjon med informanten under samtalet. Som nemnd hadde eg hatt lengre samtalar med dei eg hadde tolk med før sjølve intervjet fann stad, noko eg trur gjorde at informantane fortalte opent og fritt trass i nokre tolketabbar undervegs.

Som nemnd visste eg at oppmøtetolk er best om ein ynskjer å ta føre seg abstrakte tema, likevel valte eg å bruke telefontolk. Dette var av personvernomsyn, det er sjølv sagt lettare å halde informanten anonym om tolken ikkje er fysisk til stade. Dette var i særleg grad eit omsyn eg tok med tanke på innvandrarar frå Eritrea der tolkar kan vera spionar for myndighetene i heimlandet. Å fått oppmøtetolk frå til dømes Stavanger hadde dessutan blitt svært dyrt, ei utgift som truleg gjer at kommunar på bygda brukar meir telefontolk enn i byane. Ei utfording eg òg fekk merka meg når det gjaldt tolk, var at eg og informanten hadde misforstått kvarandre når det gjaldt møtetida for intervjet. Dette gjorde at ein tolketime blei avbestilt. Dette var eigentleg ei god erfaring å ha med seg, for fleire informantar frå det offentlege fortel at dei har opplevd fleire gonger at dei har måtte avbestilt timar fordi brukaren ikkje møter opp til rett tid. Dermed er det ekstra problematisk å bruke oppmøtetolk når dette er så mykje dyrare, og må avtalast lenge før møtet skal finne stad.

Eg valte å bruke tolketenesta frå same firma som ein av kommunane eg hadde informantar frå, dette for å i størst mogleg grad kunne setje meg inn i deira utfordringar kring tolketenesta. Då eg ringte dette selskapet spurte eg om å få ein tolk innan kategori 1 eller 2, det vil seie dei som har statsautorisasjon. Eg fekk derimot beskjed om at desse tolkane for det meste berre var tilgjengelege for rettsvesenet. Det betyr altså at denne kommunen, men sikkert dei fleste kommunar, sjeldan får dei beste tolkane. Korleis blir relasjonane mellom til dømes innvandrarforeldre og barnevernet visst tolken ikkje har nok språkkunnskapar til å kunne formidle abstrakte omgrep? At eg sjølve fekk meir erfaring med tolkebruk gjorde altså at eg lettare kunne forstå dei problemstillingane mine informantar fortalte meg om.

### Etterarbeid av intervjematerialet

Etter at intervjeta var gjennomført, transkriberte eg dei. Det kunne ta fleire dagar å få transkribert eit intervju. Dette var veldig tidkrevjande. Sjølv sagt var dette avhengig av kor lange intervjeta var, eit intervju var til dømes på omlag 3 timer. Her burde eg nok satt klarare grenser, dei burde maks ha vore på 2 timer. Ideelt sett er det jo ynskjeleg med mest mogleg informasjon og detaljer frå kvar enkelt informant, men det må også vera praktisk gjennomførleg i løpet av den tida som er sett av til prosjektet. Med tanke på at

<sup>46</sup> IMDi 2018

transkriberingsprosessen tok så lang tid, kan ein nok diskutera om det var for mange informantar for eit prosjekt med litt over ein årsressurs.

Hadde eg byrja med dette prosjektet i dag, ville eg heller ha valt å fokusere på færre grupper i det offentlege, og dermed heller fått meir djupneinformasjon om nokre tenestar, framfor det eg nå opplever som litt informasjon om alt. Når ulike tenestar sjølve ofte er usikre på kvifor dei slit med samarbeidet med andre tenestar når det gjeld barn og familiar, korleis skal eg kunne forstå det når eg manglar djupnekunnskapen om tenesta?

Når det gjeld lokalsamfunnet som heilskap, har eg hatt gode føresetnader for å tolka og forstå, sidan eg bur i samfunnet, men når det gjeld dei ulike offentlege tenestane, kunne eg gjerne hatt betre føresetnader for å jobbe med eit slikt prosjekt. I etterpåklokskapens lys, tenkjer eg at me gjerne skulle ha involvert nokon eksterne som har forska på ulike offentlege tenestar sitt møte med barn og familiar med innvandrarbakgrunn. Dette viser at me som eit lite lokalhistorisk museum, ikkje har dei same føresetnadane for å starte dokumentasjonsprosjekt som høgskule- og universitetssektoren. Her har ein tilsette med høg kompetanse på mange ulike fagfelt. Å leige inn eksterne fagrådgjevarar hadde blitt eit fordyrande ledd i prosjektet, eit ledd me ikkje hadde rekna med då me søkte om midlar til gjennomføringa av det. Skal me i framtida ta fatt på nye prosjekt der me er meir eller mindre ferske på delar av feltet det omhandlar, kjem me til å vera bevisst på kva dette vil bety både når det gjeld bruk av tidsressursar internt, og eksterne utgifter ved å hente inn nødvendig fagkompetanse.

Det har også vore ei utfordring å ha eit svært lytt kontor, eg har ikkje kunna ringe til informantar frå mitt eige kontor, men har måttta funne ein anna stad skjerma for andre. Dette har også gjort at eg har måttta vore ekstra på vakt for at eg ikkje gløymer å setje i hovudtelefonar slik at mine kollegaer på nabokontora kan høyre stemmene til informantane i transkriberingsfasen. Det er ikkje usannsynleg at dei kunne kjend igjen stemma visst det var snakk om ein informant som er til stade i lokalsamfunnet. Påpasseleg har eg også vore med å kryptere intervjuet og å følgje andre prosedyrar etter personvernlova, men dette har det ikkje vore andre utfordringar med enn å læra seg korleis ein gjer det.

Med tanke på personvernet bestemte eg meg for å fortelje framfor å sitere direkte frå intervjuet i dei høva der eg meinte det kunne vera mogleg å kjenne igjen informanten gjennom direkte sitat. Dette betyr at noko av informasjonen har gått gjennom ei viss tolking frå mi side før den havnar hjå lesaren. Det er jo også tilfelle i dei direkte sitata, sidan dette også er bevisste utval frå intervjuet, men då er det i alle fall fortalt med informanten sine eigne ord. I utgangspunktet føretrekker eg å bruke mest mogleg direkte sitat framfor å skrive om, nettopp for at lesaren skal få møte originalkjeldene der det er mulig. Sjølv om eg prøver å vera så sannferdig til det opphavlege bodskapet til informanten, vil også små endringar kunne gjera at bodskapen blir forstått på ein litt anna måte. Igjen må altså omsynet til enkeltindividet sitt personvern gå framfor det å få ei mest mogleg nøyaktig framstilling av kjeldematerialet. Nå må det sjølvsagt understrekkast at det vil vera veldig små forskjellar mellom det originale innhaldet i intervjuet og mi omskriving, forskjellar som i dei fleste tilfelle ikkje vil ha noko å seie, men det er likevel viktig å få fram at det er ein liten nyanseforskjell.

## Kjeldeverdien

Når det gjeld informantgrunnlaget, har eg tidlegare nemnd at eg gjerne skulle hatt fleire stemmer frå kvar enkelt instans som eg har snakka med. Informantgrunnlaget er ikkje stort nok til å få ei god forståing for utfordringane innanfor dei ulike yrka. Derimot er det tilstrekkeleg for å få ei forståing for dei utfordringane som i stor grad er felles for dei ulike yrka og tenestane, til dømes utfording knytt til bruk av tolk.

Det prosjektet ikkje kan seie mykje om, som eg gjerne skulle ynskje at det sa noko om, er dei unike utfordringane innanfor kvar teneste. Når prosjektet i større grad synleggjer likskapane mellom tenestane, kan ein få inntrykk av at tenestane i botn og grunn er veldig like. Dette er ikkje tilfelle, dei ulike tenestane er prega av ulike fagmiljø og kulturar, og dette blir i tidlegare forsking ofte lista opp som ei av årsakene til at nokre tenestar ikkje klarer å samarbeide godt med andre tenestar i kommunane.<sup>47</sup>

Kjeldematerialet gir altså gode svar på kva utfordringar dei offentlege tenestene har felles når det gjeld det å ivareta fleirkulturelle familiar og barn, men kva anna kan eg seie å ha fått gode svar på når det gjeld problemstillingane for dette prosjektet? Materialet gir med anna eit godt grunnlag for å seie noko om kva for utfordringar ulike innvandrargrupper har til felles når det gjeld møta med ulike offentlege tenestar. Det vil seie, det er ofte ganske lite dei har til felles fordi gruppene er så ulike kvarandre både sosioøkonomisk og kulturelt.

Når det gjeld frykta eller skepsisen for barnevernet, er det heller ikkje nokon verdsdelar som peikar seg ut. Mange med aust-europeisk bakgrunn er i tidlegare forsking ofte svært redde for barnevernet, men dei to informantane me intervjuja frå Litauen uttrykte ikkje ei slik redse, men meinte heller at barnevernet har ein viktig funksjon i samfunnet. Samtidig fortalte dei om andre med same kulturelle bakgrunn som var redde. Informantgrunnlaget er for lite til å kunne seie noko generelt om dei ulike innvandrargruppene, men kanskje det kan seie noko om det motsette? Altså at sjølv om mange innanfor same innvandrargruppe kan vera redde barnevernet, er det alltid mange unntak.

Å få fram unntaka kan vera med å knuse nokre myter og fordommar mot ulike innvandrargrupper. Ved å vise korleis verda er altfor kompleks til at ein kan dele folk inn i ulike grupper som handlar likt og har like haldningar, får ein fram at folk er enkeltindivid som har fleire ulike gruppelihörsler i samfunnet. Er ein til dømes bifil eller homofil og med austeuropeisk bakgrunn, har ein kanskje ikkje dei same haldningane som ein med same kulturelle bakgrunn som er heterofil og svært religiøs? Dei fleste har ulike gruppelihörsler der kulturell bakgrunn berre er ein av mange. Eit døme på myteknusing er også at ei norsk mor som er ein av informantane mine, var veldig oppteken av å tilpasse jobben slik at ho kunne vera heime med barna. Det er sjølvsagt ikkje ukjent at også fleire nordmenn set dette høgt, men om ein skal definera noko som mest vanleg i denne samanhengen, er det at kvinner vel å jobbe fulltid etter at permisjonen er over. Dette er også det inntrykket mange innvandrarforeldre sitter igjen med, og i forsøket på å integrera seg, kjenner truleg mange seg

---

<sup>47</sup> Andersson 2005: 140

framandgjorde når det gjeld dette. Samtidig finnes det mange dømer på at nordmenn ordnar liva sine på mange ulike måtar. Måtar som kanskje er meir akseptert fordi ein er nordmann og ikkje treng å bevise at ein er godt integrert.

Når det gjeld kva som er meir typiske kulturelle haldningar og handlingar innanfor same gruppe, er det altså lite eg kan seie kring dette ut frå informantgrunnlaget, men eg kan seie noko om kva mine informantar *oppfattar* som typisk for eiga gruppe og kva dei oppfattar som typisk for nordmenn. Å finne ut korleis nokon oppfattar noko, og ikkje korleis det verkeleg er, er minst like interessant. Kva oppfatningar ein som innvandrar har om kva som er vanleg blant nordmenn, vil vera avgjerande for korleis ein sjølve forsøkjer å bli integrert i samfunnet.

---

*Kva oppfatningar ein som innvandrar har om kva som er vanleg blant nordmenn, vil vera avgjerande for korleis ein sjølve forsøkjer å bli integrert i samfunnet.*

---

Har ein til dømes ei oppfatning om at nordmenn oppdrar barna sine utan grenser og kjem sjølve frå ein kultur der det har vore vanleg med oppsedingsvald, kva metode skal ein då ta i bruk for å oppdra barna sine? Skal dei oppsedast som nordmenn utan grenser? Oppfatning av mottakarlandet sin kultur og eigen kultur, kan altså vera heilt avgjerande for korleis ein ordnar liva sine i det nye landet.

Det er meir å seie om kva informantkjeldene kan gi oss svar på og ikkje, men eg vil ta føre meg dette i større detaljrikdom når intervjua blir tolka i dei neste kapitla. Det eg her vil avslutte med, er at eg kanskje ikkje har fått svar på alle problemstillingar me ynskja å få svar på, men eg har fått fram noko av det viktigaste, nemleg å vise at det er umogleg å lage ei oppskrift på korleis ein best mogleg kan møte ein innvandrar frå eit bestemt land. Det er ikkje nok å vera sensitiv i forhold til den konkrete kulturen han eller ho kjem i frå, ein må vera sensitiv når det gjeld økonomi, kjønn, alder og utdanning, kort og godt alt han eller ho har med seg i sin bagasje.

Ein må heller ikkje oppfatte den kulturelle bakgrunnen som noko statisk og klart definert, men noko som heile tida endrar seg. Dette gjeld kanskje i særleg grad når han eller ho møter ei ny røynd i eit nytt land. Som offentleg tilsett eller innbyggjar i eit lokalsamfunn med ynskje om å imøtekomme innvandrarar i samfunnet på ein god måte, er kanskje det viktigaste ein kan gjera å stille mange spørsmål og å prøve å bli kjend med akkurat *den* personen ein har framfor seg, framfor å hovudsakleg tolke personen ut frå ulike generaliseringar og fordommar om den innvandrargruppa vedkommande tilhøyrar. Dette tyder ikkje at det er uheldig å veta noko om innvandrargruppa på førehand, men ein må vera klar over at det nettopp er generaliseringar og kanskje fordommar, og ein må vera klar til å endre desse oppfatningane i møtet med enkeltindividet.

## **Etterprøving og sletting av personidentifiserbart materiale**

For å følgje pliktene våre når det gjeld personvernlova, må me slette alt personidentifiserbart materiale frå dette prosjektet etter prosjektslutt. Dette vil bety at alt som kan identifisera informantane må slettast frå dei transkriberte intervjuia, og at lydfilene må slettast heilt. Dette tyder at mykje av informasjonen frå intervjuia vil gå tapt fordi det skal lite til for å klare å identifisera nokon. Det kan vera skildringar av kor mange medlem det er i familien, detaljert skildring av sekken ein brukte på barneskulen, kva som er eins favorittfarge eller favorittmat. Desse meir eller mindre uklare identifikasjonsfaktorane som likevel kan gjera ein identifiserbar når informasjonen blir sett i samanheng, er eit tillegg til dei klare identifikasjonsfaktorane, som namn, kulturell bakgrunn, alder og bustad. Det vil difor vera interessant å sjå kva me til slutt sitt igjen med av kjelder etter at denne avidentifiseringa har funne stad.

Det er svært forståeleg at ingen uvedkommande skal ha tilgang til identifiserbar informasjon knytt til dette prosjektet, men det er uheldig at verken eg og eller rettleiaren, kan nyttiggjera oss av personopplysningane til framtidige prosjekt. Konsesjonen frå Datatilsynet er nemleg klar på at personopplysningane berre kan brukast til dette konkrete prosjektet og ikkje noko anna. Det hjelper heller ikkje om informantane hadde godkjent at personopplysningane blir brukt på nytt. Det er heller ikkje slik at me kunne klausulert materialet slik at det til dømes ikkje kan opnast før fleire tiår etter at siste informant er død. Dette er ordningar arkiva har, men så vidt me kunne sjå var det ikkje mogleg for oss å få til ein liknande avtale for å kunne bevare materialet i sin heilskap for ettertida. Forhåpentlegvis vil denne problematikken når det gjeld personvern og bevaring av kjelder, bli teke tak i på eit høgare nivå i musea, slik at me som enkeltmuseum ikkje må så å seie finne opp vegen mens me går. Heldigvis vil me kunne bevare mykje av dei transkriberte intervjuia, så det er ikkje slik at det ikkje vil vera noko dokumentasjonsmateriale igjen.

Ei utfordring er det også knytt til etterprøving av dette prosjektet. Ingen vil ha tilgang til intervjuia i sin originale form utanom meg og fagleg rettleiar i prosjektet. Samtidig er det her forståeleg at omsynet til enkeltindivid i slike sensitive dokumentasjonsprosjekt, må vera viktigare enn at alle kjeldene skal vera etterprøvbare. Som nemnd tidlegare har nokre informantar tydeleg uttrykt at det er svært viktig for dei at det ikkje blir kjend at dei er med i prosjektet. Om me skulle bryte lovnaden om å halde dei anonyme, ville det øydelagt tilliten til oss som enkeltpersonar, og det ville kanskje øydelagt tilliten til museet i lokalsamfunnet for mange år fram i tid. Personverntabbar i andre tenestar og institusjonar har i alle fall fått stort etterspel i ulike media, og har ofte vore årsaka til at ein har innskjerpa rutinane på dette feltet. Å ha rykte for å vera slepphendt med svært sensitive personopplysningar, ville truleg umogleggjort nye prosjekt med vanskelege og sensitive tema for mange år fram i tid.



## Tidlegare forsking og dokumentasjon

I dette kapittelet vil me ta for oss relevant forsking og dokumentasjon kring innvandrarar sitt møte med offentlege tenestar i kommunane. Hovudfokus vil vera på innvandrarar sitt møte med barnevernet, då dette er utgangspunktet for dette prosjektet. Denne oversikta er i stor grad basert på rapporten «Møter mellom innvandrere og barnevernet. Kunnskapsstatus» frå 2014<sup>48</sup> og «Myter og realiteter. Innvandreres møter med barnevernet» frå 2017.<sup>49</sup> Begge desse rapportane er knytt til prosjektet «Myter og realiteter? Møter mellom innvandrere og barnevernet», gjennomført av NTNU Samfunnsforskning på oppdrag frå Bufdir. Prosjektet skal vera med å vidareutvikle og betre barnevernet sitt arbeidet med barn, unge og familiær med innvandrarbakgrunn. I rapporten om kunnskapsstatusen på feltet, er det gjort breie litteratursøk i ulike databaser for å finne relevant informasjon, og ein har delteke på konferansar og liknande for å innhente kunnskap om nye publikasjonar, prosjekt og dømer frå praksis.<sup>50</sup> Det er den mest omfattande oversikta som finnes på feltet, og er difor eit godt utgangspunkt for å setje våre informantar sine historier inn i ein vidare forståingshorisont.

### Overrepresentasjon i barnevernsstatistikken

I alt utgjer innvandrarar 16,8 prosent av befolkninga i Noreg i 2017. Sidan det først var på 1960 og 70-talet at Noreg fekk større innvandring enn utvandring, er innvandrarbefolkninga ung. Heile 24 prosent er 19 år eller yngre, og over halvparten av alle innvandrarar er mellom 20 og 40 år.<sup>51</sup> Det er altså ein større prosent barn og unge vaksne i denne gruppa enn elles i befolkninga.

Barn og unge med minoritetsbakgrunn er overrepresentert i barnevernsstatistikken i Noreg, både når det gjeld hjelpe tiltak og omsorgsovertakingar. Mens 6,7 prosent av innvandrarbarn og 5,1 prosent av norskfødde barn med innvandrarforeldre hadde barnevernstiltak i 2009, hadde bare 2,9 prosent av barn utan innvandrarbakgrunn tiltak.<sup>52</sup> At det er overrepresentasjon av omsorgsovertakingar, handlar om at ein ikkje har skilt ut einslege mindreårige som ein eigen kategori tidlegare. Når ein ikkje gjer det, vil menga omsorgsovertakingar bli veldig høg, sidan alle einslege mindreårige vil falle under denne kategorien sjølv om det ikkje er omsorgsvikt som har vore årsaka. Overrepresentasjonen av barnevernstiltak blant innvandrarar, handlar først og fremst om lite inngripande hjelpe tiltak, og ikkje omsorgsovertakingar. Den største innvandrargruppa i Noreg som er innvandrarar frå Polen, ligg til dømes under gjennomsnittet elles i befolkninga når det gjeld omsorgsovertakingar. Flyktningar derimot, er sterkt overrepresentert, men dette handlar ofte om sosioøkonomiske faktorar og at mange er einslege forsørgjarar.<sup>53</sup>

I den nemnde rapporten frå 2014 på oppdrag frå Bufdir, går det fram at det er mange ulike forklaringsmodellar i litteraturen når det gjeld overrepresentasjonen blant innvandrarar. Det har til dømes blitt nemnd at barnevernet sin måte å jobbe på kan vera med å skape

<sup>48</sup> Paulsen, Thorshaug & Berg 2014

<sup>49</sup> Berg, Paulsen, Midjo, Haugen & Tøssebro 2017

<sup>50</sup> Paulsen et al. 2014: 1

<sup>51</sup> Statistisk sentralbyrå 2018

<sup>52</sup> Paulsen et al. 2014: 3

<sup>53</sup> Berg et al. 2017: ix - x

kilientifisering og passifisering gjennom «avhengighetsskapande integreringsarbeid», eller at det kan handle om høgare sannsyn for omsorgssvikt blant innvandrarar.<sup>54</sup> Ulike forklaringar har samanheng med at ein har lagt ulikt vekt på kulturelle og minoritetsrelaterte faktorar, levekårfaktorar og flyktningsspesifikke faktorar. Ein understrekker at ein må ta omsyn til alle desse faktorane for å få ei heilskapleg forståing for- og i barnevernsaker knytt til denne gruppa.<sup>55</sup>

Faktorane knytt til kultur og minoritet kan handle om at kommunikasjonen blir vanskeleggjort som ein følgje av at innvandarfamiliar og offentlege tilsette som skal ivareta dei, har ulik kulturell bakgrunn, ulike oppfatningar av kva som er god barneoppseding og ulike perspektiv på kjønn. Dessutan har kultur ein tendens til å bli ei universalforklaring for det ein har utfordringar med å forstå. Denne faktoren handlar også om forholdet mellom majoritet og minoritet, til dømes ulikskap i maktforholdet mellom tilsett og brukar.<sup>56</sup>

Flyktningrelaterte faktorar, handlar om dei særskilde opplevingane flyktningar ofte blir utsett for, som lange opphold i asylmottak, lange og vanskelege fluktruter, krig, missbruk og utfordringar med å vera i eksil. Dette kan påverka den psykiske helsa til barn og foreldre og korleis dei samspelar med kvarandre. Ikkje minst har det vore mange einslege mindreårige flyktningar dei siste åra, noko som gjer at det blir auka belastning når det gjeld arbeid knytt til barnevern. Særleg har det vore retta bekymring når det gjeld barn og unge på asylmottak, og fleire stiller spørsmål til om barneverntenesta har gode nok føresetnader for å møta utfordringane knytt til denne gruppa.<sup>57</sup>

Levekårfaktorar handlar om at innvandrabefolkinga sett under eit, er ein sosial og økonomisk underklasse i Noreg. Med lågare sysselsetting og inntekter enn resten av befolkninga er det mange innvandarfamiliar særleg frå ikkje-vestlege land, som hamner i vedvarandre fattigdom og ulike utfordringar knytt til dette. Fleire studiar har visst at det er større sannsyn for å hamne under barnevernstiltak om ein veks opp i ein låginntektsfamilie.<sup>58</sup>

Kor mangfoldig og komplekst det er å kunne forstå innvandrarar sitt møte med barnevernet og andre offentlege instansar, er gjerne noko me skulle fått klarare fram i prosjektet. For å kunne seie noko generelt om dette, måtte informantgrunnlaget vore større. Derimot har eg vore bevisst dei ulike faktorane når eg har utforma intervjuguide, og kva eg har valt å fokusera på i det konkrete intervjuet. I eit tilfelle har eg fått høyre korleis flyktningrelaterte traume har vore årsaka til at barnevernet har kome med hjelpetiltak. Tiltaka kan altså ikkje forklarast med kulturelle faktorar. Om ein går ut frå at alle utfordringar knytt til innvandrarar sitt møte med ulike offentlege tenestar, handlar om därleg kulturforståing, ser ein altså berre ein liten del av noko som er langt meir komplekst, og i verste fall kan det bli heilt feil.

---

<sup>54</sup> Paulsen et al. 2014: 3

<sup>55</sup> Paulsen et al. 2014: 4

<sup>56</sup> Paulsen et al. 2014: 4

<sup>57</sup> Paulsen et al. 2014: 4

<sup>58</sup> Paulsen et al. 2014: 4

## Konfliktfylt og prega av mistillit

At møtet mellom innvandrarar og barnevernet opplevast vanskeleg, er det fleire forskings- og dialogsprosjekt som har konkludert med. Frå begge sider, altså saksbehandlar og innvandarfamiliar, blir ofte forholdet opplevd som konfliktfult og prega av mistillit og samarbeidsproblem. I 2013 gjennomførte Innvandrarforum til dømes eit prosjekt som hadde som mål å skape dialog mellom barnevernet og innvandrarar, og å få forslag frå dei det handlar om for korleis ein kan løyse ulike utfordringar knytt til dette samarbeidet. I rapporten frå prosjektet gjekk det fram at tilsette i barnevernet og sosialarbeidarar ofte koplar utfordringane til kommunikasjon, språk, familiekonfliktar, manglande felles referanseramme og manglande informasjon om kulturell bakgrunn og migrasjonsårsakar. Vidare konkluderte ein med at auka kompetanse var noko av det viktigaste for å betre samarbeidet. Det vil seie å auke kompetansen i barnevernet, men også å i større grad formidle kva barnevernet er for noko til innvandrabefolkinga slik at innvandrarar får meir tillit og forståing for den jobben barnevernet gjer.<sup>59</sup> Det kan ofte vera stor skam og frykt knytt til det å oppleve at barnevernet grip inn i familien sitt liv, og denne frykta eller usikkerheita blir forsterka om ein ikkje har forståing for kva barnevernet si rolle eigentleg er. Dette fører vidare til at ein del saksbehandlarar i barnevernet vegrar seg for å gå inn i saker som omhandlar innvandarfamiliar.<sup>60</sup>

I kunnskapsoversikta frå 2014, blir det understreka at nokre av utfordringane som ein ser i møtet mellom innvandrabefolkinga og barnevernet, også er felles for resten av befolkninga. Desse handlar blant anna om mangelen på informasjon, at barnevernssystemet er komplekst og uoversiktleg, lang saksbehandlingstid, mangel på tillit og utfordringa med å vera hjelpar og kontrollør på same tid. Forskjellen er at desse faktorane blir forsterka når familiar har innvandrabakgrunn.

## Ikkje berre kulturelle forskjellar

Dei nemnde utfordringane, anten det dreier seg om særskilde utfordringar knytt til innvandrargruppa eller utfordringar som er felles for alle, blir ofte forklart med at dei handlar om kulturforskellarar. Dette er felles for faglege diskusjonar i barnevernet og i andre delar av det offentlege tenesteapparatet. Kulturomgrepet blir ofte brukt til å forklara ulikskap, marginalisering og underordning, men ein problematiserer ikkje koplinga til kulturen.<sup>61</sup>

Aleksandra Ålund som er ei av dei som har forska mest på innvandring i Norden, meiner at kulturforskellarar blir rekna som den grunnleggande årsaka til alle problem med innvandrarbarn, mens det i verkelegheita skjuler andre utfordringar som til dømes sosial og økonomisk ulikskap.<sup>62</sup> Dette er ikkje berre skadeleg for at det skjuler levekårsktorar eller flyktningfktorar, men det kan også føre til at personane det handlar om, blir usynleggjorde. Dei verkar ikkje som eigne handlande individ, men blir sett på som ein del av eit system. Dei blir forstått stereotypisk og ut frå forenkla gruppeeigenskapar. Denne forma for forenkling av «dei andre» kan føre til at barnevernet eller andre tenestar tek avgjersler basert på stereotyper og ikkje dei enkeltindividene dei har med å gjera. Dette er særleg tilfelle når ein arbeider under

<sup>59</sup> Innvandrarforum 2013

<sup>60</sup> Paulsen et al. 2014: 6

<sup>61</sup> Paulsen et al. 2014: 6

<sup>62</sup> Ålund 1997: 12

eit dagleg tidspress. Det blir difor lagt vekt på at ein må søkje å tilby kultursensitive tenestar for å unngå denne forma for fordommar og stereotypar.<sup>63</sup> Det vil seie at ein ikkje ser på kultur som noko statisk og skjærer alle frå same kultur under ein kam, men i staden forsøkjer å møte innvandrarfamiliane på ein fordomsfrei, lyttande og aksepterande måte. I tillegg framhevar til dømes Marie Florence Moufack i si masteroppgåve i sosialt arbeid, at ein må vera sensitiv på generelt grunnlag, altså at kulturforståing berre er eit av fleire perspektiv som må tas med for å få til ein god relasjon og god kommunikasjon med familiane. Ein må sjå dei individuelle forskjellane mellom brukarane.<sup>64</sup> Dette er noko fleire forskrarar legg vekt på, at ein må vakte seg for å leggje for stor vekt på kulturen. I staden må ein tenkja interseksjonelt, ein må også ta omsyn til spesifikke problemstillingar knytt til levekår og det å vera ein minoritet.<sup>65</sup> Når det gjeld levekår, trengs det meir forsking for å forstå kva det har å bety for innvandrarbarn sin overrepresentasjon i barnevernet.<sup>66</sup>

---

*Kulturforskjellar blir rekna som den  
grunnleggande årsaka til alle problem med  
innvandrarbarn, mens det i verkelegheita skjuler  
andre utfordringar som til dømes sosial og  
økonomisk ulikskap.*

---

Som nemnd kan det vera ei stor utfordring for tilsette i barnevernet å oppnå tillit blant innvandrarfamiliar, og tillit er avgjerande i alle barnevernsaker. Manglande tillit handlar ikkje berre om manglande forståing for kva barneverntenesta står for, men kan til dømes også handle om at det er ein kollisjon i synet på oppseding. Ikkje minst spelar språket ei avgjerande rolle, det er svært vanskeleg å etablera ein god relasjon om språkkunnskapane er svært avgrensa. Dette gjeld også om ein brukar tolk, det er vanskeleg å få tak i gode nok tolkar, og dette handlar ikkje berre om språkkunnskapar, men også kunnskap om det konkrete fagfeltet ein skal tolke for. Det påverkar også måten ein kommuniserer på, anten det er gjennom telefontolk eller oppmøtetolk. Om det er utfordringar med tolk, er nok den største utfordringa at det blir brukt for lite tolk. Dette handlar ikkje berre om barnevernet, men dei fleste offentlege tenestar. Ei utfordring er at dei juridiske rettane til tolk ikkje er så klare, og at det difor alltid er ein risiko at det å bruke tolk blir nedprioritert med ein gong det er dårleg økonomi innan tenestane eller kommunane som heilskap. Det står klart og tydeleg at alle brukarar av offentlege tenestar skal ha eit likeverdig tilbod, men at det inneberer bruk av tolk om brukaren har avgrensa språkkunnskapar, er det opp til tenestane å bedømme.<sup>67</sup> For å betre denne situasjonen bør ein få fram meir kunnskap om bruk av tolk i barnevernet. Ein må fokusera på betre utdanning, kvalitet og kvalifisering av dei tilsette i barnevernet og tolkane som ein nytiggjer seg av.<sup>68</sup>

---

<sup>63</sup> Paulsen et al. 2014: 7

<sup>64</sup> Moufack 2010: 113

<sup>65</sup> Paulsen et al. 2014: 66

<sup>66</sup> Paulsen et al. 2014: 66

<sup>67</sup> Paulsen et al. 2014: 67

<sup>68</sup> Paulsen et al. 2014: 70

Noko som også er ei mangelvare når det gjeld forsking innan dette feltet, er kva effekt ulike hjelpe- og omsorgstiltak, har overfor innvandrarfamiliar. Dette er avgjerande for å veta om tiltaka fungerer, og kva ein eventuelt bør endra på for å få til betre tiltak. Det er til dømes behov for dømer på brukarane sine erfaringar med gode praksissar slik at ein kan vidareutvikle barneverntenesta og andre offentlege tenestar til å betre ivareta innvandrergrupper. Det er også mindre forsking knytt til brukarane, og meir fokus på korleis tenesta opplever møtet med innvandrarane. I rapporten om kunnskapsstatusen frå 2014, legg ein særleg vekt på at ein treng fleire undersøkingar med fokus på samhandling og kommunikasjon, og korleis dette blir oppfatta av tilsette, barn og foreldre. Særleg er det lite kunnskap om kva barna har opplevd og erfart.<sup>69</sup>

---

<sup>69</sup> Paulsen et al. 2014: 68



## Haldingar til det offentlege systemet i Noreg

I dette kapittelet skal eg ta føre meg korleis dei ulike informantane har oppfatta det offentlege systemet i Noreg. Kva erfaringar og oppfatningar har dei med dei ulike tenestane, og korleis kan tenestane bli betre?

Det er viktig å understreke at det ikkje er slik at alle eg har snakka med uttaler seg om alle tema eg tek opp i denne rapporten, og det er heller ikkje slik at alle uttaler seg om alle offentlege tenestar. Det kan vera av ulike årsaker, det kan vera fordi temaet eller tenesta ikkje er relevant for informanten. Til dømes er det sjølvsagt ikkje relevant å spørje korleis heimlandet er likt eller ulikt Noreg, visst informanten kjem frå Noreg. Nokre spørsmål kan det vera at informantane ikkje er så interessert i å snakke om, og at det dermed blir korte svar og lite informasjon. Då er det i seg sjølve interessant, og eg vil i dei tilfella drøfte kvifor det er slik.

Det kan også vera at eg ikkje har stilt dei same spørsmåla til alle fordi eg har hatt meir tid med nokon informantar enn andre. Som nemnd har nokre intervju vore på over 2 timer, det seier seg sjølve at eg vil ha meir informasjon frå dei intervjuia enn dei som har vart om lag 1,5 time. Dette betyr at det ikkje er sikkert eg kjem inn på alle informantane for kvart tema eg tek opp.

### Nederlandsk mor og far

Foreldra med bakgrunn frå Nederland, fortalte at dei synest systemet er ganske likt i Noreg og i Nederland. Ein får dei same vaksinane, ein har oppfølging frå helsestøster omrent på same vis som her. Og ein har eit liknande skulehelsesystem som i Noreg.

Nå hugsa mora at ho var litt redd for at ungane ikkje fekk alle vaksinane dei skulle ha, om dei verkeleg var med i systemet når dei kom her. I Nederland hadde dei nemleg fått veldig mange. Ein mogleg årsak tenkjer ho, kan vera at dei rett og slett var ferdige med dei fleste i Nederland. Dette viser kanskje at helsestasjonen ikkje har vore gode nok til å informera dei om vaksinasjonsprosessen. Det er ei stund sidan dei kom til Noreg, og helsetenesta kan ha endra seg sidan den tid når det gjeld måten innvandrarar blir ivaretatt.

Tilliten til det offentlege systemet i Nederland, er også veldig høg slik den også er blant nordmenn. Ein stor forskjell mellom systema handlar om geografiske forhold. I Nederland treng ein ikkje å reise langt for å møte ein spesialist, men i Ryfylke må ein ofte reise i fleire timer om ein bur langt frå Haugesund og/eller Stavanger. I Nederland er det berre snakk om nokre timer frå ein ende til ein annan ende av landet. Avstandar me har berre innanfor Rogaland fylke.

## Norsk ungdom

Ein norsk ungdom i Ryfylke har vorte kjend med det offentlege systemet i Noreg frå ei ganske därleg side. Han vart utsett for eit overgrep då han var barn. Dette var noko fleire fekk med seg, og på skulen opplevde han difor å vera den guten som hadde opplevd dette. Det blei derimot aldri snakka om, men dyssa ned. Han meiner denne tystnaden berre gjorde det verre for han, for andre barn synest det blei ekstra interessant når dei oppfatta at dette var noko ein ikkje kunne snakke om, og stilte han difor mange spørsmål. Etter nokre år byrja det å roa seg. Han fortel at overgrepet var medverkande til at han kjende behov for å verka tøff overfor andre. Og det han synest var tøft som liten gut, det var å snakke imot folk, å vera sterk og å kunne slås. Han blei dermed oppfatta som eit problembarn ganske tidleg, men han meiner det eigentleg handla om at han var usikker og redd. Han opplevde at folk misforstod denne usikkerheita, og trudde at oppførselen tyda på at han var: «*for sjølvsikker og gav for faen*», seier han. Dessutan synest mange av dei ressurssterke og flinke elevane at han var kul når han til dømes snakka stygt til lærarane.

## Å bli sett

I ettertid har han blant anna tolka si eiga måte å oppføre seg på, som eit resultat av manglande kjærleik frå mange av dei vaksenpersonane han møtte som barn. Kjærleiken han meinte han mangla, handla meir konkret om det å bli sett, at nokon sa til han at han var god nok som han var, at han ikkje trengte å gjera narr av folk for å bli likt. I staden for blei han ofte møtt med straff når han utøvde ei åtferd dei vaksne ikkje likte, til dømes ved å bli aggressiv eller ved å mobbe andre medelevar. Han synest han heller burde ha blitt spurt kvifor han gjorde dei handlingane han gjorde. Når han blei møtt med «hardt mot hardt» som han kallar det, reagerte han med å bli enda meir sint. Stadig fleire instansar blei kopla inn, til dømes barnevernet og barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk. Han blei sendt til sjukehus for å måle hjerneaktiviteten, noko som fekk han til å tenkja at han kanskje var psykopat og gal, og gjorde at han følte han måtte leva opp til den rolla.

«*Eg var ikkje glad i meg sjølv*», seier han, og difor tenkte han heller ikkje at andre kunne vera glad i han. Dermed var det lettare for han å ta på seg rolla som bråkmakaren i klassen framfor å vera seg sjølve. I staden for å sjå at dette var ein slags forsvarstaktikk frå han si side, prøvde dei ulike offentlege instansane å bruke straff og løn for å få han til å oppføre seg betre. Dette er noko han er vorte veldig kritisk til som ein oppsedingsmetode. Han meiner det er ei naudløysning der barna ikkje lærer det vesentlege, nemleg kva som skil ei god og ei därleg handling. Han seier:

*«Det er farleg å læra at du skal ikkje slå Ole fordi då får du ein slikkepinne. Du skal læra at du skal ikkje slå Ole fordi Ole kjem til å bli lei seg, og du kjem til å få det vondt med deg sjølv. Alt dette som gjer at vaksne menneske ikkje er stygge med kvarandre.»*

Dessutan opplevde han at det ikkje nyitta å seie i frå at han hadde det vondt, det blei ikkje teke på alvor utan at han utagerte på ein eller annan måte. Om han berre gav beskjed førte det berre til eit klapp på skuldra, men om han til dømes velta ein pult, blei han teke på alvor. Då kopla

skulen inn helsevesen og barnevernet. Men sjølv om den utagerande oppførselen gjorde at dei såg han og tok han på alvor, blei åtferda hans tolka heilt feil, meiner han. Han fekk til dømes ein ADHD-diagnose som blei teke bort seinare. Dette meiner han handla mest om at han hadde fleire symptom som minna om ADHD på grunn av det han hadde opplevd. Han har følt på ein konstant uro, ein slags permanent beredskap som gjorde det umogleg å klara å konsentrera seg på skulen. Då han fekk denne diagnosen gjorde det derimot at desse symptomata blei forklart med ADHD-diagnosen og ikkje dei underliggende årsakene til at han var så uroleg.

Han har følt at mange i det offentlege apparatet har ynskja å hjelpe han, men at dei ikkje har gjort det på rett måte. Dessutan har han også hatt problem med å stole på vaksne folk etter å ha blitt utsett for overgrep. Dermed var det særleg vanskeleg for han å sjå at folk faktisk var glad i han. Sjølv om dei sa dette, kjende han det sjeldan som noko genuint. Dette er noko han meiner det er svært viktig at offentlege instansar fokuserer meir på, at kjærleiken til den som er brukar kjem tydeleg fram, at ein ikkje kjenner seg behandla på ein kjenslelaus og byråkratisk måte. Nå skal det seiast at han opplevde å bli sett både i barnevernet og blant lærarar, men dei det handla om blei sjeldan høyrd av fleirtalet.

### Møtet med barnevernet og skulen

I ettertid har han sett kor galt mykje av det han har blitt utsatt for har vore. Han meiner loven er blitt brote i mange tilfelle, både frå skulen og barnevernet si side. Han meiner skulen var verst, og seier at dei berre brukte: «*jernhand heile vegen.*»

Sidan han hadde det så vanskeleg i oppveksten, var det ikkje lang veg til å byrje med rus. Dette var ein måte å lindre den uroa han følte inni seg, fortel han. Dessutan var det mange som trudde han rusa seg før han faktisk byrja med det. Han kjende seg altså plassert i ei rolle, på same måten som at han også alltid vart rekna som bråkmakaren på skulen eller i lokalsamfunnet. Det at han heile tida blei satt i ulike roller, førte til at han meir og meir blei den personen folk meinte han var. «*Eg trur det er farleg å putte folk i bås og gi dei roller,*» seier han.

Denne rolletildelinga møtte han ikkje berre frå offentleg tilsette, han opplevde også å bli utstøtt og sett ned på av fleire foreldre i lokalsamfunnet. Dei såg han som ein trussel for deira ungar. Han fortel:

«*Eg opplevde jo å bli trua frå foreldra til medelevar på veg heim frå skulen når det var mørkt. Vaksne manfolk som stopper og truar [eit barn].*»

I staden burde dei heller ha invitert han med inn i heimane sine, meiner han. Hadde han blitt sett av andre barn sine foreldre og ikkje blitt behandla som ein drittsekks, meiner han at han ville ha behandla sine medelevar betre. Då ville han hatt eit positivt forhold til både elevane og foreldra, framfor å heile tida kjenne på ein motstand som han måtte gjengjelde med meir motstand. Her er eit viktig poeng meiner han, ein må også oppleve kjærleik og det å bli sett frå folk i lokalsamfunnet, ikkje berre det offentlege og eigen familie:

*«Det blei for lite kjærleik og varme, og eg blei for lite sett. Og mamma og pappa var nok ganske flinke på å gjera det, men eg møtte så mykje hardt i bygda og motstand frå masse folk. [...] Det er ikkje nok at mamma og pappa elskar deg. For alle barn veit at alle mammaer og pappaer elskar barna sine - altså eg kunne sikkert vore heilt usmakleg så hadde mamma og pappa fortsatt elskat meg - det gjer jo ikkje meg til ein fin fyr. Å få veta at eg er ein god fyr som er verdt å vera glad i. Eg trenger å sjå at læraren min er glad i meg, eg trenge å sjå at dama i kassen på butikken syns det er kjekt å sjå meg, [at] naboen likar meg.»*

### Kjærleik i barnevernet

Bodskapen om å bli møtt med kjærleik og å bli sett, særleg frå det offentlege, er han ikkje alleine om når det gjeld barn som har vore involvert i barnevernet. Gjennom intervju med ungdom, foreldre og tilsette, har Hilde Marie Thrana, undersøkt kva betydning kjærleik har i barnevernet si praksis. Her skil ho mellom to formar for kjærleik, nemleg kjærleik som anerkjenning og som nestekjærleik. Nestekjærleik handlar om å hjelpe dei som har behov for hjelp uavhengig av kven dei er. Anerkjenninga handlar om å bli elskat for den ein er og som ein er, og er i slekt med den kjærleiken ein kan oppleva frå sin familie og sine nærmeste.

Ungdommane fortalte historier der dei kjempa for å bli sett av foreldre, terapeutar lærarar og medelevar, gjennom å endre åtferda si. Slik me også har sett at ungdommen frå Ryfylke følte at han måtte utagera for at folk skulle sjå han skikkeleg og ta han på alvor.

Noko av det viktigaste ho fekk veta frå ungdommane ho intervjuja, var at dei utvikla betre sjølvtilleit gjennom å bli møtt med kjærleik frå dei tilsette. Og sjølvtilleit var ofte ei mangelvare for barnevernsbarn, til dømes fordi nokon av dei har opplevd lite kjærleik frå sin familie.<sup>70</sup> For å oppleva kjærleiksforma som hadde med anerkjenning å gjera, la ungdommane vekt på at relasjonen mellom tilsett og ungdom var gjensidig:

*«Det at forholdet opplevdes gjensidig beskrev ungdommene ved at de merket at de ansatte hadde lyst til å være sammen med dem, likte dem og gav dem positiv respons på samværet. Ansatte beskrev noe av det samme ved at de opplevde glede, positiv respons og kjærlighet fra ungdommenes side når den gode relasjonen var etablert. En av de ansatte sa at det å opp leve denne responsen på at de betydde noe for ungdommen, var et frynsegode og belønning for å være i en slik jobb som var temmelig krevende. Det framkom i intervjuene med ansatte at det var også viktig for dem «å bli sett» som et medmenneske, venn og en fagperson som hadde noe å bidra med til ungdommen.»<sup>71</sup>*

Men det aller viktigaste for ungdommane ho intervjuja, var at dei opplevde at dei tilsette heldt ut med dei sjølv om dei var vanskelege, aggressive, viste motstand og/eller ikkje ville endra seg.<sup>72</sup> Dette er også det ungdommen frå Ryfylke seier over, altså at ein må oppleva å bli sett og forstått, sjølv om ein oppfører seg därleg. Slik foreldre visar kjærleik til barnet sitt sjølv

<sup>70</sup> Thrana 2015: 74

<sup>71</sup> Thrana 2015: 80

<sup>72</sup> Thrana 2015: 81

om det gjer ei därleg handling. På same måte som eit barn kan teste om foreldra verkeleg elskar ein ved å utøve uynskt åtferd, forsøkjer ungdommane å teste om relasjonen er sterk og haldbar ved å utfordre dei tilsette. Thrana skriv:

*«De ansatte som holder ut i denne perioden hvor de samtidig også bekrefter og imøtekommer ungdommens behov for felleskap, aktivitet og hjelp i hverdagen, består da denne «kjærighetstesten». De ansatte drøftet også viktigheten av å være utholdende i arbeidet med ungdommen og samtidig bekrefte ungdommens «jeg» når det røyner på som verst.»<sup>73</sup>*

Thrana konkluderer med at kjærleik bør vera ein grunnkompetanse hjå dei tilsette i barnevernet. Dette er det blitt auka fokus på dei siste åra. Barnevernslova vart nemleg endra i 2018, mykje på grunn av liknande tilbakemeldingar frå barnevernsbarn som Trane fekk fram i doktoravhandlinga si.<sup>74</sup> No står kjærleik spesifikt nemnd under paragraf § 1-1. Lovens formål:

*«Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.»<sup>75</sup>*

### Kompetanse på bygd

Det ungdommen frå Ryfylke har ynskja, altså å bli møtt med kjærleik, er altså i tråd med eit av fokusa barnevernstilsette blir anbefalt og lovpålagt å ha i dag. Sjølve meiner han at slik han blei behandla blant anna kan forklarast med at han budde i ei lita bygd:

*«Det er jo mykje som henge igjen frå gamalt av. Det er jo veldig lett å tenke dette her at barna har vondt i viljen. «Berre knekk han så høyre han etter etterpå, sant?»*

Kan hende har han noko rett i dette? Sjølv sagt er det umogleg å avgjera dette ut i frå den konkrete saka sidan ein berre har han si side, men det ein i alle fall kan seie, er at det ofte kan vera vanskelegare å få tak i kvalifisert kompetanse i mindre bygder og tettstader, enn i større byar. At det kan vera vanskeleg, kom fram i ein tilsynsrapport frå 2013 om helsetenesta i ein av kommunane i Ryfylke:

*«Sauda kommune har betydelige utfordringer med stor utskifting av personell ved helsestasjonen og å skaffe kvalifiserte helsesøstre. Helsestasjonslegefunksjonen er, og har over tid, vært ivaretatt av vikarleger. Denne situasjonen øker risikoen for svikt i tjenestetilbuet til barn i alderen 0 – 6 år, og innebærer at kommuneledelsen må vurdere behovet for å iverksette særlige styringstiltak.»<sup>76</sup>*

Historia ungdommen fortel, kan dessutan tyde på at skulen og barnevernet ikkje har hatt god nok kompetanse til å kunne tolke og forstå hans åtferd. Eller meir spesifikt meiner han det var

---

<sup>73</sup> Thrana 2015: 81

<sup>74</sup> Hansen 2017

<sup>75</sup> Endringer i barnevernloven mv. 2018: § 1-1

<sup>76</sup> Helsetilsynet 2013

fleirtalet ved tenestane som ikkje forstod han, mens nokon enkeltpersonar forstod han betre. At desse ikkje klarte å overtale fleirtalet er ganske vanleg når ein har med ein bedriftskultur å gjera. Som ved alle kulturelle endringar, tek den lang tid å endra, og krev ofte at det skjer eit generasjonsskifte der dei med nye haldningar overtek som majoritet ved arbeidsplassen.

## Eritreisk ungdom

Ein eritreisk ungdom fekk sitt første møte med det offentlege systemet i Noreg før ho og familien kom til landet. Dei var i ein flyktningleir då dei fekk opphold i Noreg, og då er det vanleg å få litt informasjon før ein drar. Før dei reiste fekk dei eit lite kurs om Noreg. Ho hugsa at ho synest det var rart at det første temaet dei lærte om var homofili. Ho synest det var merkeleg at ein valte å fokusera på dette på eit så tidleg tidspunkt, at ein ikkje tenkte at dette var noko dei kunne læra om etter at dei kom til Noreg og vart kjend med landet.

Skulesystemet i Noreg var også ein overgang. Det var skremmende å møte opp på ein skule der ho ikkje kunne språket og ingen kunne snakka med ho. Rett nok kunne ho litt engelsk, men det var for lite til å få meiningsfulle samtalar ut av det. Ho byrja å lese mykje heime for å klare å forstå språket, og forstod etter kvart som ho lærte meir norsk at ikkje alle var like positivt innstilt til nokon frå eit framand land med ein annan hudfarge. Kjensla av å ikkje bli heilt godtatt av alle, var ikkje god. Faktisk kjende ho ikkje til omgrepene «mobbing» før ho kom til Noreg. På skulen ho gjekk på før dei flytta, opplevde ho ikkje at nokon var utanfor, heile klassen var ei gruppe. På skulen ho gjekk på i Ryfylke derimot, var det mange små grupper av venner i ein klasse.

Kan dette ha noko med at ein legg meir vekt på det kollektive samfunnet framfor individet i hennar kultur, samanlikna med den norske kulturen? Dette er i alle fall ein tydeleg forskjell ho har merka seg. Samfunnet kjem først, og ein aksepterer at det er andre enn ein sjølve som skal avgjera kva som er rett og gale å gjera. I Noreg synest ho derimot det blir sett på som positivt at ein finner fram til løysningar sjølve.

Samtidig handlar kanskje fråværet av mobbing om ein heilt anna disiplin på skulen ho gjekk på før? Skulekvardagen var svært ulik der og i Noreg, fortel ho. Ho var vand med at lærarane ofte kunne behandle dei därleg, men det var vanskeleg å seie i frå til lærarane når dei gjorde noko feil fordi det kunne bety at dei fekk straff, til dømes fysisk straff eller å bli utvist for fleire dagar. Faktisk tenkte ho at det var betre å bli slått enn å bli utvist over lengre tid. Dessutan blir foreldra også innkalla når dette skjer, som jo sjølvsagt gjer det enda verre.

Då ho kom til Noreg og fekk oppleva skulen her, synest ho lærarane behandla ho på ein mykje meir rettferdig måte. Samtidig har ho merka at det er lite disiplin i klassane. Elevane får av og til sitje å holde på med dataspel og Facebook utan at læraren bryt inn. Ho meiner læraren ofte ikkje har kontroll fordi nokon av elevane er så vanskelege og manglar respekt.

Sidan ho har opplevd å ha lærarar som ikkje bryr seg skikkeleg, sett ho truleg større pris på lærarane enn mange av sine medelevar. Ein risikerer ikkje å bli slått om ein svarer feil, eller at læraren kjeftar på ein og kallar ein dum, fortel ho. Mange veit ikkje korleis det er å plutsleleg få lærarar som verkeleg vil at ein skal læra og lukkast vidare i livet. Dessutan er alt gratis,

tidlegare var ho vant med at familien måtte betale for skulebøker og anna materiell. I tillegg var det ofte veldig store klassar. Det kunne vera opp mot hundre elevar i ein klasse på det verste. Ho understreker samtidig at ho også har sett at mange etnisk norske elevar har vore opptekne med å gjera det bra og har hatt større respekt for læraren.

At lærarane ofte ikkje blir respektert i Noreg, handlar kanskje om at eldre blir lite respektert, og ho har også sett at dette gjeld for foreldra. Slik norske ungdommar kranglar med sine foreldre, kunne ho aldri ha gjort. Samtidig som ho opplever dette som respektlaust, ser ho at det kjem ann på oppsedinga deira, at dei er vorte oppsed på ein heilt anna måte enn ho, og at det dermed er naturleg for dei å ha ein heilt anna tone med foreldre og andre vaksne.

### **Demokrati og likestilling**

Noko ho i særleg grad har merka seg når det gjeld skiljet mellom eigen og norsk kultur, er vekta på demokrati og fridom her til lands. Om foreldra seier at du skal gifta deg, same kor gamal du er, så må du gjera det. I Noreg får ein ofte beskyttelse om foreldra vil tvinga deg til noko. Ho understreker at det er kulturelle forskjellar mellom dei ni ulike folkegruppene i Eritrea. Om det er mange forskjellar er det også mykje som er felles, til dømes at det ikkje er likestilling mellom kvinner og menn. Kvinner er rett og slett mindre verdt enn menn.

### **Barnevernet**

Familien hennar har erfaring med barnevernet. Då dei kom til Ryfylke, opplevde dei at barnevernet var etter dei med ein gong. Dei var veldig redde for at nokon av barna skulle bli tatt bort. Dei hadde mange møter med barnevernet, men utan å få noko hjelp med oppsedinga. I mange tilfelle synest ho dei misforstod alt, mens i andre tilfelle forstod dei ganske godt. Ho synest det virka som om dei meinte at dei skulle oppdra ungane akkurat på same måten som nordmenn, utan omsyn til at dei har ein annan kultur.

Det verka som om dei hadde bestemt seg på førehand at afrikanarar ikkje kunne oppdra barna sine skikkeleg, synest ho. Ho meiner dei heller burde ha fått rettleiing for korleis ein skal vera overfor barna sine. Og så kunne barnevernet kome innom og sett om ein hadde tatt til seg lærdommen etter litt tid. Altså ikkje før dei i det heile tatt har fått lært seg noko om den norske kulturen. Ho synest dei hadde lite forståing for kor dei kom i frå og deira kultur. Ho meiner at alle som jobbar i barnevernet burde ha noko kunnskap om ulike kulturar for å i det heile tatt få jobba der.

### **Irakisk mor**

Mora frå Irak gir først inntrykk av at ho har fått god hjelp frå det offentlege systemet når ho kom til Noreg, men når eg spør litt meir kjem det fram at ikkje alt var så bra likevel. Ho fortalte at ho hadde därleg erfaring med barnevernet. Ein av hennar barn vart teke frå ho etter at barnet hadde fortalt i barnehagen at nokon i familien slo barnet. Dette skjedde utan at ho visste om det, og utan noko form for undersøking frå barnevernet si side. Ho var ikkje ukjend

med barnevernet frå før av, for ho hadde teke kontakt med dei tidlegare fordi ho ville ha hjelp til å gjera lekser med barna. Dette var ikkje lett for ho å bidra med når ho ikkje kunne norsk særleg godt. Ho var altså ikkje redd barnevernet i utgangspunktet, og hadde heller ikkje høyrd noko om denne institusjonen før ho kom til Noreg. Det var eit sjokk for ho at dei faktisk hadde moglegheit til å ta barna hennar.

Ho fortel at ho har hørt om andre som også har opplevd at barnevernet kjem for å ta barna frå foreldra, utan at foreldra blir skikkeleg informert om kva det handlar om. Ho er altså svært misfornøgd med måten barnevernet har behandla ho på, ikkje berre når det gjeld det at barnet blei teke frå ho, men også måten det blei gjort på og at ho fekk så lite informasjon.

Denne saka verkar også forvirrande og uklar for meg som intervjuar, men dette kan truleg forklarast med meir enn at kommunikasjonen mellom ho og barnevernet, har vore mangelfull. Kommunikasjonen mellom meg og ho under sjølve intervjuet var heller ikkje optimal.

Samtalen føregjekk nemleg via telefontolk, noko eg merka var veldig avgrensande. Det vanskeleggjorde ein god flyt i samtalen og førte til misforståingar, som gjorde at spørsmål måtte stillast fleire gonger. Det verste problemet var at tolken ikkje var god, trass i at eg hadde bedt om ein godt kvalifisert tolk og hadde informert om at det handla om eit intervju. Eg hadde samtalar på førehand med informanten utan tolk, og slik eg oppfatta det, hadde me ein betre dialog då på tross av utfordringane med språket. Då kunne me forsøkje å gjera kvarandre forstått ved å bruke kroppsspråk. Under intervjuet enda begge partar ofte med å retta seg litt for mykje mot telefonen, framfor å sjå og kommunisera med den ein faktisk snakk med.

Her merka eg også utfordringa med å ha lite erfaring med bruk av tolk. Det hadde vore svært nyttig å hatt eit kurs og meir praktisk øving, når eg skulle intervju menneske der det var nødvendig med bruk av tolk. På den andre sida fekk eg gjennom dette kjenna på dei same utfordringane som mange offentlege tilsette møter i sin kvardag. At dei ikkje har fått særskild opplæring i bruk av tolk, og må læra gjennom prøving og feiling kva som er gode strategiar. Sidan eg brukte ein tolkebedrift som også er brukt av ein av kommunane i Ryfylke, fekk eg også erfare kor varierande kunnskapar tolkane har.

## Eritreisk mor

Intervjuet med mora med kulturell bakgrunn frå Eritrea, var også med tolk. Her var tolken flinkare, i alle fall så vidt eg kunne høre på norsk, og samtalet gjekk dermed betre enn med mora frå Irak. I tillegg kan det ha hatt noko å seie at eg hadde hatt fleire møter med ho, mens eg berre hadde hatt eit møte med mora frå Irak før intervjuet. Mora frå Eritrea kunne fortelje at dei fleste foreldre ho kjenner er redde for barnevernet. Sjølve meiner ho at: «*Visst barnevernet står for barna og vil hjelpe, då er det greitt.*» Då ho kom til kommunen, hugsa ho at barnevernet kom innom vaksenopplæringa og informerte om jobben deira. Helsestasjonen var også innom. Kanskje dette besøket har gjort ho meir positivt innstilt til denne tenesta, enn mange av dei foreldra ho kjenner? Samtidig kjem det fram at ho ikkje berre er positiv, ho meiner at barnevernet ikkje høyrer på kva foreldra seier. «*Dei er veldig veldig bestemt,*» seier ho. Vidare fortel ho at ho har hatt erfaring med barnevernet i tre år på grunn av det eine barnet

hennar. Her var det ho som vente seg til kommunen for å få hjelp med leksene, men i løpet av desse åra synest ho ikkje at ho har fått noko hjelp av dei. Både mora med bakgrunn frå Eritrea og frå Irak, byrjar altså med ei meir eller mindre positiv skildring, og endar opp med å bli mindre positiv lenger ut i intervjuet. Har dette noko med at eg som intervjuar er etnisk norsk, og spør dei om noko ved det norske samfunnet? Trur dei at eg håpar på eit positivt svar? Om ein ynskjer å bli godt likt av nordmenn, kan det vera ein dårleg strategi å kritisera delar av den norske kulturen eller det norske systemet, då skal ein i så fall veta kva det er greitt å kritisera og kva det ikkje er greitt å kritisera. Eg vil tru at svært mange som kjem til eit nytt land vil prøve å seie mykje positivt om det landet dei kjem til som ein av fleire strategiar for å bli godt likt og inkludert. Eg kan sjølvsagt ikkje veta dette sikkert, men eg tenkjer at det ikkje er usannsynleg at dette kan ha påverka det informantane har fortalt meg, og forklare kvifor fleire i byrjinga var forsiktige med å fortelje om kritikkverdige forhold.

Mora frå Eritrea fortalte også om positive erfaringar. Ein instans som har hjelpt ho mykje er introduksjonstenesta. Her er det særleg snakk om ei som har jobba der som ho har vorte godt kjent med, og som ho har utvikla ein stor respekt for. Ikkje overraskande er det einskildpersonar som sett spor, ikkje tenestane som heilskap. Fleire av informantane trekker fram ein eller to personar som har betydd ekstra mykje for dei, anten det er nokon som jobbar i det offentlege eller andre i lokalsamfunnet.

## To litauiske mødrer

Eg har snakka med to mødrer frå Litauen, og for å kunne skilje dei gir eg dei to fiktive namn, nemleg Sandra og Monica. Sandra fortel at det er mykje på internett og på tv i Litauen der barnevernet har teke barn, eller der foreldre fryktar at barnevernet tek barna for ingenting. Før ho kom her hadde ho ikkje høyrt om frykta for barnevernet. Det er nokre år sidan no, men ikkje veldig lenge sidan. Men det var før det byrja å ta av med nyhendesaker i utanlandske media om det norske barnevernet. Når dei kom til Noreg fekk dei høyre om det, og at det var veldig viktig å respektera norske reglar kring barn.

Ho nemner vidare at sjølv om det er veldig mange likskaper mellom litauisk og norsk kultur, er det likevel ein litt strengare oppseding generelt sett. Til dømes at ein gjerne snakkar høgare til barna, noko som ikkje fungerer i Noreg. Psykologisk sett er det jo rett at dette ikkje er bra å gjera meiner ho, men det er mange som ikkje forstår dette eller har fått det forklart. Særleg er dette ei utfordring fordi: «*det er lagt litt lite vekt på å integrera arbeidsinnvandrarar.*», seier Monica. Med tanke på at Noreg faktisk treng denne arbeidskrafta, synest ho ein kunne lagt meir til rette for denne gruppa, og ikkje berre dei som kjem her som flyktningar. Ho nemner også ein annan kulturell forskjell, i Litauen er det vanleg å jobbe veldig mykje, og barna må difor ofte klare seg åleine heime litt tidlegare enn det som er mest vanleg i Noreg. Dette meiner ho ofte vil vera tilfelle i Noreg også, sidan mange frå Litauen jobbar mykje her òg.

For å unngå at kulturforskjellane fører til utfordringar i møtet med det norske systemet, meiner dei begge at det er viktig at dei offentlege tenestane, jobbar med familiene som kjem her. Om ein instans, til dømes skule eller barnehage, ser problem, bør dei snakke med foreldra først. «*Dei kan ikkje forstå alle norske reglar, men det betyr ikkje at dei ikkje passer på barnet*

*sitt.», seier Monica. Det offentlege må informera og snakka med familiene som kjem for at desse reglane skal bli forstått.*

---

*Dei kan ikkje forstå alle norske reglar, men det betyr ikkje at dei ikkje passer på barnet sitt.*

---

## Syrisk mor og far

Foreldra med syrisk bakgrunn nemner at ein viktig forskjell mellom det offentlege systemet i Noreg og Syria, er at ein ikkje får hjelp frå staten med mindre ein jobbar i det offentlege. Om ein til dømes blir sjuk og ikkje kan jobbe lenger, må vener eller familie hjelpe til. Det finnes også ordningar som er slik at nokon kan gi pengar anonymt til dei som treng det. Det finnes offentlege sjukehus, men her er det ofte studentar som jobbar, noko som gjer at ein ikkje kan stole på behandlinga på same måte som på dei private sjukehusa. Dermed er det berre dei som ikkje har jobb og er fattige som går på dei statlege sjukehusa.

Nå skal det seiast at det var veldig lett å få jobb i Syria fordi det var mykje industri, i alle fall i dei største byane. Dette er ikkje tilfellet lenger, nå er mange av fabrikkane flytta til nabolanda. Dermed er det først og fremst offentlege jobbar som er igjen. Ein viktig forskjell når det gjeld yrkeslivet, er at mange har gått rett i jobb og lærd seg yrket gjennom praksis og ikkje gjennom utdanning. Dette er jo i svært liten grad mogleg i Noreg, noko faren nemner er ei stor utfordring for mange frå Syria. Han sjølve har ikkje utdanning, men jobba seg opp til å bli eigar av ei verksemد då han budde i Syria. Dermed er han i utgangspunktet godt kvalifisert til det han har jobba med i Syria, men utan papir kjem han ingen veg med dette.

Elles er det også vanleg med barnehagar i Syria, men mange mødrer jobbar ikkje. Ho jobba, og sendte derfor ungane i barnehage. Mange kvinnene tek utdanning, men ein del av dei byrjar å vera heime når dei giftar seg og får ungar. Det visar at ein har litt status om kvinna er heime med ungane, altså at ein klarer seg med ei inntekt. Slik det også var status i Noreg tidlegare.

Noko mora har merka seg, er korleis det offentlege systemet gjer at ein kan slappe meir av som mor i Noreg. Her har ein gode barnehagar og skular, men i Syria er det så mange barn per lærar, og barna kan bli slått i skulen. Det er eigentleg ikkje lov, men mange lærarar gjer det fortsatt og det er godtatt. I Noreg stolar ho derimot på at dei som jobbar i skule og barnehage gir barna kjærleik. Dette er faren einig med. Som med sjukehusa, kan ein få eit betre tilbod visst ein går på privat skule eller barnehage, men det må ein også ha råd til.

## Betre integrering

Når det gjeld kva dei offentlege tenestar bør gjera for å få til god integrering, foreslår mora i familien at det er viktig med eit godt samarbeid mellom til dømes foreldre og skule. Og ein

må ta i bruk tolk visst dei som kjem ikkje kan nok norsk. Det er viktig at skulen og andre tenestar som skal ha kontakt med flyktingar, prøver å bli kjend med dei og å forstå deira kultur. Og vidare må skulen eller barnehagen forklare kva dei forventar av foreldra, til dømes at ein må prøve å hjelpe til med leksene.

Sjølve har dei veldig god erfaring med den hjelpa dei fekk frå kommunen dei kom til. Dei fekk mykje informasjon gjennom foreldremøter. Dei har også litt erfaring med barnevernet, og opplevde å få god hjelp frå denne tenesta når dei trengte det. Dei har altså eit godt inntrykk av barnevernet, men dei fleste dei kjenner frå deira heimland er svært skeptiske til barnevernet. Rett nok synest dei også at ein kan vera flinkare til å informera innvandrarar kva denne tenesta faktisk handlar om. Dei meiner at mange har eit feil inntrykk og trur at barnevernet berre tek barn.

Frivillige tiltak og einskildpersonar i kommunen var også til stor hjelp i intergreringsprosessen. Særleg blei dei teke godt vare på av nokre frivillige einskildpersonar, som dei har god kontakt med i dag sjølv om det er nokre år sidan dei kom. Dei er vorte venene deira.

Her vil eg nemne at eg på eit tidspunkt byrja å lure på om dei var ekstra positive til staden dei kom til for å gi eit godt inntrykk til meg, slik eg også følte på overfor mødrene med eritreisk og irakisk bakgrunn. Om litt av denne entusiasmen kanskje handlar om å framstille Noreg på ein god måte overfor meg, må ein likevel kunne seie at deira hovudinntrykk av kommunen har vore positivt.

## Utanfor

Fleire av informantane fortel om at dei ikkje kjende seg heilt godteke når dei kom til Noreg. Både ungdommen og mora med eritreisk bakgrunn trudde at det kunne ha noko med bakgrunnen deira. Ungdommen nemnar at hudfargen kan ha noko å seie, og mora nemner alt fokuset på terror i media. Ho tenkjer at folk er skeptiske til ho fordi ho er frå eit afrikansk land, og forbinder ho med terroristane dei ser på tv, eller rett fram trur ho er ein terrorist. Det er kanskje ikkje så rart, med debattklimaet som har vore på sosiale media dei siste åra.



Sylvi Listhaug

9. mars kl. 08:35 ·

Vi vil inndra pass og statsborgerskap til fremmedkrigere og terrorister raskt og effektivt! Det vil Arbeiderpartiet stemme ned. I kampen mot terror kan vi ikke sitte og toe hendene våre!



\*\*\*

Eit døme på dette var Facebook-innlegget frå dåverande justis-, beredskaps- og innvandringsminister Sylvi Listhaug 9. mars 2018, der det står: «Ap mener terroristenes rettigheter er viktigere enn nasjonens sikkerhet. Lik og del». Teksten er plassert på eit biletet frå Somalia av terrorgruppa Al-Shabaab. Samansetninga av biletet og tekst, gjer altså at ein lett kan forbinde terroristar med muslimar eller mørkhuda menneske.

Innlegget vart lagt ut same dagen som Utøya-filmen hadde premiere, noko som

truleg gjorde at dei overlevande reagerte ekstra sterkt på innhaldet. Innlegget skapa ein stor debatt i media og blant dei ulike partia, om kva det er greitt å leggje ut i media av ein politikar, eller i særleg grad når ein minister uttaler seg om sakfelt som han eller ho har ansvar for. Ikkje minst, handla debatten om korleis ord og haldningar hjå politikarar med mykje makt, kan påverka offentleg debatt og stemning, og i verste fall vera med å auka framandfrykta i befolkninga.

Den konkrete saka Listhaug uttala seg om i innlegget handla om at Høgre og Frp foreslo å la Justisdepartementet ta statsborgarskapet frå personar som ein mistenker utgjer ein trussel mot nasjonale interesser utan at det blir behandla av domstolane. Det skulle gjelda for dei som har dobbelt statsborgarskap. Dei andre partia i Stortinget meinte at eit slikt vedtak måtte innom domstolane først. Debatten handla difor også om det å framstille saker på ein misvisande eller forenkla måte i sosiale media.

Listhaug la ut eit nytt innlegg der ho skreiv at ho sletta innlegget på grunn av manglande rettar til biletet. Under det nye innlegget finn ein mange dømer på at enkeltmennesker gir uttrykk for at svært mange av innvandrarane i landet vårt er potensielle terroristar, og det ser ut som ein ofte settjer likheitsteikn mellom terrorisme og mørkhuda menneske og/eller muslimar. Eit døme under gir inntrykk av at det er mogleg å observera alle terroristane berre ein tek eit biletet på Karl Johansgate:



Ein må anta at han som har skrive dette, meiner at ein kan sjå desse terroristane på hufargen eller klesstilen (les: hijab, nikab eller burka). Elles er det svært vanskeleg å sjå føre seg korleis ein skal kunne sjå på ei open gate kven som er terrorist.

Mora med eritreisk bakgrunn er kristen, og altså ikkje muslim som mange ser ut til å assosiere terrorisme med. Sosiale media har mogleggjort at slike fordommar overfor innvandrarar, har kome fram i lyset på ein heilt anna måte enn før.

Diverre ser det også ut som mange får stadig meir radikale og ekstreme haldningar, sidan det er lettare å få kontakt med likesinna, og å bli fora med informasjon som støtter opp om eigne haldningar på grunn av Facebook sine algoritmar. Dette kjem også fram i «Handlingsplan mot radikalisering og voldelig ekstremisme», lagt fram av den første Solberg-regjeringa:

*«Personer som fremmer ekstreme synspunkter på internett, finner lett støtte og ideologisk legitimering for sine oppfatninger. Gjennom internett får hatretorikk og budskap som forherliger vold i tillegg stor utbredelse. Informasjonen spres svært hurtig.»<sup>77</sup>*

At ungdommen og mora med eritreisk bakgrunn kan kjenne seg mistenkeleggjort er kanskje ikkje så rart, når hatefulle og intolerante haldningar overfor innvandrargrupper, kjem så tydeleg fram i dag. Dette kan føre til at mange innvandrarar kjenner på ein utanforskaps-

<sup>77</sup> Justis og beredskapsdepartementet 2014

Paradokset er at mistenkeleggjeringa nettopp kan føre til det mange innvandringskritiske fryktar, sidan utanforskning ofte er ein føresetnad for å kunne rekruttera terroristar. Dei som kjenner seg utanfor kan vera lette mål for terrororganisasjonar fordi dei får tilbod om å bli ein del av eit fellesskap, eit fellesskap som har same mål og meinings. Dette kjem fram i den nemnde handlingsplanen mot radikalisering:

*«Forebygging i et bredt perspektiv handler om å sikre gode oppvekstsvilkår for barn og unge, bekjempe fattigdom, samt å arbeide for at alle, uavhengig av bakgrunn, skal oppleve tilhørighet og beskyttes mot diskriminering. Generelt forebyggende arbeid på mange ulike felt kan også bidra til å motvirke at noen velger vold for å nå sine ideologiske eller religiøse mål.»<sup>78</sup>*

Som me har sett er det ikkje berre mine informantar med bakgrunn frå andre land som har kjend seg utanfor, dette gjeld også for den norske ungdommen. Det at han ikkje vart godteken i bygda, var med å føra han ut i rus, meiner han. I tillegg hadde som me har sett også sjølv overgrep med dette å gjera, sidan rusen gjorde at han kunne kjenne seg meir roleg - det var ein måte å dempe uroa inni seg. Dette er også noko som lett kan gjera at ungdommar havnar i ekstreme miljø. I handlingsplanen står det nemleg også at: *«Et utgangspunkt er at radikalisering og voldelig ekstremisme kan sees i samanheng med voldsproblematikk, aferdsvansker og psykiske problemer.»<sup>79</sup>*

Døma over framhevar kor viktig det er å jobbe for god integrering av alle i samfunnet, anten det handlar om å integrera ein etnisk norsk ungdom som har åferdsproblem, eller ein eritreisk ungdom. I begge tilfelle handlar det om å tolerera dei som er anten litt eller veldig ulik ein sjølv, og å forsøkje å sjå og forstå dette mennesket, og ikkje avfeie det som «den andre» som me ikkje vil ha noko med å gjera. Utredninga i handlingsplanen seier også nokså tydeleg at samfunnet som heilskap er tent med at me klarer å gå imot vår tilbøyelighet til å dela folk inn i grupper av «oss» og «dei», og heller forsøkje å skapa eit «me» i bygda og samfunnet. Då er ein ikkje medverkande til at nokre menneske blir radikaliserte eller kriminelle, ved å stenga dei ute.

## Innanfor

Som de har sett har me også forteljingar av nokon som har kjend seg innanfor då dei kom til Ryfylke. Den syriske familien og den nederlandske familien har for det meste gode ord å fortelje om korleis dei har vorte mottatt av det offentlege systemet og resten av samfunnet. Den syriske familien har møtt frivillige som har engasjert seg for dei, og dei har møtt tilsette i det offentlege som dei meiner har hjelpt dei i vanskelege situasjonar. Mora seier at dei opplevde at dei offentlege jobbar med kjærleik, mens den etnisk norske guten sa at det mangla for hans del og var heilt avgjerande for kvifor det gjekk så feil med han. Dette viser kor viktig det er å møte offentlege tilsette og andre personar i samfunnet som verkeleg ser ein. Slik også mora med eritreisk bakgrunn nemner den eine personen frå introduksjonstenesta når eg spør om nokon har hjelpt ho særleg mykje med å bli integrert. Med skuffa stemme nemnde ho også at ho som betydde så mykje, har slutta.

<sup>78</sup> Justis og beredskapsdepartementet 2014

<sup>79</sup> Justis og beredskapsdepartementet 2014

Når det gjeld den nederlandske familien, er nok ein viktig faktor noko som dei nemner sjølv, at det ikkje er så store forskjellar mellom deira heimland og Noreg. Når det er mindre som er annleis, er det lettare for nordmenn å akseptera dei som kjem. Rett nok har det truleg ikkje berre handla om det, det har nok også handla om at dei har vist stort engasjement i å bli integrert sjølve. Kor viktig dette er fortel også ei norsk mor eg har snakka med. Då ho flytta til ein av kommunane i Ryfylke forstod ho at ho måtte engasjera seg i lag og foreiningar for å kunne bli ein del av samfunnet der. Ho opplevde at dette var ein god strategi for å nå det målet.

God integrering krev at den går begge vegar, altså at både dei som kjem og dei som bur der frå før av, må vera villig til å jobbe med eigne haldningar og handlingar. Det krev at begge partar engasjerer seg. Samtidig er det sjølvsagt mykje enklare for ein etnisk nordmann å kunne engasjera seg i eit samfunn med så å seie dei same kulturelle kodane som ein er vande med. For ein nederlendar blir det litt vanskelegare, men det er likevel så mykje felles med den nord-europeiske kulturen at det går veldig greitt for dei fleste, slik me har sett med det nederlandske paret. Litt vanskelegare er det kanskje for dei som kjem frå andre delar av Europa, som mødrene frå Litauen. Men så skal ein hugse på at det er ikkje berre kulturelle forskjellar som spelar inn. Sosioøkonomiske forskjellar er også viktige, og som me har sett kan det til dømes vera vanskeleg for mange arbeidsinnvandrarar frå Litauen å bli kjend med nordmenn. Rett og slett fordi dei ikkje har tid. Mange jobbar lange dagar og har därleg betalte jobbar. Dette gjer det ikkje lett å til dømes ta del i norskkurs, med mindre dette faktisk er dekka av jobben. Og som fleire av informantane har nemnd: språk er nøkkelen til integrering. Er ikkje dette på plass, kjem ein aldri skikkeleg innanfor.

# Barneoppseding i Noreg og i heimlandet

I dette kapittelet er temaet korleis informantane oppfattar at oppsedinga er i Noreg og korleis den er i deira heimland. Eit viktig fokus er kva verdiar dei synest det er viktig å leggje vekt på i oppsedinga.

## Syrisk mor og far

### Ulikskaper mellom kjønna

Mora frå Syria nemner at det er stor forskjell i kva ein forventar av ei kvinne i heimlandet og i Noreg. Det er eit sosialt press for mange unge kvinner for korleis ein skal oppføra seg, og det var det også då ho var ungdom. Om ein til dømes går med kort kjole og treffer mange ungdommar, kan det fort vera at foreldra og/eller naboane reagerer på det. Dette meiner ho kan føre til at barna og ungdommene lærer seg å lyge for å kunne gjera det dei vil. Kanskje dei til dømes går kledd i lange klede før dei går ut, og så bytter dei til kortare klede når dei er komme ut. Då veit ikkje foreldra kva barna gjer fordi dei tørr ikkje å fortelje om det. Sjølve hadde ho kjæraste, og valte å halde dette hemmeleg for familien sidan ho ville fått straff visst det hadde funne det ut. Ho understreka at det er lov å snakke med gutar for å bli litt kjent, men ein må fortelje det til familien visst ein er interessert. Vidare må dei bli kjent med han òg.

Mora fortel at nokre foreldre reagerer veldig sterkt visst du får kjæraste. «Kanskje dei dreper deg», fortel ho. Sjølv sagt er det store forskjellar på kor strenge ulike familiar er når det gjeld dette, men norma er i alle fall at det ikkje er vanleg å ha kjæraste eller å snakke om dette. Det er det same om ein er kristen eller muslim nemnar både faren og mora. «Det er same systemet fordi det er kultur», seier faren. Forskjellen mellom norsk og syrisk kultur på dette området, kan by på utfordringar for flyktningar som kjem her. Ho synest difor det er viktig at hennar eigne ungar tørr å fortelje ho kva som skjer med dei. At dei ikkje er redd for at ho skal bli sint, men at dei ser at ho er der for å hjelpe dei i livet.

Om ein er den eldste dottera i familien, får ein ofte nokre morsliknande roller i familien. Dette kan gjera det vanskelegare å prestera godt på skulen. Dette skjer truleg i enda større grad no enn før dei drog sidan mange fedrar har døydd i krigen og mora er kanskje i sorg slik at den eldste dottera får ansvar for alle.

Når det gjeld bruk av barnehage, er det mange i Syria som tenker at barnet trenger nærlieken til mora heilt til barna er klar til å gå i skulen. «*Dei tenker at barnet trenger kjærleik frå mamma*», seier mora. Hennar barn gjekk i barnehage, men det er mest vanleg at dei ikkje gjer dette. Mora legg også stor fokus på kjærleiken, ho seier at det viktigaste ho kan gi til barna er kjærleik. I tillegg til å læra å bli sjølvstendige, sterke og stolte på seg sjølv.

Det at ein anten kan velje å utdanne seg eller å gå rett i jobb og læra jobben gjennom handlingar, er viktig når det gjeld fokuset i barneoppsedinga. Mange blir opplærd til å byrja å jobbe veldig tidleg, til dømes i tennåra.

### Strengare på skulen enn i heimen

Mora frå Syria fortel også at barna i Syria er vant med å: «*gjera kva [dei] vil*». Men når dei byrjar på skulen blir grensene satt. Ho har ikkje gjort det slik sjølve seier ho, ho sette grenser tidleg. Men når slektingar og familie skulle passe på barna sette dei få grenser. Når dei byrjar på skulen derimot, då er det veldig strengt og barna kan også få straff. Ho fortel at det ikkje er lov å slå barn i skulen lenger, men det skjer likevel. Det er altså strengare på skulen enn heime. Barna er redd for lærarane, ikkje for foreldra sine. Dette var ein veldig overgang då dei kom til Noreg, det har dei sett for andre syriske familiar òg. Nokon tenker til dømes at når ein er kumen til Europa er alt fritt, at det ikkje finnes grenser lenger. «*Tenk visst foreldre tenker sånn, korleis skal barnet bli?*», seier ho. Ho meiner også at dei norske elevane lettare forstår kor grensa går på skulen, dei kan tulle, men dei forstår lettare kor langt ein kan gå før det ikkje er ok lenger. Når barn kjem frå eit land der det har vore veldig strengt på skulen derimot, til eit land der det er mykje mindre strengt, blir det veldig vanskeleg.

---

*Når barn kjem frå eit land der det har vore veldig  
strengt på skulen derimot, til eit land der det er  
mykje mindre strengt, blir det veldig vanskeleg.*

---

Mora seier:

«*Kjempevanskeleg visst du ikkje får hjelp frå foreldra, sant. For av og til foreldre dei kommer nye, og dei forstår ikkje. Men dei høyrer at det er Europa. At her er dei fri, dei er frie her. Dei tenker at det er ikkje grenser her.*»

Ho meiner altså ikkje at alle som kjem frå eit strengare land blir ulydige når dei kjem til Noreg, men at det kan handle litt om korleis foreldra taklar situasjonen og korleis dei formidlar det til barna sine. Og så meiner ho at foreldra må ta eit ansvar også når det gjeld skulen og barnehagen. Ho seier at:

«*Det er veldig viktig spesielt for utanlandske barn. Det er ikkje berre skule, for visst foreldra har anna måte å tenke på, barna tenker – skal eg følgje skulen eller skal eg følgje foreldra mine?*»

Då blir barnet usikker og stoler ikkje på seg sjølv, meiner ho.

### Digitale hjelpemiddel

Nokre utfordringar er nok felles same kva land ein kjem i frå, til dømes når det gjeld bruken av smarttelefonar og nettbrett. Ho prøver å få barna hennar til å i det minste sjå på noko lærerikt når dei bruker ulike digitale plattformar, men det er ikkje alltid så lett. Barna seier til dømes av og til at alle venene får lov til det og det. I Syria var det ikkje så vanleg at barn hadde smarttelefonar og andre ting.

## Eritreisk ungdom og mor

### Omsyn til samfunnet

Ungdommen med eritreisk bakgrunn fortel at ho blei oppdratt ganske strengt, men ikkje strengare enn andre der ho budde, men om ho samanliknar med slik ho oppfattar at det er i Noreg. Ho kjende nokon som blei friare oppdratt enn ho, men desse var det mange som snakka stygt om. Ho er dermed glad for at ho ikkje fekk lov til like mykje som dei, sidan det same kunne ha skjedd med ho. Når det gjeld fysisk straff er dette noko ho berre har opplevd ein gong av nokon i familien. Ho hugsar det godt sidan det berre var den eine gongen. Elles var det vanleg med fysisk straff i skulen visst ein til dømes kom for seint eller ikkje hadde gjort leksene.

Å ta omsyn til kva samfunnet utanfor familien meiner, var ho veldig vant med i heimlandet. Det var liten plass til enkeltindividet. Samtidig var det ikkje slik at ho blei oppdratt til å berre tenkje på kva som var rett for storsamfunnet. Noko av det viktigaste ho har lært av dei som oppdrog ho, er til dømes det at ho skal gjera ting fordi ho sjølve vil det eller synest det er rett, ikkje fordi andre gjer det. Å trekkje eit klar skilje mellom dei som er oppvaksen i ein kultur med meir kollektivistisk tankemåte enn den individualistiske tenkemåten som er vorte vanleg i Noreg, blir sjølvsagt for enkelt. Først og fremst er me alle enkeltindivid, ikkje representantar frå eit land eller frå ein kultur. Noko det er lett å gløyme om ein får veta om kulturelle særtrekk innan ulike kulturar. Slik det til dømes er lett å tru at alle nordmenn et grovt brød med brunost eller kvitost til lunsj.

### Ulikskaper mellom kjønna

Ungdommen fortel også om ulikskaper mellom kjønna. Det var til dømes stor forskjell på korleis ho blei oppdratt og broren hennar.

*«Det er alltid slik at jenter har ei grense, det er ikkje slik for gutter. Av og til, sjølv om eg hater det, setter eg grenser for meg sjølv. Sjølv om eg ikkje vil gjera det, men eg gjer det likevel. Eg er oppdratt på den måten at det er sånn det skal vera.»*

Til dømes er det andre reglar for jenter når det gjeld å vera ute på kveldane, kan hende sjekkar foreldra meir opp kva ein gjer enn det ein ville gjort visst det var ein gut. Dette gjeld særleg når ein er blitt litt eldre. «Det kommer jo fleire såinne strenge reglar når du blir vaksen», fortel ho. Når ho var liten hugsa ho til dømes at ho leika like mykje med gutter som med jenter. Det hendte at familien ikkje var så glad for det, men ho gjorde det likevel. Å ikkje følgje normene for korleis ei jente skulle oppføre seg, kan føre til skam overfor heile familien. Jenter sine handlingar er dermed noko heile familien kan bli målt i forhold til.

Ho synest det er veldig interessant å sjå korleis ho har endra seg på nokre få år i Noreg:

*«Men kanskje visst eg bur her sånn fem-ti år til vil eg endra meg. For eg har jo endra meg mykje sidan eg kom til Noreg. Det er masse som var heilt, det kan vera tabu for meg, for eksempel det kan vera seksualitet og alt dette. Men nå kan eg snakke om det.»*

Den eritreiske mora fortel også om klare ulikskaper mellom kjønna, til dømes når det gjeld ansvaret i heimen. Mennene er som oftast ute på jobb, mens damene ordnar heime. Det var dermed ho som tok hovudansvaret for oppsedinga av barna deira.

## Nederlandsk mor og far

«*Veit du kva, det du vaks opp med sjølv, eg trur nok det er umulig å ikkje bruke det som referanse.»*

Dette seier mora med nederlandsk bakgrunn. Ho var sjølve vant med at mora hadde mykje tillit til ho og respekt. Så lenge ho heldt ein avtale, så kunne ho gjera det ho ynskja. Om dei hadde avtalt å komme heim klokka 2 eller seinare, så var det greitt. Om ho derimot kom enda seinare enn dei hadde avtalt, så kunne det bli problem. «*Eller problem.. då ville ho ha snakka med meg*», seier ho. Slik praktiserer ho det også overfor eigne ungar, dei må holde seg til det ein har avtalt, men om dei ikkje gjer det ein gong, tek ho heller ein samtale om det enn å bli veldig sint, til dømes: «*Ok, me har avtalt det, men eg skjønner at det skjedde sånn som det skjedde, og neste gong må du passe på.*» Det er ikkje slik at ho forhandlar med barna sine, men at ho skjønner at det ikkje alltid er like lett å holde seg til reglane. Ho lurer på om ho av og til er litt for empatisk, og tenkjer at faren kanskje er flinkare enn ho til å setje tydelege grenser. Samtidig er barna deira veldig snille så dei gjer jo ofte det dei får beskjed om. Respekten og tilliten ho viser barna sine, gjer kanskje at dei ikkje ynskjer eller føler for å vera ulydige?

Når det gjeld forskjellen når det gjeld kva oppgåver mor og far har i forhold til oppsedinga, meiner faren at det er like viktig med forskjellen mellom by og bygd, som mellom Noreg og Nederland: «*Me budde jo i byen og der er det kanskje litt andre vanar enn på mindre stader.*»

Samtidig seier mora at:

«*I Nederland er mødrane meir oppteken med omsorgsoppgåver heime. Ikkje i vår situasjon, men generelt. Når fedrane er meir på jobb enn mødrane, blir det sånn. Eg trur nok at det framleis er slikt. Då er det automatisk sånn at mødrane har fleire omsorgsoppgåver enn fedrane.*»

Faren legger til at:

«*Når du får 25 dagar med pappapermisjon, då er det jo annleis ikkje sant, då kan du kanskje ha ein avtale med arbeidsgivaren din. Så kan du kanskje ha ein dag fri kvar uke, kvar uke dei neste 25 vekene. Den pappapermisjonen, den sørger for at befolkninga ordnar ting på ein viss måte, men i Nederland ser du nå at pappaane, ein del pappaer redusere stillingane sine. Det var ikkje så lenge sidan det var eit program på tv som tyda på det. At ein del familiar ynskjer å fordele oppgåvene litt mellom mor og far. Sjølv om ikkje regjeringa ordnar dette, eller legger til rette for at det er mogleg utan at det kostar så mykje pengar for familien. Så ordnar dei det sjølv. Eller i alle fall prøver.*»

Måten familiar i Nederland ordnar oppgåvene mellom seg er sjølvsagt prega av måten ein har lagt opp permisjonsordningane. Og der får ein 16 veker med full løn, i motsetnad til 46 veker med full løn i Noreg. I Nederland er det mykje vanlegare med deltidsjobb for kvinner, enn det det er i Noreg. Ein av årsakene til dette er nok at permisjonsordninga er så kort, men det kan ikkje forklarast eine og åleine på grunn av dette. Permisjonsordninga i Belgia er til dømes enda kortare, og her er det vanleg å byrje i full jobb igjen etter permisjonen. Dette ville blitt rekna som uansvarleg om ein var ei nederlandsk mor.

## Forskjell mellom oppsedinga i Noreg og Nederland

«*Her i Noreg, ser ein litt for mykje på kvarandre. «Kva er det dokker gjer?» Sant, at dei ikkje klarer å bestemme sjølv. Dette er reglane våre sånn skal det vera, og når naboen seier å han får 200 kroner på bytur, nei me syns det er altfor mykje, han får med seg brødkiver og 25 kroner. Så sånn er det. Her er det litt sånn meir: «Kva syns dokker?»*

Dette seier faren, og det var altså ein forskjell dei merka seg då dei flytta til Ryfylke. Samtidig nemner dei også at det kan ha noko med at barna var i ein anna fase av oppveksten når dei kom til Noreg. Kan vera dei hadde opplevd noko av det same om dei hadde fortsatt å budd i Nederland. Dessutan kan det også ha å gjera med forskjellen mellom by og bygd.

Mora merka seg også at det var andre krav til barna:

«*Men eg husker det tenkjer eg ikkje meir på, men når vi flyttet her dei første årene, så oppdaga eg ein forskjell i krava som blir stilt til barna i Nederland samanlikna med her. Eg følte at det blir stilt høgare krav til barna i Nederland enn her. I skulen, men kanskje og privat.»*

Nå skal det seiast at det er ganske lenge sidan dei flytta til Noreg, så ho legg til at:

«*Samfunnet forandra seg her, visst eg tenker på skulen til dømes. Me har hatt eit kunnskapsløfte her. Så kravet på skulen overfor barna har blitt høgare enn det var før. Så det har kome seg litt meir opp.»*

Elles synes dei ikkje det er så store forskjellar når det gjeld måten barna blir oppdratt på i Noreg og Nederland. Faren seier: «*Nei, eg trur faktisk at det ikkje er forskjellig i det heile tatt.*» Det er tydeleg at det er mykje som er felles mellom den norske og den nederlandske kulturen, kanskje ikkje så rart sidan det begge er vesteuropeiske land.

## Norsk mor

Då eg spurte den norske mora kva ho synest var dei viktigaste verdiane å formidla vidare til ungane sine, sa ho:

«*Aller viktigaste er å følgje det dei draumar om og brenner for. Lytte til ei indre stemme, og kva dei verkeleg har lyst til. Og det å gå for det, uavhengig av kva andre har gjort. Det er noko eg verkeleg snakkar med dei om. Vera den dei liker å vera, som å vera eit godt menneske, medmenneske, vera god mot seg sjølv like mykje. Og for meg har det vore vesentleg at dei skal læra sjølv kva dei skal tru på. At fordi om eg meiner nokre ting så trenger ikkje dei å meine det. Så det å på ein måte kunne styra sitt liv i den retninga dei har lyst til. Jobbe mykje med kva dei tenker om ting og at dei ikkje trenger å vera fastlåst i det og. Så det er mykje sånne ting som eg brenner for som eg gir nok vidare til dei. Eldste [barnet] spurte kva trur folk på? Det var i forhold til religion når me skulle i kyrka. Då sa eg: «Dette er det eg trur på, så kan du velja sjølv kva du trur.» Sjølvstendig tenking, vise at dei kan styra sine eigne liv har vore vesentleg for meg. Og det kan nokon gong bety at det er eit lite tomrom for dei, dei har ikkje ein sånn «Ja, men det er dette eg følger, dette er sannheita, det er sånn eg skal gjera det.» Så blir det litt tomrom med: «Kva skal eg velje då?» Men eg har syns det*

*har vore viktig at dei heller har det. Men det er gjerne det at det er viktig for meg, det er ikkje sikkert det er viktig for alle.»*

Dette stemmer godt med nyare forsking på kva nordmenn synest er dei viktigaste verdiane. Ottar Hellevik og Tale Hellevik publiserte ein artikkel der dei blant anna såg på korleis nordmenn sine verdiar skil seg ut frå andre euriske land sine verdiar, basert på intervjuprosjekta World Value Survey (WVS) og European Social Survey (ESS). Her kom det blant anna fram at ingen andre land i Europa legger så stor vekt på sjølvstende som nordmenn. Spørsmåla intervjuobjekta fekk var kva for eigenskaper dei meinte det var viktig å oppmuntra i barneoppseininga. Altså eit spørsmål som er næraast identisk med det eg spør den norske mora om over. I tillegg er nordmenn på topp når det gjeld det å vektlegge toleranse, respekt for andre og det å hjelpe andre. Samtidig er dei heilt på botn i Europa når det handlar om å vektlegge verdien av å spare og å jobbe hardt.<sup>80</sup> Nordmenn er også mindre opptatt av hardt arbeid og religiøs tru samanlikna med dei fleste andre land i Europa.<sup>81</sup>

Nå skal det seiast at det er vanskeleg å samanlikne land på denne måten, det kan vera utfordringar når det gjeld om spørsmål og svaralternativ er samanliknbare, og dei ulike undersøkingane kan ha blitt gjennomført på litt ulike måtar.<sup>82</sup> Ein må difor ikkje tenkje at dette er fasitsvar, men heller indikasjonar på ulikheiter mellom verdiar som blir vektlagt blant nordmenn og andre befolkningsgrupper.

Den norske mora er inne på dei fleste av desse typiske norske verdiane. Når eg spør kva for grenser ho synest det er viktig å stille for ungane sine, seier ho til dømes:

*«Ei grense har vore respekt for andre, og respekt for seg sjølve så ikkje andre nødvendigvis skal tråkke på dei. [...] Inkludering har vore viktig, det merke eg kan trigge fort visst du blir ekskludert, eller ikkje inkludert. Eller ein leik eller: «Eg vil heller vera med deg heim», det har vore vesentleg for meg. Ansvar generelt, at ein må yte for å få noko. Det har vore viktig. Det å ha ansvar for eige liv betyr mykje for meg då. [...] Så det henger litt i saman med verdiar.»*

### **Ulikskaper mellom kjønna**

Når det gjeld synet på mor og far si rolle knytt til oppsedinga, må ho seiast å vera mindre typisk:

*«Eg var heime og gjorde mykje, men der har eg eit litt sånn gamaldags syn. Eg sa at eg har lyst til å vera ein god mamma og ei god husmor. det var det det eg hadde fokus på då, det var det som var livet mitt då. Og eg er nok og av den typen som meiner at eg er ikkje noko sånn favoritt for 50 50 deling for eg trur ikkje me er skapt for å ha det fokuset uansett. Så eg var ikkje så opptatt av å tene pengar, men å ha ein god heim, ein god kvardag og vera den som passa på dei. Kanskje litt gamaldags syn på det, men det var viktig for meg.»*

---

<sup>80</sup> Hellevik & Hellevik 2016: 80-81

<sup>81</sup> Hellevik & Hellevik 2016: 81

<sup>82</sup> Hellevik & Hellevik 2016: 80

I eit samfunn med sterkt fokus på at kvinner skal jobbe og vera likestilt med mannen, var ikkje dette alltid eit lett val å ta:

*«Det eg følte press på, var det å måtte vera - det er snakk om den kvinnekampen - at kvinner skal få rett til det å jobba. Eg følte meir eit press til å måtte jobbe, må komme meg ut i arbeid. [...] Det å på ein måtte vera ein meir maskulin versjon av ei kvinne, samanlikna med det å få lov til å vera den som tar vare på dei myke verdiane. For det falt meg heilt naturleg når eg blei mamma. [...] Så eg følte meir press på det at eg ikkje fekk lov til å vera det i så stor grad som eg ynskja. Og eg har møtt fleire kvinner som føler at dei blir sett ned på ved å vera heime med ungane. Eller blir sett ned på ved at ein syns det er viktig å ta vare på heimen og familien først og fremst. «Ja, men du må jo tenkje at du må klatre opp stigen og tena pengar på eigne bein.» Så det er meir det som eg kjenner på av press, eit samfunnspress. [...] Det å snakka ned kontantstøtta til dømes, det syns eg er synd for det kjennes som om det er feil å ha interesse for å ta vare på familien din. Eg visste at det var nokon år som var veldig dyrebare, og der ville eg vera til stades, ikkje skipa dei av garde første dag eg kunne til barnehagen. Så visst du har ein kultur i samfunnet der det er sånn det blir sitt på, så trur eg ein røvar vekk så mange ting som er verdifult. [...] Eg trur nok at nordmenn følger fort, me har liksom nokre kulturar, og så følger me det. Så derfor så trur eg visst du er i ei bygd eller i en venneflokk, visst det er visse ting som er lov, så gir ein seg lov til det. For det er jo ein flokksmentalitet.»*

Ho har altså følt på eit sterkt press på det å gjera som alle andre, eller å handla slik det blir oppfatta at dei fleste nordmenn gjer. Når ho kjenner sterkt på dette presset, kva då med dei som kjem frå eit land der det er unormalt å ikkje vera heime med ungane over lang tid? Kjenner dei på eit enda større presse når det gjeld å komme seg fortast mogleg i jobb?

Truleg kan ein lettare komme unna med å vera litt utanfor normalen om ein er fødd og oppvaksen i landet og har norske foreldre. Då treng ein ikkje å bevise at ein er godt integrert. Og med «godt integrert», er det mange som tenkjer at dette tyder at innvandrarane skal bli mest mogleg lik majoritetsbefolkninga og kaste frå seg sine eigne kulturelle verdiar og normer om desse er ulike normene hjå majoriteten. Det som i realiteten kallast for *assimilering*. Og sjølv om majoritetsbefolkninga heller ikkje er ei homogen gruppe, er det ofte klare tankar og idear om kva som er typisk for majoriteten. Det typiske vil ofte vera idealet om ein skal bli oppfatta som godt integrert av majoritetsbefolkninga.

Eit døme på denne dynamikken nemner foreldra frå Nederland. Då dei kom til bygda i Ryfylke, byrja dei med ein gong å engasjera seg frivillig i ulike samanhengar. Til dømes merka faren i familien at dei og andre frå Nederland, var blant dei mest aktive i 17. mai-komiteen eit år, og at det var vanskeleg å få nok etniske nordmenn til å vera med. Dei etniske nordmennene kunne truleg lettare sleppe unna dugnadsarbeidet fordi dei allereie var ein del av majoriteten og trengte ikkje å jobbe for å godtatt av nokon, dei var allereie *innanfor*. Er ein frå eit anna land, må ein av og til prøve litt hardare, meiner dei nederlandske foreldra.

I det nemnde intervjugprosjektet World Value Survey, kom det også fram at nordmenn er blant dei befolkningsgruppene i Europa som i minst grad verdsetter det å spare. Noko som ikkje er så rart i eit land der dei fleste har langt meir enn ein eigentleg treng. Men det viser også noko av det den norske mora snakkar om, at det er forventa at ein skal halde ein veldig høg levestandard. Igjen er dette noko som kan vera ekstra problematisk for nokre

innvandrargrupper, særleg dei som kjem som flyktningar og har avgrensa med midlar. Eller kan det vera at det ikkje er så enkelt? Kan det vera litt av begge deler? Når ein er oppvasken i ei bygd og har namnet sitt skiven i bygdeboka, er ein ofte svært godt informert om dei kulturelle kodane på staden, dermed er det kanskje ikkje lov å gjera dei same «feila» som ein innflyttar kan gjera. Kanskje er forskjellen like stor mellom ein «innfødd» og ein innflyttar, som mellom ein innbyggjar med innvandrarbakgrunn og ein innbyggjar utan? Og ikkje minst, kanskje er det friare for den innfødde til fleire innflyttarar som kjem? Men kanskje ein ikkje ynskjer denne fridommen? Om ein er vant med å ha god kontroll på dei kulturelle kodane, kan det vera skremmande om nokon kjem og utfordrar det som er normalt og godtatt i samfunnet. Då er ein ikkje lenger ein person som er sikker på sin eigen identitet og sitt samfunn. I desse situasjonane er det kanskje den innfødde som blir den framandgjorde, og ikkje innflyttaren? Kanskje det er den innfødde som har behov for å få hjelp til å bli integrert? Kva slags introduksjonsprogram kan ein sette i stand for denne gruppa som fryktar og ikkje forstår seg på det samfunnet deira heimbygd er blitt til? Det som er sikkert er at ein må ta denne gruppa og den frykta på alvor. Som nemnd er det ikkje berre dei som kjem som må integrerast, dei som allereie er i bygda må også læra det nye samfunnet å kjenne.

---

*Det er ikkje berre dei som kjem som må integrerast, dei som allereie er i bygda må også læra det nye samfunnet å kjenne.*

---

## Norsk ungdom

Ungdommen og mora utan innvandrarbakgrunn, har noko til felles når det gjeld viktigheita av å læra gjennom erfaring, framfor å alltid få servert fasiten frå den som oppdrar ein:

«Eg trur på at et er sunt å få dei naturlege konsekvensane av ting inn ganske tidleg. [...] At dei lære kvifor ein ikkje skal vera slem med folk. Det som hadde vore veldig viktig for meg [om eg får barn], er at dei hadde følt seg sett. [...] Eg kunne brukt straff og påskjøning, men berre som nødløysingar for å stoppe ein hektisk situasjon der og då. Og etterpå måtte eg funne ut kva som var problemet. Eg hadde hatt ein mentalitet om at åtferd er språk, det hadde eg tatt veldig med meg. [...] Eg tenkjer at all åtferd seier deg veldig mykje. Eg hadde stilt spørsmål til ting, og prøvd å stilt veldig mykje nedover-spørsmål i staden for bortover-spørsmål. Bortover-spørsmål er sånn, «Hei, går det bra?», og det er så dumt spørsmål for det har eit fasitsvar og det veit alle.»

Med nedover-spørsmål, meiner han spørsmål der ein ser etter bakgrunnen for åtferda. Altså kva som er årsaka til at ein til dømes er utagerande eller slem mot andre menneske. Ein må ikkje tenkje at dette mennesket er vondt eller slemt, men heller forsøkje å leite etter det vonde inni personen som ligger bak handlingane. Dei som står fram som mest sikker, kan ofte vera dei mest usikre personane, men ein forsøkjer å kamuflera usikkerheita ved å snakke mykje, vera morosam, vera tøff eller på anna måte setje opp ein forsvarsvegg mot andre.

Det å forsøkje å forstå og bli forstått, er også noko han har tenkt mykje på når det gjeld måten han sjølve har blitt oppdratt på:

*«For å respektera ein regel må eg forstå den. Og sjå effekten den gir. Visst pappa seier eg skal leggja meg tidleg berre for å legga meg tidleg, så greier ikkje eg å godta det. Begge [foreldra mine] gjorde det veldig rett. Dei brukte mykje tid på å snakka med meg og forklara meg ting. Dei tok ikkje berre snarvegen. Pappa tok snarvegen på ein del ting som han ikkje forklarte ordentlig, men det var når det gjaldt reglar. Veldig mykje anna var han flink på å forklara. Mamma var den som var best på det. [...] Med ein gong nokon seier: «Sånn er det», så respekterte eg aldri reglane. Men så trur eg òg at det viktigaste ein kan gjera når det gjeld oppseding, så er det å passa på at barnet er glad i seg sjølv. For eit barn som ikkje er glad i seg sjølv, sabotere veldig lett for seg sjølv. Eit barn som ikkje er glad i seg sjølv, kvifor skal det gidda å gjera skulearbeid? Kvifor skal det investere i seg sjølv? Eller følga reglar? Det gjer ikkje noko om du blir ein outsider av samfunnet og komme i faresonen for å bli narkoman, visst du ikkje er glad i deg sjølv. Ein må få kjærleik for å kunne gi kjærleik.»*

### Syrisk ungdom

Eg har også snakka med ein ungdom frå Syria, og ho meiner i likskap med foreldra som eg har snakka med, at det er store forskjellar mellom syrisk oppseding og slik dei oppfattar at det er i Noreg. Ho seier:

*«Hos oss så er det meir regler som me skal følgje, som me må akseptera. Som me skal gjera eller ikkje gjera. Men i Noreg føler eg at det ikkje er klare reglar for kva barnet kan gjera og kva det ikkje kan gjera. Sjølv om du har blitt over 18 [i Syria], så følgjer du fortsatt familien. Dei er fortsatt ansvarleg for å følge deg med økonomisk og sosial støtte, men i Noreg så kjenner eg mange som har flytta ut når dei er 16 eller 18, og er blitt heilt uavhengige. Det synes eg er merkeleg at du føler deg voksen som 18 åring.»*

Her ser ein altså den sterke sjølvstendetanken i Noreg sett utanfrå. Denne tanken som skil seg ut frå svært mange land både i Europa og resten av verda, har sjølvsagt mykje med måten landet er organisert på. Mange bor desentralisert, og må ofte flytte når ein blir 16 for å kunne utdanne seg til det ein vil. Det offentlege velferdssystemet i Noreg spelar også ei stor rolle, det er lagt vekt på at alle skal klare seg utan å vera avhengig av foreldra si inntekt. Sjølvsagt er ein ikkje fri til å bu kor som helst i landet, med tanke på svært varierande bustadprisar. Om ein ikkje vel å busette seg i dei største byane, vil levekostnadene vera overkommelege for dei fleste utan å få hjelp frå slekt og vener. Og ikkje minst har ein usedvanleg stor tillit til dei offentlege tenestane, noko som gjer at ein stoler på at barnet eller ungdommen vil få støtte og hjelp til det ein treng etter at ein har «forlat redet.» I motsetnad snakkar altså ungdommen frå Syria om at det er normalt at foreldra støtter barna sine etter at ein er 18 både økonomisk og sosialt.

Foreldra har til dømes fortsatt noko dei skulle ha sagt når det gjeld det å vera med gutter, sjølv om ho er over 18 år nå. Ho fortel at ho som liten:

*«..hadde mange gutevener. Det er jo forskjellegr fra familie til familie, men eg hadde mange gutevener og [foreldra mine] var ikkje strenge på det i det heile tatt. Og nå er dei ikkje strenge når det gjeld å ha gutevener så lenge det er innanfor ei grense.»*

I likskap med ungdommen med eritreisk bakgrunn, meinte ho også at ho fekk meir grenser i oppsedinga etter kvart som ho blei eldre:

*«Eg trur eg fekk meir grenser når eg blei eldre. Når eg var liten så syns eg eg hadde ein veldig fin barneoppseding. Så eg føler meg veldig heldig. Eg kjenner mange frå Syria som har hatt ein veldig streng barneoppseding, men eg hadde ikkje det. Men når eg blei eldre så blei det strengare. Det var ikkje sånn at foreldra mine kom og sa i frå til meg, men det var fordi eg kjente grensene. Eg kjente pliktene mine, og kva eg kan gjera og ikkje kan gjera. Eg har sett det sjølv. Så det blei strengare automatisk.»*

## Irakisk mor

Ein ulikskap mellom heimlandet og Noreg som mora frå Irak la godt merke til då ho kom her, var kor frie alle var. Ho opplevde at det var vanleg å ha kjæraste når ein var fjorten eller femten år. Ho oppfatta det også slik at det var vanleg at jenter kunne sove hos kjærasten så tidleg. Dette var veldig uvanleg for ho, og ikkje lov i hennar heimland. Derfor blei det vanskeleg for ho med oppsedinga, ikkje berre når det gjaldt kultur, men også ulikskapar når det gjaldt religion. Ikkje følte ho at ho kunne snakka med nokon andre om denne utfordringa heller.

## Rom for mangfold?

Noko mora frå Irak la vekt på når det gjeld kva ho synest er viktig å formidle til barna sine, var at barna må læra å respektera Gud og ha respekt for andre folk. Dette var også noko ho sjølve hadde lært frå si mor. I den nemnde undersøkinga basert på tal frå WVS og ESS, kjem det fram at viktigheita av religion for oppsedinga er den faktoren som skil Noreg mest frå Irak. I Noreg ligg dette på 9 prosent blant dei som har vore med i undersøkinga, mens den er på 90 prosent for Irak.<sup>83</sup> Elles synest mora at det også er viktig at barna har god helse og at dei et godt. Og visst dei gjer noko gale, så må dei forklare kvifor dei gjorde det dei gjorde.

Det å leggje vekt på helse og å eta godt som ein verdi innan barneoppsedinga, er nok ikkje det vanlegaste blant nordmenn. Dette handlar sjølvsagt om den høge levestandarden i landet. I Noreg blir basisbehov som å få nok og god mat og å ha god helse, meir eller mindre teke som ein sjølvfølgje. Ei mor frå eit mindre ressursrikt land som legg mykje tid og kjærleik i å lage god mat til barna sine, blir kanskje ikkje verdsatt på same måte som i heimlandet? Kanskje ville det vore meir positivt mottatt av nordmenn om ho eller familien hadde kjøpt ein fin sykkel til barnet sitt eller fine ski?

Ordtaket «*På seg sjølv kjenner ein andre*» kan høve å ta fram i denne samanhengen. Altså at ein gjennom eigen erfaring skal vera i stand til å avgjera korleis andre menneske vil oppføra seg i ein bestemt situasjon. Korleis blir tolkinga av «den andre» visst han eller ho har ei helt anna erfaring og verdigrunnlag enn ein sjølv? Resultatet frå det tidlegare nemnde intervjugprosjektet, viste at Noreg er annleislandet når det gjeld verdiar og kva for eigenskaper ein meiner det er viktig å oppmuntre i barneoppsedinga. Kanskje nordmenn i større grad bør sjå på seg sjølve som ein minoritet i møtet med andre kulturar? Eller i alle fall ikkje vera skråsikker på at den norske måten er den rette måten? I den nemnde artikkelen av Ottar Hellevik og Tale Hellevik, kjem det fram at andelen nordmenn som var einig i at ein kan krevje at innvandrarar som kjem til Noreg, lever som nordmenn, har vore over 50 prosent frå

<sup>83</sup> Hellevik & Hellevik 2016: 81

1985 og fram til 2013, med ein topp på 70 prosent i 1993. Dermed ser det ut som fleirtalet i majoritetsbefolkninga meiner at innvandrarar skal tilpasse seg det ein ser på som typiske norske verdiar – altså i realiteten assimilering av dei ulike innvandrargruppene.<sup>84</sup> Kor stort rom er det då for å vera på forskjellige måtar i Noreg, anten ein har innvandrabakgrunn eller ikkje, anten ein er «innfødd» eller innflyttar, anten ein bur i ei bygd eller i ein by?

---

*Kanskje nordmenn i større grad bør sjå på seg sjølv som ein minoritet i møtet med andre kulturar? Eller i alle fall ikkje vera skrásikker på at den norske måten er den rette måten?*

---

---

<sup>84</sup> Hellevik & Hellevik 2016: 84



# Utfordringar med å ivareta fleirkulturelle familiar

Fleirtalet av informantane frå dei offentlege tenestane er kvinner, men det er også nokre menn. Eg kjem til å omtale alle som kvinner fordi dette vil gjera informantane vanskelegare å kjenne igjen. I sektorane er det nemleg stort fleirtal av kvinner, dermed vil det vera lettare å identifisera ein mann visst ein veit kva teneste han jobbar i sjølv om ein ikkje veit kva for kommune det er snakk om.

## Behov for tolk

Det vanlegaste svaret eg fekk då eg spurte informantane kva for utfordringar dei møter når ein skal ivareta fleirkulturelle familiar, var utfordringar knyt til språket og bruk av tolk. Ei helsesøster fortel at:

*«Me er avhengig av å bruke tolk og det avgrensar jo kommunikasjonen. Og så er det vel vanskeleg på grunn av skiljet når du snakkar med eit norsk foreldreprar eller frå eit anna land. Du kjenner på at når du skal bruke tolk så får du ikkje, om det er språket eller om det er forståinga, i alle fall så blir det ein brist på ein måte, det blir vanskelegare å få fram det me ynskjer å få tak i. [...] visst me er vant [til] å spørje om korleis barnet sin utvikling er i forhold til korleis det var tidlegare, så har me ikkje nokre omgrep til å vurdera. Då må me vera meir spesifikke: snakka barnet når det var eit år, kan du hugse det? Når snakka barnet? Det er vanskelegare å finne ein måte å spørje på der me får informasjon. [...] Det har kanskje noko med at om du spør ei norsk mor eller far om det same, så får du ein annan type svar. Usikker på om det er tolken som ikkje klarer å formidle, men me har i alle fall [sett] at me må spørje på ein anna måte, vera meir konkret.»*

Ho funderer altså på om det er kombinasjonen av språket og ein annan måte å forstå på, altså kulturelle forskjellar, som gjer at kommunikasjonen ofte blir vanskeleg. Ein av mine informantar med innvandrarbakgrunn, ser ut til å ha opplevd dårlig kommunikasjon på grunn av kombinasjonen med kulturelle forskjellar og språklege utfordringar. Informanten fortel nemleg om å ha blitt tvungen til å ta medisin for psykiske problem av ei helseteneste. Informanten var ikkje einig i å ha psykiske problem, og nekta å ta medisinen. Når eg spurde om informanten visste kva medisinar det var snakk om, var svaret nei. Kan det vera at informanten ikkje har blitt informert skikkeleg om kva dette har handla om, at det ikkje har blitt formidla via ein god tolk? I mange land er ein dessutan mindre vant til å snakka om psykiske problem enn i Noreg. Kulturforskjellen på dette området kan ha gjort det vanskeleg å ta opp dette temaet på ein god måte for dei offentlege tilsette informanten har hatt kontakt med.

Helsesøstera over, fortel vidare at ho:

*«ser kanskje litt forskjell på innvandrargruppene også, merker det ikkje på same måte med ein nederlandsk familie for eksempel. Men då snakkar me gjerne engelsk. [Dermed] finner me lettare språk eller omgrep til å forstå kvarandre. Det er kanskje mest frå afrikanske land. Men merker litt forskjell [med dei som kjem] frå Litauen og Polen.»*

Det er altså lettare å kommunisera med dei som kjem frå Vest-Europa. Som me har sett, stemmer dette godt med det dei nederlandske foreldra fortalte. Dei opplevde at kulturen var så lik på mange område, at det for det meste var uproblematisk å setje seg inn i det offentlege systemet her i Noreg, og også andre deler av samfunnet. I tillegg har ein sjølvsagt den fordelen at ein kan snakka på eit felles andrespråk, altså engelsk fram til innvandrarane er vorte gode nok i norsk. Dette gjeld sjølvsagt for mange innvandrarar frå andre verdsdelar også, men det ser altså ut til at helseøstera har erfart at dette i større grad er tilfelle når det gjeld innvandrarar frå Vest-Europa i den kommunen ho jobbar i. Dette kan kanskje ha noko å gjera med at mange av dei som har kome frå særleg Nederland og Tyskland, har kome fordi dei har søkt eit rolegare liv med betre plass og meir natur, ikkje på grunn av økonomiske utfordringar eller andre utfordringar i heimlandet. Dette kjem fram i «Den fleirkulturelle bygda», eit tidlegare prosjektet ved museet som hadde som mål å dokumentera viktige sider ved det norske samfunnet ved tusenårrsskiftet.<sup>85</sup>

### Dårlege tolkar

Fleire av informantane nemner at dei ikkje er nøgd med alle tolkane dei har tilgjengeleg. Ei i barnevernstenesta seier om tolkebruken:

*«Det er ymse opplevingar av det, me har gitt beskjed fleire gongar at den tolken kan me ikkje ha igjen for innvandrarane har ikkje forstått kva dei har sagt, me forstår ikkje kvarandre. [Dei] blande seg veldig inn i ting. Me veit jo ikkje kva dei seie. Men me kan opp leve at det er noko som ikkje stemmer, og så har me sagt at me vil ha andre tolkar. Men det er jo vanskeleg å føre gode samtalar med ein tolk. Mykje av bodskapet kan ramle vekk. Men me bruker i alle fall tolk.»*

Er det i utgangspunktet skepsis og redsel overfor barnevernet eller andre offentlege tenestar, er det sannsynleg at denne redsla blir forsterka om ein har ein därleg tolk som til dømes formidlar feil, blandar seg inn i samtalen med eigne tankar og verdiar, eller sitt på ein offentleg stad mens tolkesamtalen føregår. Dette er hendingar som fleire av informantane har fortalt om. Til dømes fortel ei frå barnevernet at ho måtte avbryte samtalen fordi telefontolken satt på ein buss, og i eit anna tilfelle på ein flyplass. Om dette seier ho: «Der sitter du med foreldra og skal gjennomgå alvorlege ting, og det å ikkje bli meir respektert enn det. At det er eit menneske som sitter ute i det offentlege rom og skal omsetje sensitive opplysningar, det blir lite profesjonelt. Og ganske sårbart.»

---

*Er det i utgangspunktet skepsis og redsel overfor barnevernet eller andre offentlege tenestar, er det sannsynleg at denne redsla blir forsterka om ein har ein därleg tolk som til dømes formidlar feil, blandar seg inn i samtalen med eigne tankar og verdiar, eller sitt på ein offentleg stad mens tolkesamtalen føregår.*

---

<sup>85</sup> Høibo & Høibo 2002

Ein dårleg tolk kan vera svært øydeleggjande for relasjonen og tilliten mellom brukar og tilsett. Ein Nav-tilsett har opplevd at ei mor med innvandrarbakgrunn har trudd at ho tok kontakt med barnevernet fordi ho meinte at ho ikkje var ei god mor. Bakgrunnen for å involvera barnevernet var i røynda at ho synest det verka vanskeleg for ho å tilpassa seg samfunnet med ansvar for fleire ungar åleine. Målet var at ungane og mora skulle få meir hjelp i å introdusera ungane for skule og barnehage. At dette hadde blitt formidla heilt feil av tolken, fekk ho først veta fleire år etterpå då mora hadde fått godt nok språk til å kunne seie det sjølv. Om denne opplevinga fortel ho:

*«Korleis ho kunne ha tillit til meg, eg har jo hatt henne som brukar i alle år etterpå.  
Eg blei veldig lei meg, det var jo ikkje intensjonen min i det heile tatt. Så det er eit  
veldig godt døme på kor feil ting kan bli sagt, kor øydeleggjande det kan vera.»*

Informantar frå fleire tenestar meiner ein burde ha fokusert meir på å spesialisera tolkeutdanningane. Til dømes nemnde ei helsesøster at ordet for malaria og feber er det same på tigrinja, altså eritrearane sitt språk, og dette er berre eit av mange døme på at det fort blir misforståingar. Om tolken er spesialutdanna for helsetenesta vil han eller ho truleg vera meir bevisst slike misforståingar. Nav-tilsett seier:

*«Eg tenker at det hadde vore ein idé å hatt nokon som hadde spesialisert seg på dei forskjellelege fagområda. For eg har høyrte om sjukehustolkar. Så det burde kanskje vore drøfta. At ein spisse kompetansen til dei som skal bli brukt av for eksempel NAV eller barnevernet. Det er jo mange [ord og uttrykk] som blir brukt i desse samtalane, heilt sikkert i alle faginstansar, som ikkje lar seg omsetje. Av og til så spørje me kanskje tolken kvifor ein brukte så langt tid, så har tolken sagt at: det finst ikkje på vårt språk så eg måtte forklare kva det betyr.»*

Kanskje det er Tolkesentralen ho refererer til når ho snakkar om sjukehustolkar? Dette er ei einig under Oslo universitetssjukehus, som leverer tolketenestar på 80 ulike språk til dette sjukehuset i tillegg til Ahus og Sunnås sjukehus. På nettsidene til sjukehuset, står det at:

*«Målet for Tolkesentralen er å sikre kvalitet og kompetanse i tolketjenestene ved de tre helseforetakene, som en del av sykehusenes overordnede mål om å tilby likeverdige helsetjenester. Kvalitet og kompetanse sikres gjennom tett dialog med og oppfølging av tolkene. Tolkesentralen bidrar også til økt kunnskap hos ansatte ved sykehusene om bruk av tolk.»<sup>86</sup>*

Det er ikkje berre snakk om at tolkane skal ha helsefagleg kompetanse i tillegg til tolkefagleg kompetanse, ein fokuserer også på at dei som jobbar i sjukehusa skal få kurs og opplæring i bruk av tolk. Det er det ingen av mine informantar som nemner at dei har hatt. Nå kan det sjølv sagt vera at dei har gløymt å nemne det, og at tolkebruk til dømes har vore ein del av eit større kurs eller ei utdanning, men det kan i alle fall ikkje vera særleg vanleg i dei kommunane eg har vore visst ingen kjem på å nemne det. I helsedirektoratet sin rettleiar for kommunikasjon ved bruk av tolk, blir viktigheita av tolkekunnskaper hos personalet framheva: «Å inneha nødvendig kompetanse som tolkebruker er avgjørende for å kunne yte

---

<sup>86</sup> Oslo universitetssykehus 2018

*forsvarlige helse- og omsorgstjenester når det er en språkbarriere.»<sup>87</sup> I ein kronikk på Forsking.no, skriv Hanne Løfnes og Jessica Hansen som begge jobbar i Tolkesentralen, at*

*«fokuset på tolking i helsevesenet øker. Det er også blitt viktigere at tolkene som utfører oppdrag for helsevesenet skal ha formelle kvalifikasjoner og være egnet til å utføre oppdrag i en ellers sensitiv situasjon. Likevel gjenstår fortsatt en del arbeid før retningslinjer realiseres om til praksis over hele landet.»<sup>88</sup>*

Døma som informantane mine kjem med, viser tydeleg at det ikkje er like godt praktisert over alt. Særleg er forskjellen stor når ein samanliknar tilbodet i Oslo og omland, med små kommunar med ein viss avstand til større byar.

Det er ikkje berre Nav-tilsett som har sett behovet for meir fagleg kompetanse knytt til dei konkrete tenestane blant tolkane. Ei som jobbar i barnehagen seier at: «*Det å tolke er ikkje berre å omsetje ord. Ein må liksom kjenne til.. ja, barnehage, kva er det for noko?*» Særleg er det viktig med dyktige tolkar om ein snakkar om meir abstrakte ord og omgrep. Om det å forklare barneoppseding og andre meir eller mindre abstrakte omgrep, fortel barnevernstilsett at: «*Ja, det er jo slike ting som er utfordrande ikkje sant, for dei har ikkje dei omgrepa, og då berre håper me at dei har forstått.*» I eit møte med ein innvandrarfamilie opplevde ho at tolken snakka om heilt andre ting enn det som var tema for møtet. Dette blei ho fortalt av ein person som var til stade i rommet, som kunne både norsk og språket det blei tolka på. Ei helsesøster har også opplevd at noko har blitt misforstått. Dette fekk ho veta ved at brukaren fortalte at det var noko anna han eller ho sa enn det som blei vidareformidla frå tolken.

Vanlegvis er det ikkje lett å oppdaga dette, sidan det er sjeldan ein har nokon i rommet som er forholdsvis gode på begge språk. Barnevernstilsett fortel at det er vanskeleg å veta om noko blir formidla feil, men visst tolken snakkar lenge, så spør dei om dei kan omsetje det dei har sagt til brukaren. Ho fortel at:

*«då seier dei gjerne at dei måtte forklare kva det var, måtte gjenta, at dei forstod ikkje kva eg sa. Men visst dei heller på sånt, så avsluttar me då. Dei kan ikkje ha dialog dei imellom som me ikkje er ein del av. Men me kan jo aldri veta kva dei seier eigentleg.»*

Alle dei offentlege tilsette eg har snakka med som brukar tolk regelmessig, har fortalt at dei har hatt därlege opplevingar med bruk av tolk. Mange noterer ned dei dei synest har virka gode, og gir beskjed til firmaet som leverer tolktenesta om dei tolkane dei ikkje ynskjer å bruke lenger. Å avgjera kven som er gode og därlege er sjølvsagt også vanskeleg, sidan den offentlege tilsette berre kan vurdera samtalens ut frå den norske språkkunnskapen. Om brukaren kan svært lite norsk, er det ikkje lett for han eller ho å formidle inntrykket av tolken. Ei som er tilsett i barnehagen fortalte til dømes at ho synest ein tolk var skikkeleg flink og takka brukaren for god tolkesamtale. Då svarte brukaren med å le, og sa at det var veldig därleg, og at ho ikkje kunne språket sitt. Det er dermed lett å la seg lure av at tolken er god på det språket ein sjølve forstår. Ein lege fortel at ho har erfart at ein må:

*«prøve å lese kroppsspråket til den som er i rommet, om den føler seg komfortabel med den kommunikasjonen som skjer. [...] Det kan kanskje førebygge at det blir feiltolking.»*

---

<sup>87</sup> Helsedirektoratet 2011

<sup>88</sup> Løfnes & Hansen 2016

## Økonomisk spørsmål?

Integrerings og mangfaldsdirektoratet, som er nasjonal fagmyndighet for tolking til framandspråklege i det offentlige, har laga ei liste med anbefalingar for kva tenestane i kommunane bør hugse på når dei skal bestille tolk:

- *Tolk med dokumenterte kvalifikasjoner fra tolkeutdanning og/eller statsautorisasjonen bør alltid foretrekkes.*
- *I tilfeller der språk eller andre forhold gjør at en tolk med utdanning og/eller autorisasjon ikke er tilgjengelig, skal du alltid tilkalle tolk som oppfyller minstekravet for å stå registrert i Nasjonalt tolkeregister.*
- *Noen offentlige instanser har rammeavtale med formidlingsbyrå – i sånne tilfeller må byrået kunne dokumentere at hver tolk som formidles har de nødvendige kvalifikasjoner.*
- *Bruk av skjermtolking eller telefontolking øker tilgangen til kvalifiserte tolker. Skjermtolking bør foretrekkes så langt det er mulig. Telefontolking bør som regel bare benyttes til kortere samtaler, og for å gi konkrete beskjeder.*
- *Familie, medfølgende eller andre tilfeldige personer skal som hovedregel ikke opptrer som tolk i tjenestemottakers møte med det offentlige, med mindre en nødssituasjon krever det. De er som regel subjektive og har ikke det faglige grunnlaget for å tolke.*
- *Hvis det er en kvalifisert tolk som er familie, vil tolken i en slik situasjon ikke være habil. Tolken har plikt til å informere partene når han/hun er inhabil.*
- *Det er ikke lov å bruke barn som tolk.<sup>89</sup>*

Dei fleste informantane eg har snakka med, ser ut til å vera ganske bevisst det at ein ikkje skal bruke familie eller andre nære personar i ein tolkesamtale, heller ikkje om det er eit konkret og enkelt tema. Når det gjeld det å bruke tolkar med dokumenterte kvalifikasjonar, er det ikkje mykje dei tilsette kan gjera for å sikre dette, visst formidlingsbyrået som kommunen har rammeavtale med, ikkje tilbyr gode nok tolkar. Nå kan det også diskuterast om det er godt nok med tolkar som berre oppfyller minstekravet om å stå registrert i Nasjonalt tolkeregister, visst ein skal formidle noko abstrakt og kanskje også heilt ukjent i innvandrarforeldra sin kultur. Då eg ringte til den eine tolketenesta som blir brukt av ein av kommunane i Ryfylke, for å spørje etter ein tolk på høgast mogleg nivå, fekk eg som nemnd tidlegare fortalt at desse berre blir brukt i rettsvesenet. Eg hadde to tolkesamtalar gjennom dette firmaet, og eg må seie meg einig med dei offentlege tilsette, at kvaliteten er varierande. Den eine tolkesamtalen synest eg fungerte greitt nok, mens den andre var eg svært usikker på om det eg og informanten forsøkte å kommunisera, vart formidla rett. Visst det er tilfelle at berre dei høgaste kvalifiserte tolkane blir brukt i rettsvesenet, kan ein spørje seg korleis det er med rettsikkherita før ein kjem inn i ein rettssal. Kva skjer visst kommunikasjonen mellom til dømes barnevernet og ein innvandarfamilie blir feiltolka, og der barnevernet er i gong med å undersøkje om det er behov for omsorgsovertaking?

---

<sup>89</sup> IMDi 2018

---

*Visst det er tilfelle at berre dei høgaste kvalifiserte tolkane blir brukt i rettsvesenet, kan ein spørje seg korleis det er med rettssikkerheita før ein kjem inn i ein rettssal.*

---

Over har me sett døme på at tolkinga kan bli så feil at brukaren har grunn til å miste all tillit til den tilsette. I dette tilfellet var det snakk om ei som jobbar for NAV, og ho opplever at innvandrarar har stor tillit til deira teneste. Når det gjeld barnevernet har me sett at det er lite tillit, både på lokalt plan som fleire av innvandrarforeldra eg har snakka med uttrykker, men også på nasjonalt plan som tidlegare forsking syner. Når det ikkje er noko tillit der frå byrjinga av, korleis vil ei slik barnevernssak utvikle seg, visst tolken har formidla noko heilt feil som aldri blir oppdaga? Korleis vil foreldra oppføre seg visst dei går rundt med ei heilt feil oppfatning av kva barnevernet har ynskja å formidle? Korleis vil deira oppførsel påverke barnevernet når dei skal konkludere i saka?

I den nemnde rettleiinga for tolk frå helsedirektoratet, står det at: «*Flera studier avdekkar at rettssikkerheten til personer med begrensede norskunnskaper i møtet med det offentlige kan svekkes på grunn av mangelfull tolking og tilrettelegging.*»<sup>90</sup> Ut frå det informantane har fortalt, ser det ut som det kan vera ei utfordring for rettssikkerheita same kva offentlege teneste det er snakk om.

Fleire av informantane fortel at dei ikkje har råd til å bruke oppmøtetolk. «*Men oppmøtetolk, me har ikkje råd til det, det kostar veldig mykje*», fortel barnehagertilsett. Dei må nemleg komme frå Stavanger, og det blir dermed veldig store reisekostnader for dei kommunane som ikkje ligg rett ved Stavanger. I tillegg er det mykje dyrare timebetaling for ein oppmøtetolk. Oppmøtetolk er som nemnd anbefalt når det er abstrakte tema det skal snakkast om, sidan ein då får med heile kroppsspråket til den ein skal tolke. Samtidig ser me også at IMDi anbefaler skjermtolk framfor telefontolk. Her får ein ikkje med alle nyanser sidan tolken ikkje er fysisk til stade i rommet, men ein kan sjå dei som skal tolkast på ein videoskjerm og motsett. Dette er uansett mange hakk betre enn å berre høyre stemmer på telefonen. Ingen av informantane eg snakka med, nemnde at dei brukte skjermtolk. Tyder dette at ein er litt sein med å ta i bruk ny teknologi? Dette vil i alle fall løyse den økonomiske utfordringa med oppmøtetolk i ein til ein samtalar. Når det er mange til stade er det også anbefalt å bruke oppmøtetolk. Dei fleste eg har snakka med fortel at dei får oppmøtetolk når det er møter med mange personar til stade, til dømes foredrerettleiingskurs. Ei helseøster seier at:

*«Me har ei grupper i foreldrerettleiing, som me har 12 gonger, og då har me oppmøtetolk. Det er ein heilt anna situasjon. Men det er jo og andre opplysningar, og då er det veldig bra å ha oppmøtetolk altså. Eg trur nok deltakarane deler meir av seg sjølv visst dei opplever ein truverdig tolk.»*

Det er også utfordringar knytt til bruk av oppmøtetolk særleg for den eritreiske gruppa, fordi det kan vera spionar frå den eritreiske regjeringa blant tolkane. I desse tilfella er det altså betre med ein telefontolk, sidan tolken ikkje kan sjå kven dei er. Dette var noko mange av

---

<sup>90</sup> Helsedirektoratet 2011

informantane snakka om og var bekymra for, og ei helsesøster nemnde til dømes at ho alltid var nøyne på å ikkje nemne namn og kommune når ho snakka med tolken. Ho fortel:

*«og så har me vore inne på det med eritrearane, at dei er så filtrert at du veit ikkje kven som er styrt av regimet der nede. Kven som er sånne mellommenn, så det å få ut informasjon er det ikkje sikkert du får, fordi du veit ikkje om du får den informasjonen du trenger.»*

Når det gjeld denne innvandrargruppa er altså dette eit anna usikkert moment i møtet mellom brukar og tilsett når ein må ta i bruk tolketeneste.

Det kan altså verke som det er mangel på gode tolkar for kommunane. Eg spurde ei som jobbar i barnevernet om dette, sidan ho var ein av dei som hadde snakka ein del om negative erfaringar: «*Nokre språk og plasser er det det*», svarte ho. «*Men eg trur og det er litt for låge krav til dei som får desse oppdragene*.» Det ser altså ut til at ho peikar på tolketenesta som blir nyttiggjort av kommunen. Er det eit økonomisk spørsmål, altså at kommunane vel dei rimeligaste tilbydarane? Det som i alle fall er sikkert, er at dei som bur i byar får eit betre tilbod. Her har ein oppmøtetolk på mange språk lettare tilgjengeleg. Er det mogleg å sjå for seg at ein også hadde tolkar rundt om i distriktskommunane, til dømes som ein interkommunal teneste? I alle fall for dei største innvandrargrupsene? Det er i så fall spørsmål om ein vil betale meir for å gi eit godt integringstilbod med ein gong innvandrarane kjem, for så å sleppe utgifter som kjem seinare på grunn av därleg integrering, til dømes sosiale stønader på grunn av låg sysselsetting.

Om det er vanskeleg å få til oppmøtetolk i distrikta, hadde det uansett vore ei kraftig forbeting om alle tolkane kommunane nyttiggjjer seg av, er godt kvalifiserte, anten det er snakk om oppmøtetolk eller telefon- og skjermtolk. Kanskje det ikkje ville blitt dyrare heller? I den nemnde kronikken, skriv Løfnes og Hansen om ein klinikkleiar ved Oslo universitetssjukehus, som meinte dei sparte både tid og pengar på å bruke kvalifiserte tolkar. Dette var konklusjonen etter at dei hadde brukt kvalifiserte tolkar systematisk over ein periode. Sjølv om tolkane var dyrare på grunn av høgare kompetanse, reduserte dei talet på møter med pasientane, fordi det var lettare å forstå kvarandre og å komme til saka.<sup>91</sup>

Nå kan det også vera at det er få tolketenestar å velje mellom, og at det dermed er lite kommunane kan gjera så lenge ein ikkje satsar på eit tolkeløft på nasjonalt plan. Regjeringa har fokusert mykje på å auke kompetansen blant lærarane, til dømes ved å innføre femårig masterutdanning for alle grunnskulelærarar.<sup>92</sup> For at innvandrarforeldre og -barn skal få eit like godt tilbod som dei som er oppvaksne i landet, må dei også møte tolkar som er gode nok til å faktisk formidle det dei betre kvalifiserte lærarane ynskjer å formidle, til dømes på eit foreldremøte. Og då må det vera tolkar som kjenner til skulen eller den tenesta han eller ho skal formidle. Nå skal det seiast at det har vore auka fokus på å betre tolketilboden dei siste åra. I 2014 blei det til dømes gjennomført ein NOU om tolking i offentleg sektor. Her kom det fram at det blir brukt for lite tolkar og for mange ukvalifiserte tolkar i offentleg sektor. Vidare står det at det kostar samfunnet for store ressursar og svekkjer rettssikkerheita, slik eg har vore inne på tidlegare. Tolkeutvalet meiner også at det i nokre tilfelle kan vera fare for liv og helse.<sup>93</sup> Utredninga er ein del av eit mål om å opprette ein tolkelov for å heve kvaliteten på

<sup>91</sup> Løfnes & Hansen 2016

<sup>92</sup> Kunnskapsdepartementet 2016

<sup>93</sup> NOU 2014: 8: 66

tolketenestane. Denne lovea vil truleg tre i kraft i 2019.<sup>94</sup> Dette vil forhåpentlegvis føre til ei tydeleg betring for alle kommunar, i distrikta så vel som i byane. Utan gode tolketenestar i kommunane, hjelper det i alle fall lite om dei ulike tenestane og dei som jobbar der, har aldri så gode intensionar i integreringsarbeidet.

### Setje av nok tid

Tolk er altså noko informantane frå det offentlege trekker fram som ein viktig tilpassing av arbeidsoppgåvene når ein skal ivareta innvandrarar på ein god måte. Noko anna som ofte blir trekt fram, er å setje av nok tid. Ein lege fortel at:

*«Nei, eg har notert det på forhand at det med tid altså, det er viktig. At ein må sette av tilstrekkeleg med tid. [...] Etter mi meiningså stiller det kommunen overfor veldig mange krav, for dette går på tid, tolken er eit tidspunkt frå og til. Det krev veldig mykje samhandling og sånn, men kommunehelsetenesta er etter mi meiningså veldig uforutsigbar, så sånne ting som dette er ikkje alltid så lett å få tilpassa. Visst det då plutsleger behov for meir tid så trur eg nok at dette kan bli ein sånn sanderingspost at me tar vel gjerne nokre snarvegar for å få tilpassa samtalane til den tida som er satt av til tolking. For eksempel heilt konkret så er det jo av og til og at tida for tolk er gått over, og så prøver me å sette oss ned med litt anna type kommunikasjon. Utan tolk ja. Nokon kan jo litt norsk og sånt, også teiknspråk, og sånne fingrar. Så det er jo ein sånn tilpassing som me har altså.»*

I den praktiske kvardagen, kan det altså skje at noko kommunikasjon føregår utan tolk, sjølv om norskkunnskapen til brukaren eigentleg ikkje er god nok for dette. Då har legen eller ein annan behandler, valet om å avslutte timen, og fortsetje igjen ein annan gong, eller forsøkje å få til resten av kommunikasjonen utan tolk. Ho er ikkje den einaste frå helsevesenet som fortel om uforutsigbarhet. Ein barne- og familierettleiar ved ein helsestasjon fortel:

*«Hadde du vore her tidlegare i dag, så var det ein familie som kom ein halvtime for seint og tolken var avbestilt for dei kom ikkje. Tre ungar og to foreldre, det var ganske sånn, du kunne sjå det uti gongen, og du kunne høyra lyden. Det var ei helsesøster som hadde dei. Eg veit ikkje kor lenge ho heldt på.»*

Her var det altså brukarane som kom for seint til timen slik at ein ikkje lenger hadde tolk tilgjengeleg. Barne- og familierettleiarem nemner at dette ikkje er så uvanleg, og tek opp at: «Tida vår i Noreg den går, mens i Afrika så kjem den. Det er jo litt sånn kulturforskjellar på tid.» Dette nemner også ei helsesøster eg har snakka med, men ho framhev samtidig viktigheita av god kommunikasjon frå introduksjonstenesta i kommunen for å betre dette:

*«I starten så var det litt sånn at dei kanskje kom ein time for seint. Veit ikkje om introduksjonstenesta er veldig flinke til å gi info, men dei kjem nå dei aller aller fleste. Eg trur me har ein familie som er litt sånn ustabil, men det har me jo med norske familiar òg. Trur kanskje introduksjonstenesta har vore veldig flinke til å opplyse om at i Noreg så må me møte til ei bestemt tid. Me bestille jo tolk og alt blir forskyve visst dei kjem for seint.»*

---

<sup>94</sup> Helsestilsynet 2015

Her ser ein altså tydeleg korleis dei ulike tenestane er avhengig av kvarandre. Når introduksjonstenesta har gjort ein god jobb i å informera og forklare korleis det norske systemet fungerer når det gjeld tid, sparer andre tenestar tid og ressursar og får gjort ein betre jobb overfor brukaren. Å klare seg utan tolk i ein samtale der ein burde hatt tolk, er i alle fall eit dårleg alternativ. Kanskje ein kan ende med å skade brukaren meir enn å hjelpe? Som me blant anna har sett frå NOU-en frå 2014, kan det ha alvorlege konsekvensar når tolketenestane ikkje er gode nok eller ikkje blir brukt ofte nok. Om det kjem ein tolkelov vil det truleg ikkje vera lovleg å fortsetje samtalen etter at tolken ikkje lenger er tilgjengeleg. Legen over er inne på at bruk av tolk stiller kommunen for mange krav, og om denne lova trer i kraft vil det altså vera enda viktigare at brukarane kjem til rett tid. Eventuelt må ein vera villig til å betale litt ekstra for tolken ved å ha tolken tilgjengeleg over litt lengre tid enn det ein eigentleg trur ein trenger. Dette vil kanskje lønne seg i lengda visst ein faktisk får gjennomført samtalen, framfor å avlyse og ordne ein ny avtale.

Det er ikkje berre viktig å setje av ekstra tid på grunn av uforutsigbarhet knytt til om brukaren kjem presis, det er også nødvendig å rekne god tid på grunn av at ein tolkesamtale sjølvsagt er meir krevjande enn ein samtale utan tolk: «*Det går jo meir tid. Ein må rekne meir tid. Ein vanlege samtale vil ta lenger tid med tolk*», seier tilsett i barnevernet. At ein må setja av meir tid er ikkje berre knytt til sjølve tolkesamtalen, men som ei anna frå barnevernet seier:

*«Du må sette av ein del meir tid, for du må gjerne innhente meir informasjon. Ikkje knytt til familien sånn sett, men i forhold til kulturelle spørsmål. Me er jo berre damer her, og treffer stort sett berre mennene. Kjem ann på kor dei kjem frå sjølvsagt, og kor lenge dei har vore her, men me bruker ofte ein del tid på å få mødrene på banen. Me må gjerne få omsett dokumentet, og snakke meir med samarbeidspartnarar for å finne ut kor dei er og kva dei trenger, så det går meir tid. Og så er det fleire miner, det er eit vanskelegare landskap å navigera i. Om me blir på ein måte litt betre, så lever me i ein ganske hektiske kvardag, og har mange saker. Mykje me skal og det der med å veta nok til at du ikkje fornærme dei, prøve å unngå dei verste tabbane, veta nok om kulturen deira.»*

Det er altså svært mange faktorar som spelar inn, som gjer at ein må setje av langt meir tid enn det ein gjer med nokon som er etnisk norske. I dømet over handlar det ikkje berre om sjølve møta med brukarane, men også alt rundt som å innhente informasjon om kulturen og anna.

Ein tilsett i NAV skilde seg ut ved å nemna at ein også må setje grenser for kor lenge eit møte faktisk kan vare for at det skal vera fruktbart:

*«Ofte er rådet vårt at dei ikkje skal holde på lenger enn ein times tid, for då byrjar konsentrasjonsevna å forsvinne, og ein blir sliten. Det kan vera vanskelege ting ein snakkar om, og det kan vera noko eg vil ha ut av brukaren som ikkje brukaren er villig til å gi. Kulturelle ting. Så me har som regel sett av ein time. Av og til iallfall i starten når eit menneske kjem heilt ny og fersk frå eit anna land og skal tilegne seg kunnskap som me vil prøve å gi dei, så er det sånn at me burde hatt lenger tid. Hatt lenger tid og då må me berre gjenta møta. Tidsbruken den er jo uendeleig mykje lenger, ein må rekna mykje lenger tid på ein nyankommen flyktning enn kva ein gjer på ein etnisk norsk som har kulturen i ryggmargen. Det kan for eksempel vera familiarar som ikkje forstår seg på pengebruken for eksempel. Ein må fleire gonger gå inn i inntekter og*

*utgifter, og fortelja at den datoен kjem den kostnaden, og då kjem den inntekta. Og så trur du det har blitt mottatt og forstått, men kanskje du må gjera det fire gonger i samtalens. Kalla inn på nytt eller blir bedt om å forklare ting på nytt.»*

Det er litt merkeleg at ingen andre har kome inn på dette at vanskelege tema og viktige tema for brukarane sine liv, krev stor konsentrasjonsevne, og at ein dermed må vera nøye på at ein også set ei grense for kor lenge eit møte skal vare. Det treng sjølvsagt ikkje bety at dei andre eg har snakka med har vore heilt ubevisst dette, men det er likevel påfallande at så få nemner det. Det kan gi inntrykk av at ein gløymer brukaren eller innvandraren sitt perspektiv. At ein tenker meir på å få gjennomført og fullført det ein hadde tenkt, framfor å ta omsyn til kva innvandraren faktisk har moglegheit til å fordøye, og klarar å formidle. Å vera svært bevisst dette, betyr også at ein kanskje må setje av fleire møter, og dermed brukar ein enda meir tid.

Det er altså svært mange faktorar som gjer at dei offentlege tilsette må setje av mykje meir tid for å ivareta ein innvandrar like godt som ein etnisk nordmann. Som me har sett, hender det at ein må ta nokre snarvegar for å få gjennomført det møtet ein hadde tenkt. Legen over meiner at det med tid og å ivareta innvandrarar, er noko som stiller kommunen overfor ein del krav. Ein kan spørje seg om kommunane som heilskap er bevisst kor mykje meir tid som må setjast av for å ivareta innvandrarar på ein like god måte? Fleire av informantane gir inntrykk av at det er ei utfordring å oppnå ein likeverdig teneste overfor innvandrarar, utan å få tilført fleire ressursar og dermed meir tid enn det dei har nå.

---

*Ein kan spørje seg om kommunane som heilskap er bevisst kor mykje meir tid som må setjast av for å ivareta innvandrarar på ein like god måte?*

---

### Lova bestemmer, men ikkje når det gjeld kompetansekrav?

Ei barnevernstilsett framheva også at det er klare grenser for kor langt ein kan tilpasse seg ulike innvandrargrupper:

*«Nå er det jo slik at i til dømes valdssituasjonar så er det loven som bestemmer. Me kan jo ikkje la dei få vera valdelege mot sine barn på grunn av at det er deira kultur med grensesetting med vald. Så me kan jo ikkje differensiera mellom dei og norske, men det er jo klart at me tilpasser oss jo så godt me kan i forhold til hjelp og sånn, dei får lik hjelp i forhold til andre. Det gjer dei. Men me kan jo ikkje la dei sleppe unna med ting. Men me er bevisst på dei kulturelle forskjellane som er, me har det i utdanninga og, i forhold til barnevernsutdanninga i forhold til minoritetar. Så me prøver å utvise omsyn.»*

Sitatet verkar ein aning sjølvmotseiande, på den eine sida skal ein ikkje differensiera mellom innvandrargrupper og norske, men på den andre sida tilpassar ein seg så godt ein kan.

Tilpassing handlar ikkje berre om handlingane ein føretar seg - til dømes å bestille tolk - men også dei haldningane og tankane ein møter innvandrarane med.

Dei kan ikkje få sleppe unna med ting, seier ho, det er altså innvandrarane som har det fulle ansvaret for at dei bruker oppsedingsvald. Nokon vil nok meine at dei som utførar ei handling som er uakseptabel i samfunnet, er eine og åleine ansvarleg for at denne handlinga går føre seg, i alle fall når det er noko majoriteten i samfunnet ikkje praktiserer. Er det derimot noko som store delar av befolkninga strever med, er det nok lettare at ein ser at storsamfunnet også har eit ansvar. Barnevernet og andre offentlege instansar har eit ansvar i å hindre at oppsedingsvald blir praktisert, slik dei også hadde eit ansvar for å hindre at dette gjekk føre seg i dei tider då det var ganske vanleg i norske heimar sjølv om det hadde komme ei lov mot det.

Når ein skal endra haldingar i «heile folket», som ofte er måten ein framstiller majoriteten på, fører det kanskje til landsdekkjande kampanjar på fleire nivå. Døme på dette er anti-røykekampanjar då røykelova vart endra i 2004. Dette må ha vore effektivt, i 2017 var det berre 11 prosent av befolkninga som røyka dagleg. Røykelova vart altså følgt med haldningskampanjar. Skal ein endre ein kultur, må det altså meir til enn å innføre ei lov, ein må opplyse kvifor den konkrete lova er så viktig. Kjem nokon frå eit land der oppsedingsvald er norma, verkar det ikkje som ein alltid tenkjer på same måte. Den barnevernstillsette er svært tydeleg på at dei ikkje må forskjellsbehandlast når det gjeld det å grensesetja med vald, men ho nemner ikkje rettleiing, til dømes å læra om andre verktøy enn vald i oppsedinga. Rett nok nemner den barnevernstillsette at hjelpetiltak kan gå føre seg i situasjonar der det er mistanke om oppsedingsvald, men dette kom først opp etter eit konkret spørsmål. Før dette spurte eg: «Visst det blir oppsedingsvald kva er det dokker først gjer då?» Svaret eg fekk var:

*«Me har ein handlingsplan som me bruker i forhold til det. Det kjem ann på kva slags grad eller norm det er. Visst det er tydeleg ikkje sant, om det er oppsedingsvald eller anna vald i familien, så må me sikre barnet i første omgang. Og då har me prosedyrar i forhold til det. Med intervju av barnet og intervju av foreldra. [Desse] må me køyre samtidig slik at ingen får snakka med kvarandre. Og eventuelt visst det er fare for at barnet skal heim igjen, så må me fjerna barnet midlertidig, men me sender eit vedtak til fylkesnemnda. Eit akuttvedtak, så må den godkjennast eller ikkje. Visst ikkje den blir godkjent så må me oppheve vedtaket vårt, og så må barnet tilbake til familien. Så må me sjå på tiltak som då kan setjast inn. Om det blir tilsyn, uanmeldt tilsyn, at me kjem heim og ser korleis situasjonen er. Det er veldig vanskeleg for barnet i slike situasjonar.»*

Her kjem ikkje hjelpetiltak opp som eit tema, sjølv om eg spør kva ein gjer når ein oppdagar oppsedingsvald, altså ikkje vald generelt, men denne konkrete forma for vald. Det er ikkje det same å slå som eit oppsedingselement og å slå for å mishandle. Dette snakkar ei anna i barnevernet om då eg intervjuha ho: «*Det blir jo gjort stor forskjell på det i rettssystemet. Er det oppsedingsvald, så er det gitt tilbod om behandling. Vald er ikkje vald når ein tenkjer omsorgssvikt, det graderast.*» Den barnevernstillsette over nemner derimot ikkje andre tiltak før ein eventuelt har tapt eit akuttvedtak. Nå skal ein ikkje ut frå dette tru at det aldri går føre seg hjelpetiltak i denne kommunen når det gjeld oppsedingsvald, men det seier noko om fokuset og haldningane kring dette. Kanskje det er haldningar som fører til at det oftare går føre seg akuttvedtak, enn i kommunen til ho som nemner at vald blir gradert? Rett nok kan ein vanskeleg trekke generelle konklusjonar for kommunane ut frå to intervju med tilsette, men det kan i alle fall seie noko om at haldningar og fokus varierer i barnevernet i og med at

informantane gir ulike inntrykk. Og ulike haldningar og fokus kan vera eit teikn på at det også er ulik praksis sidan haldningar og handlingar heng saman.

Det konkrete spørsmålet eg stiller for å få høyre om hjelpetiltak kring oppsedingsvald er: «*Tar dei [dvs. innvandrarfamiliar] imot hjelpetiltak, når det blir oppdagat oppsedingsvald?*»

*«Me har jo ikkje så veldig mange saker her, og det som er vel litt i desse sakene, men kanskje enda meir for dei [dvs. innvandrarane], må jo innrømma at dei har gjort dette for at dei skal kunne komme vidare, og det er ein utfordring for spesielt dei kanskje å innrømme det. Dei er sikkert redde barnevernet sjølv sagt. Men det er veldig vanskeleg å komme vidare visst dei ikkje innrømmer at det har oppstått vald. Visst dei har innrømt det, så kan dei jo få tiltak i forhold til det. Dei kan jo få hjelp, psykologhjelp, sinnemestrings og ikkje minst oppfølging og opplæring, gi dei andre verktøy til å handtere grensesettande situasjonar på ein god måte.»*

Rett nok kan det vera at ho har vore i ein forsvarsposisjon då eg snakka med ho, at ho har vore redd for at eg har ein fullt ut kulturrelativistisk haldning der eg kjem til å framstille det som om det er likegyldig om ein brukar vald i oppseding eller ikkje, at barn ikkje kan ta psykisk og fysisk skade av det. Altså at det dermed har vore veldig viktig for ho å få fram at det er etiske forskjellar på dette. Då eg spurte om det var noko ho meinte eg bør veta før me avslutta intervjuet, tok ho nemleg opp dette temaet igjen:

*«Det som er viktig å huske på når det gjeld arbeidet vårt er det at lova gjeld for alle, me må ivareta alle barna, og me kan ikkje akseptera at nokon utøve ein dårleg barneoppending fordi dei er frå eit anna land. Barna er beskytta av den lova som beskytta alle barna her i landet. Det er den ledesnora me har i vårt arbeid.»*

Den andre barnevernstilsette som eg har nemnd her, gir ikkje inntrykk av å vera i forsvarsposisjon, men går meir inn på ulike utfordringar. Når eg spør om ho synest dei kan gi eit likeverdig tilbod til innvandrarfamiliar, svarar ho dette:

*«Men eg tenker jo at me strekker oss langt for å gi eit tilstrekkeleg tilbod, men det er heilt klart nokre utfordringar. Eg tenker berre foreldrerettleiing visst du manglar språket og det skal gå via tolk og det blir den forseinkinga på responsen, så veit eg ikkje om dei får eit like godt tilbod. Men me prøver, og eg tenker at [...] det er jo blitt satsa på kompetanse for å få ein auka forståing for dei som jobbar med desse familiene. Det har vore ein del kurs og det er tett samarbeid i ein del saker med introduksjonstenesta. Me veit meir kven me kan spele på. At det er nokon som har breiare erfaring, det hjelper jo.»*

Ved denne tenesta har det altså blitt satsa på å få auka kompetanse blant alle tilsette som arbeider med fleirkulturelle familiar. Som Aristoteles skal ha sagt: «*Til meir du veit, til meir veit du at du ikkje veit.*» Når ein har mykje kompetanse på eit felt, veit ein også kor komplisert og mangesidig det konkrete feltet er. Dermed blir ein kanskje litt audmjuk og tørr å innrømme sine avgrensingar, slik den barnevernstilsette gjer i dette sitatet. Dette handlar nok også litt om å ha ein fagleg grunnbasis å stå på når det gjeld det konkrete feltet - at ein veit at ein veit ganske mykje, sjølv om ein også veit at det er veldig mykje meir ein kan læra om temaet. Då kjenner ein seg kanskje tryggare i jobben ein skal gjera.

---

*Det er jo blitt satsa på kompetanse for å få ein auka  
forståing for dei som jobbar med desse familiene.  
[...] Me veit meir kven me kan spele på. At det er  
nokon som har breiare erfaring, det hjelper jo*

---

Skilnaden mellom å ha eit meir eller mindre etnosentrisk syn og eit meir kulturrelativistisk syn, kan kanskje handle litt om å ha ulik kompetanse når det gjeld det fleirkulturelle samfunnet. I ulike utdanninger i dag der ein kjem til å arbeide med barn og/eller familiar, er det eit fokus på å vera bevisst seg sjølve, til dømes eigne haldningar, fordommar og den makta ein har som offentleg tilsett og del av majoritetssamfunnet. I tillegg legg ein ofte vekt på at ein må forsøkje å forstå dei som kjem frå andre kulturar ut frå deira eigne primiss, og ikkje berre ut frå ein sjølve. Rett nok er det avgrensa og varierande kor mykje ein har om dette, men det er også mange vidareutdanninger og/eller kurs retta særleg mot det å ivareta fleirkulturelle brukarar, noko som fleire av mine informantar har teke.

Når det gjeld barnevernet, er det faktisk ingen kompetansekrav for å vera tilsett eller leiar der. Dei som jobbar i sektoren, har mange ulike utdanningsbakgrunnar, trass i at det finnes eigne utdanninger innan barnevern.<sup>95</sup> Med tanke på at barnevernstilsette kan vurdera om ein skal gå for omsorgsovertaking, eit maktinngrep som kanskje er like stort dei maktinngrepa politiet kan gjera - rett nok etter godkjenning av fylkesnemnda - er det rart at det ikkje er kompetansekrav i det heile. Truleg vil det skje endringar på dette området, for på Bufdir sine nettsider står det at:

*«Bufdir har fått i oppdrag å utrede autorisasjon i barnevernet og kompetansekrav for barnevernsledere. Dette arbeidet skal i 2018 utvides til også å omfatte krav til den enkelte medarbeider og til tjenestene generelt.»<sup>96</sup>*

I tillegg er det mange som har teke utdanninga innan barnevernspedagogikk på bachelornivå. Dei siste åra har fleire i fagmiljøet ytra at feltet er for komplekst til at tre år er nok, og at ein bør endre det til å berre vera femårige utdanningar.<sup>97</sup>

Ryfylkeregionen er ein region med få innbyggjarar og utan større byområde, noko som gjer at det ofte kan vera vanskeleg å tiltrekke seg kvalifisert arbeidskraft. Når det ikkje er noko formelle krav til utdanning, er småstader dermed særleg utsett. Eit døme på dette, står det om i lokalavisa for Suldal. I 2017 blei barnevernstenestane i Suldal og Sauda slått saman. 13. juni 2018, står det i Suldalsposten at den tillitsvalte for dei som jobbar på kontoret i Suldal, har sendt eit brev til styringsgruppa for samarbeidet, eit brev som alle tilsette står bak. I brevet står det:

*«Det er ikkje å overdriva å seie at me alle er sterkt prega av året som har gått. Mykje tyder på at våre jamlege tilbakemeldingar til leiar ikkje har blitt rapportert vidare.»<sup>98</sup>*

---

<sup>95</sup> Bufdir 2017

<sup>96</sup> Bufdir 2017

<sup>97</sup> Larsen 2017

<sup>98</sup> Moe 2018: 7

Ein har altså ikkje vore nøgd med leiarvalet, og ein kritiserer i særleg grad styringsgruppa for å velje å tilsette nokon i denne posisjonen utan barnevernsfagleg kompetanse. Leiaren har slutta, og styringsgruppa har i den neste søknadsrunden gått inn for å krevje denne kompetansen i tråd med det dei tilsette har ynskja. Av dei som har søkt, er det ingen som har barnevernsfagleg kompetanse, slik det heller ikkje var førre gong. Om ein verkeleg held seg til dette kravet er dermed nokså uvisst, særleg om ein les kva leiaren for styringsgruppa har uttalt til avisat: «*Finn me ikkje det [dvs. nokon med barnevernsfagleg kompetanse] må me jenka oss.*»<sup>99</sup>

Dei tilsette skriv også at: «*situasjonen er svært sårbar i høve til fagleg forsvarlegheit*», og ein tek opp korleis ein skal takle ferieavviklinga sommaren 2018. Dette handlar truleg om at ein har redusert mannskap då ein av dei tilsette fungerer som leiar ut august.<sup>100</sup> Det er altså vanskeleg å få tak i nok tilsette med den rette kompetansen. Tyder dette at rettssikkerheita for barn og familiarer med innvandrarbakgrunn er dårlegare i små kommunar?

Barne- og likestillingsminister Linda Hofstad Helleland frå Høgre, meiner at løysninga er å slå i saman kommunane til større kommunar. Dei små kommunane toppar nemleg statistikken over omsorgsovertakingar.<sup>101</sup> Men her er det sjølv sagt meir enn størrelsen på kommunen som spelar inn, det har til dømes også noko å seie kva sosioøkonomiske forhold som rår i dei ulike kommunane. Dessutan hjelper det lite om ein har fleire tilsette ved ei barnevernsteneste visst dei som jobbar der ikkje har brei nok kompetanse. Kanskje ein ville fått eit likare tilbod for heile landet, om det hadde vore eit kompetansekrav som stod i samsvar med den makta barnevernet forvaltar?

---

<sup>99</sup> Moe 2018: 7

<sup>100</sup> Moe 2018: 7

<sup>101</sup> NTB 2018

## Samarbeid med andre tenester

Dei flest informantane eg har snakka med frå det offentlege, understreker kor viktig det er med eit godt samarbeid mellom dei ulike offentlege tenestane som jobbar med barn og familiær. Ei frå barnevernet fortel at:

*«Me får som regel den informasjonen me søker. Eg føler mykje meir det var slik når eg byrja her, at alle sat på kvar si tua og ingen visste kva andre heldt på med. Men me er blitt mykje betre på å kunne innhente samtykker for å kunne snakke med forskjellige. Eg opplever jo òg at dei fleste samtykker til det så lenger dei veit kva og kvifor. Me har gjort ganske store endringar her på dei åra. Så det kan jo vera på grunn av heilskapen, at me jobbar på ein annan måte enn før.»*

Vidare fortel ho at:

*«Me har det same med barnehagar og skular, me er inne minst ein gong i året på personalmøte og noko av det som er viktigast å informera om er at dei har ein plikt til å melde frå om bekymring, men og at dei skal ta det opp med foreldra med mindre det er snakk om vald eller overgrep. Så skal alltid foreldra veta om det før dei snakkar med oss. Og eg tenker at det òg kan vera med å senka terskelen litt fordi dei ikkje er så redde og veit kva det går i. Før fekk dei kanskje berre ein innkalling frå oss og så lurer dei på kven er dette, og så er det ikkje før dei kommer på møtet med oss at dei får veta kva det handlar om. Det kan vera med å auke forståinga, og gjer oss mindre skremmande.»*

Om nokre av dei tilsette ved dei ulike offentlege tenestane, ikkje er klar over at ein må gi beskjed til foreldra når det ikkje handlar om vald, kan det vera at ei lita sak blir svært skremmande for foreldra. God kommunikasjon mellom barnevernet og andre instansar kan dermed vera avgjerande for å få til ein god dialog mellom saksbehandlar i barnevernet og innvandrarforeldre. Rett nok skal dei som jobbar i det offentlege med barn og familiær, vera klar over forskjellen mellom vald og andre saker, men det er ikkje sikkert at alle er like godt informert sjølv om dei eigentleg skal vera det. Når det gjeld kunnskap i andre tenestar om korleis ein skal takle moglege barnevernssaker, meiner ho at: *«Det er eit økt fokus på det, men det er altfor lite av det i alle instansar.»* Dei har dermed sett eit behov for å informera og tydeleggjera dette. Som me har sett, er det også mange av innvandrarforeldra eg har snakka med som meiner god informasjon er heilt avgjerande for å få bort noko av redsla for barnevernet. Og denne kommunikasjonen handlar sjølvsagt ikkje berre om kva barnevernet kommuniserer om seg sjølve, men også kva andre tenestar fortel om dei og deira rolle.

Då eg spurte korleis ei anna i barnevernet opplever samarbeidet med andre instansar, fortalte ho at: *«Me har eit godt samarbeid i forhold til alle familiene som me jobbar med.»* Dette er ein litt anna måte å svare på - ein har eit godt samarbeid når det først har blitt ei sak. Er det mindre fokus på å informera og snakke om deira teneste på generelt grunnlag med andre tenestar? Kanskje ikkje, det verkar som ein har liknande møter ved denne barnevernstenesta:

*«Me har samarbeid med skule og barnehage i forhold til oppvekst som tar opp saker. Det er PPT, barnevern og helsestasjon som har desse møta ilag med rektor og lærarar. Skal me melde til PPT, eller kva skal me gjera sjølv på skulen eller barnehagen for å hjelpe situasjonen? Og av og til så høyrer me ting som er*

*bekymringsfullt for det er anonyme drøftingar då, og me synest ein bør melde, og så er det ikkje alltid det kjem meldingar.»*

Samtidig blir det igjen nemnd at dette er møter der ein «tar opp saker», det blir ikkje sagt at ein har møter der hovudfunksjonen er å informera dei tilsette om korleis barnevernet jobbar og kva det er viktig at dei hugsar på når det gjeld barnevernssaker. Ho fortel rett nok at det er:

*«fullt mulig å berre spørje om råd utan at det blir ei barnevernssak. Må jo prøve ein del ting sjølv og på ein måte. Til dømes visst ungdommen ikkje har niste eller gymklede, så må du jo prøve å snakke med foreldra om det sjølv, oppfordre dei til å smørje niste. Visst det gjentatte gonger ikkje hjelper så kan det vera meir aktuelt å melde. Kva er det som gjer at du ikkje smør niste er det at du ikkje har strukturen i familien, kan me hjelpe med det, setje inn ein miljøarbeidar som kan vera med å finne strukturen?»*

Dette handlar heller ikkje om at barnevernet informerer på generelt grunnlag uavhengig av konkrete saker og situasjonar, men at den tilsette i ein annan teneste kan spørje om konkrete råd. Det tyder kanskje ikkje at denne forma for informasjonsmøter aldri går føre seg, men det er ikkje noko den barnevernstilsette vel å framheva overfor meg, slik den andre tilsette gjer.

Noko dei begge formulerer på omlag same måte, er at dei som teneste er heilt avhengig av at dei andre instansane reagerer når dei merkar noko bekymringsfullt: «Visst dei ikkje tørr å reagera på det.. det er dei som ser ungane og ser kor skoen tråkkar. Så me er jo heilt avhengige av [dei]», fortel ho som snakkar om informasjonsmøter, mens ho andre seier at: «Me er avhengig av det samarbeidet.»

Når det gjeld introduksjonstenesta, har ei tilsett merka seg at det har vorte ei endring i måten andre offentlege tenestar tenker om eigen rolle og introduksjonstenesta si rolle, etter at det kom så mange flyktningar i 2015:

*«Det er ei kjensle av at folk veit litt meir etter det som har skjedd, og har meir interesse for det òg. Vidare engasjement for det syns eg. Så det som eg oppfatta før enda meir enn nå, var at det var forventa at me hadde ei aktiv rolle i forhold til alt. Visst det var ei sak på kommunen som hadde med ein afrikanar å gjera, så var det introduksjonstenesta som hadde det. Eg opplever nok at folk har tatt meir ansvar for sin del då. Plutseleg blei det mykje meir eit fellesansvar korleis kommunen skal ta imot. Og det trur eg nok skjedde litt meir i 2015, at ein mobiliserte meir, at dette måtte ein ordna. Kvar instans har blitt flinke på sitt felt. Til dømes når det gjeld skule, så er det visse ting me ikkje har kompetanse på som skulen kan ta. Så dei som kan skule, at dei tar seg av det, at ein kan sin del. Det er og viktig for deltakarane at dei får eit større nettverk både i forhold til enkeltpersonar, dette er ein sånn hjartesak for meg; visst alt går via oss på introduksjonstenesta, så vil andre instansar forholde seg til oss. Og då øydelegger ein litt den direkte kontakten med eit større nettverk.»*

Flyktningkrisa for nokre år sidan, ser altså ut til å ha ført noko godt med seg, den gjorde det synleg kor viktig det er at alle teke sitt ansvar når det gjeld å integrera nye landsmenn i kommunane. Og for å få til dette, meiner ho at dei ulike tenestane må ha eit godt samarbeid:

*«Det er jo klart at introduksjonstenesta har ei spesiell rolle i byrjinga, eg meiner ikkje at ein skal avskriva det ansvaret, men eg trur det er så viktig for deltagarane at kvar instans lærer kvarandre å kjenne. For å sikre at informasjonen går direkte.»*

I tillegg til å oppleva at det er meir heilskapleg forståing frå dei ulike tenestane når det gjeld integrering, synest ho også at sjølve samarbeidet er vorte betre: «*Samarbeidet opplever eg som bra. Eg syns til tider at det har vore litt frustrerande før, men sånne ting er ofte knytt til visst ein har det veldig travelt så blir ein meir sånn avgrensande.*»

Samtidig nemner ho når det gjeld samarbeidet med barnevernet at:

*«Eg skulle ynskje at me hadde hatt litt meir førebyggande, att det er lågare terskel då for å snakke og å diskutera saker, at ein kanskje blir litt redd for at det tar av. At kanskje me skulle hatt ein fora der me snakka om ting. [...] Me hadde nok ynskja litt sånn utveksling av idear. At me sitter med kompetanse og erfaring på kvart vårt felt. Det kunne vore betre om me fekk læra av kvarandre. Nå snakkar eg ikkje om meg, men eg trur kanskje nokon kan vera redd for å kopla inn barnevernet, for ein er redd for korleis det utviklar seg. Det kan eg jo seie at sakene med barnevernet har vore ganske opprivande, det er store saker.»*

Det kan verka som det er eit tillitsproblem mellom barnevernet og introduksjonstenesta i denne kommunen. Eit tillitsproblem som kanskje har ført til at barnevernet får færre bekymringsmeldingar enn dei burde. Ho er ikkje den einaste av mine informantar som nemner at samarbeidet med barnevernet kan vera vanskeleg. Ei som jobbar ved ein annan offentleg teneste, seier dette:

*«I enkelte saker så har me gjerne snakka saman med barnevernet om foreldre der eg har hatt nokre spørsmål. Bedt om eit møte. Eg kunne tenkt meg at eg kunne opplevd det betre. Visst me har meldt ei sak så får me gjerne ei tilbakemelding ei tid etter at saka er lukka, at dei har undersøkt saka så nå er saka avslutta. Men då veit ikkje me kva som har skjedd i saka.»*

Ho kjem med eit konkret døme på därleg samarbeid mellom ho og barnevernet:

*«Eg hadde eit møte med ein av rettleiarane på barnevernet, og då hadde eg med meg ein fullmakt frå vedkommande mor. Då sa rettleiaren at det spørst om ho veit kva ho har skrive under på. Dette var ikkje noko sånn supervinnar i forhold til å få til ein god dialog. [...] Det var veldig klare signaler på kva ho kunne seie noko om til meg i forhold til denne saka. Men eg var jo interessert i å veta kor grensa går i mellom barnevernet sine krav til mor i forhold til møter og plikter, og kva eg kan forventa av ho i forhold til møter og plikter. Slik at me ikkje går over grensene til kvarandre, eller forlangar for mykje av dette mennesket som skal forholde seg til to etatar. Eg fekk veta det eg ville, men det kunne ha vore eit betre møte. Og sjølvsagt så har eg hatt ein samtale med mor for å få informasjon frå barnevernet, eg trengte ein fullmakt frå mor for å få veta kva dagar ho var opptatt, kva tid dei vil ha møter med ho, sånne praktiske ting rett og slett. Og til og med det følte eg var vanskeleg.»*

Som den tilsette i introduksjonstenesta, meiner ho også at det gjerne kunne vore meir førebyggande arbeid:

*«Når ein har ein meining om for eksempel våre nye landsmenn då, når ein tenkjer seg det at kulturen deira er heilt annleis enn vår, så tenkjer eg at nokon må jo gi dei ei eller anna form for kompass for å navigera i virvaret av det som er heilt naturleg for oss.»*

Noko ho nemner er foreldrerettleiingsskurs. Å gi dei som er vant med fysisk straff som ein naturleg del av oppsedinga: *«eit anna verktøy enn å gå til fysisk angrep på ungane sine.»* Foreldrerettleiingskurs blir nemnd som eit godt førebyggande tiltak av fleire eg har snakka med, til dømes tilsette i introduksjonsteneste, helsevesen og barnevernet. Desse kursa kan vera initiert av ein av desse instansane, eller fleire instansar i samarbeid. Det er fleire ulike kurs som blir praktisert, men eit som blir brukt i fleire kommunar i Ryfylke er ICDP-kurs. På Bufdir sine nettsider står det dette om kurset:

*«Gjennom programmet kan du møte andre foreldre i grupper for å utveksle erfaringer om forholdet til barna. Målsettingen er at den enkelte mor eller far skal bli trygge foreldre, ved å bli bevisste på hva de gjør som er bra for barna. Du får ingen ferdig oppskrift, men hjelp til å finne egne løsninger for deg og ditt barn. Samtalene i foreldregruppene tar utgangspunkt i dine og de andre deltakernes erfaringer fra hverdagen. Oppmerksomhet er rettet mot hvordan foreldre oppfatter barna sine. Deltakerne vil i de fleste tilfeller få veiledning på sitt eget morsmål.»<sup>102</sup>*

Den tilsette over, fortel vidare at slike kurs gir innvandrarar: *«eit verktøy allereie før det har kome i ei krise»*. Det er viktig med førebygging og at ein gjentar informasjonen fleire gonger, for som ho seier:

*«Når folk er traumatiserte eller redde, trenger ikkje vera meir enn at det er ein ny plass, så høyre du berre halvparten av informasjonen. Og for høflegheita si skyld så seier dei kanskje at alt er ok.»*

Samtidig er dei fleste innvandrarar veldig bevisst på at det ikkje er lov å slå barn i Noreg, og ho har lagt merke til at mange er *«ekstra påpasselege på å ikkje kjefte på ungane sine ute. Dei er veldig opptatt av at fasaden er ok.»* Vidare fortel ho at:

*«Eg høyrt ei som hadde uttalt at visst ungane for eksempel lagde litt ballade på butikken og ville ha noko, så var det gjerne fort gjort at ho stakk til dei den tingan ungane ville ha for at ikkje ungane skulle skrika. For det var kanskje nokon som høyrt eller såg at ungane hennas skrek, og kanskje melder det til barnevernet. Dei er livredd. Dei er livredd rett og slett, spesielt dei i det muslimske miljøet.»*

Ho understrekar samtidig når det gjeld opplevinga av barnevernet i kommunen at: *«Eg er kanskje forutinntatt, eg har ikkje gode opplevingar i forhold til den kontakta eg har hatt med barnevernet.»* Eg spør difor kva ho meiner ein kunne ha gjort for å få til eit betre samarbeid, og om det i så fall er opp til dei:

*«Ja, det er opp til dei kjenner eg. Dei må jo seie noko om det openbare tillitsproblemet dei har imot andre offentlege etatar i kommunen. Eg har ikkje noko løysning på korleis det kunne vore gjort på ein betre måte, og eg kan heller ikkje fortelje til*

---

<sup>102</sup> Bufdir 2015

*barnevernet kva dei skulle gjort for at det blei betre. Det er berre dei der utruleg tette skotta som eg funderer meg litt på. I alle fall når me har felles brukarar.»*

I likskap med tilsett i introduksjonstenesta, seier ho at samarbeidet er godt med alle andre tenestar ho har kontakt med. Igjen understreker ho at:

*«Dette er jo min oppfatning av det. Og sikkert knytt til litt kjensler fordi eg har hatt mange av mine brukarar som har hatt veldig dårlige opplevingar med barnevernet. Og eg kan ikkje legge meg opp i deira vurderingar for det er tross alt dei som har fagkunnskapen her. Så det er ikkje det det går i, det går litt meir på at det kunne jo hende at me hadde verdiful informasjon å komme med i forhold til foreldra. Kanskje dei kunne brukt oss litt meir som informantar i forhold til dei inntrykka me har av mor og far.»*

Om ho ikkje har same fagkunnskapen, har ho likevel reagert litt på delar av metoden til barnevernet når dei skal undersøkje ei sak:

*«Til dømes observasjonar i heimen: når det kjem fremmande personar som observatørar i heimen og ser på samspellet mellom mor og barn, kor naturleg er det? Men det er jo måten dei jobbar på og eg kan jo ikkje bestemme at det ikkje er nokon god måte å jobbe på. Som eit menneske med sunn fornuft så kan ein jo førestille seg at det er ikkje er den beste situasjonen å få vist kor god du er som mor. Det er min personlege oppfatning.»*

Dei tette skotta mellom barnevernet og andre tenestar er det mange av mine informantar som har tatt opp, blant anna ei som jobbar i skulen:

*«Når ungane er inne i barnevernet så får me lærarar så lite informasjon. Altså barnevernet kan vera inne å hente dei i skulen, og me veit det ikkje, i klasserommet. Men det har me tatt opp med dei, og det skal dei ikkje gjera fleire gonger trur eg.»*

Ho ynskjer også at dei kunne ha diskutert litt meir på anonym basis med barnevernet. I motsetnad til dei tidlegare informantane, nemner ho også at samarbeidet også kunne vere betre med introduksjonstenesta. Ho trur det handlar om at dei er veldig underbemannata. Ho fortel at: «*Det virke som dei ikkje rekker over alt. Og eg veit at inspektøren har vore på eit møte med introduksjonstenesta, helsestasjonen og skulen, og at me skal prøve å jobba litt tettare.*» Det er vidare litt utfordring å avgjera når ein faktisk skal vera bekymra for ein elev:

*«Når det er skidag så har dei ikkje ski, når det er sykkeldag så har dei ikkje sykkel. Altså er det ei barnevernssak? Alle flyktningar har det jo sånn, nokon taklar det greitt og nokon taklar det ikkje greitt. Nokon låner ski av andre, mens andre synest det er flaut. Kor tid skal me melde i frå? Sanne ting syns eg er litt vanskeleg å veta. Ein veit jo at det er ikkje alle som har like mykje pengar.»*

Kor skal grensene gå når det gjeld ulikheiter mellom elevane? Kor mykje mindre kan eit innvandrarbarn ha samanlikna med eit barn utan innvandrarbakgrunn, utan at det blir ein sosial belastning for innvandrarbarnet? Kva er eit materialistisk minstekrav for dei som går i den norske skulen eller barnehagen? Er det eit krav at ein har ski og sykkel, altså gjenstandar som kan vera ganske dyre i innkjøp? Grensene kjem nok mykje ann på det konkrete miljøet på skulen eller i barnehagen: er det aksept for ulik økonomi, er det aksept for ulike interesser, er det aksept for mangfold og ulikskap? Det er forståeleg at det ikkje er så lett å avgjera kor

grensene skal gå når ein bur i eit land med svært god økonomisk velstand. Samtidig kunne ho berre ha teke kontakt med barnevernet for å høyre kva dei synest om dette temaet? Slik barnevernstilsett nemner over, altså at det ikkje er noko i vegen for å spørje om råd og rettleiing, og at det ikkje betyr at det blir ei barnevernssak ut av det. Det kan verka som læraren kjenner at ein må vera svært sikker på at det er noko bekymringsfullt før ein faktisk tek kontakt. Noko som kanskje ikkje er så rart, visst ein berre er vant med å snakka i lag når det er ei konkret sak. At læraren synest det er viktig å få til eit betre samarbeid, understreka ho då eg spurte om ho har noko å føra til på slutten av intervjuet:

*«Nei, eg ser at det samarbeidet mellom etatane er kjempeviktig. At me har ein del å gå på der. Me har jo ein del ansvarsgrupper når det gjeld flyktningar visst det har vore noko spesielt med ungane. Det kunne me kanskje hatt enda meir av.»*

Ho meiner det kunne vore bra med eit felles informasjonsmøte på våren og hausten, der introduksjonstenesta, helgestasjonen, skulen, og kanskje også barnevernet, i alle fall visst det var nokon ein meinte trengte litt ekstra hjelp. Ho seier at: *«Eg trur då hadde foreldra følt seg høyrt. Respektert, at dei hadde fått sagt det dei ville. Veit ikkje alltid om dei føler seg så høyrt, ikkje så lett å veta.»*

Ein lege meiner at eit samarbeid mellom etatane må gå føre seg systematisk og regelmessig for at det skal vera fruktbart:

*«Det er lettare å samarbeide med folk som du kjenner og ser litt ofte, så eg slår nok eit slag for kortare distanse, og gjerna litt nærliek på andre ting òg. Når det gjeld psykisk helse så er det fortsatt sånn at me har ein del utfordringar for å sikre at me er samkøyrt. Seier ikkje at det fungerer därleg, men det [er utfordringar med] at me er ulike einingar. [...] Hos oss er psykisk helse under [ein annan organisasjon]. Eg trur det er enklare visst det er fleire som du samarbeide ofte. [...] Når me sitter i same rom så føler me at me forstår kvarandre.»*

Når det gjeld barnevernet meiner ho at:

*«der og trur eg nok at me i større grad kan samlast i same rom på generelle ting, det vil vera nyttig i framtida. [...] Men det er nok viktig nå at leiinga.. det burde vore meir styrkt. Er det samhandlingsmøter? Er det referat? Kva er evalueringspunkta? Sånn tenker eg at ein bør tenke på systemnivå. Det er veldig få samhandlingsmøter. Eg trur nok at visst me ser i framtida, så vil nok det komme altså. Spørsmålet er berre kva tid. Det er generelt lettare å samhandle med folk du kjenner litt.»*

### Fleire møtepunkt

Alle informantane frå det offentlege som eg har snakka med ynskjer fleire samhandlingsmøter med andre instansar, og fleire nemner også at dei ynskjer å oppretthalde eller byrje med informasjonsmøter frå dei ulike tenestane overfor alle nyankomne i kommunen. Aller helst for dei som er gjestearbeidarar også, men dette er sjølv sagt mykje vanskelegare å få til i og med at dei ikkje er ein del av eit introduksjonsprogram. Ei helsesøster fortel til dømes at ein del innvandrrarar ikkje veit kva hennar funksjon og rolle er:

*«Dei veit det ikkje, det finnes ikkje. Også er det forvirrande for dei å forholde seg til NAV, og helgestasjon og fastlegesystemet. Det er mykje å sette seg inn i. I starten så*

*kommer dei som er nye opp her med sjuke barn og trur at det er helsestasjonen som skal ta seg av sjuke barn i staden for å gå til legen. Men nå er det sjeldan nokon som tar feil.»*

Årsaka til at dette ikkje skjer så ofte lenger, er i følgje helsesøstera at dei har eit god samarbeid med introduksjonstenesta, og at dei har gjort ein veldig god jobb i å informera dei nyankomne.

Som nemnd er det fleire av informantane som framhevar at kontakta er avgrensa eller därleg når det gjeld barnevernet. Ein manglande kontakt som ser ut til å gjera at nokre offentlege tilsette vegrar seg frå å melde i frå til barnevernet eller sokje råd hos barnevernet, sjølv om dei veit at dei er plikta til dette som offentlege tenestemenn.



## Rolla til dei frivillige

*«Eg tenkjer på ei utfordring i forhold til når me bur i eit lite samfunn er jo å få dei integrert i fritidsaktivitetar og livet elles. Ein ting er jo kommunale tenestar for me har jo ein jobb me skal gjera, men livet etterpå.»*

Dette fortel ei helsesøster, og ho er ikkje den einaste av dei tilsette eg har snakka med, som tek opp livet utanfor dei offentlege instansane som viktig for god integrering. Noko som kan gjera det vanskeleg å delta på fritidsaktivitetar, er at avstandane er store i fleire av kommunane i Ryfylke. Ho fortel vidare at:

*«Det å komme og vera med på aktivitetar, når foreldra ikkje kører bil. Og det å forstå det systemet med å gå på foreldremøte sant, det er ei utfordring. Dei burde absolutt ha fadrar. Visst du har ein unge i femte klasse, så kan me spørje foreldra der som har ein gut på same alder: «kan dokker som har ein gut på same alder [vera fadrar]?» Det offentlege kan ikkje gå inn i livet deira sånn. Det er jo sånne utfordringar som me ser då, når dei ikkje har noko å gjera på fritida.»*

Mange innvandrarar har ikkje bil, og har kanskje ikkje vener eller slekt som kan hjelpe med å køyre visst det er behov. Her må ein anta at helsesøstera snakkar om dei som kjem til kommunen som flyktningar, sidan det er denne gruppa dette kan vera ei utfordring for. Anten fordi ein ikkje har førarkort frå heimlandet, eller om ein har det, er det ikkje sikkert det er godkjent i Noreg. Ein kommune i Ryfylke har byrja å sponse førarkort for introduksjonsdeltakarar slik at dei raskare skal kunne komme seg i jobb.

Eg vil stoppe litt med bruken av ordet *dei*. Fleire av dei tilsette eg har snakka med, har ein tendens til å seie *dei* når ein eigentleg meiner flyktningar og ikke innvandrarar generelt. Det blir lett *oss* i betydninga etniske nordmenn og majoritet, og *dei* i betydninga innvandrarar og minoritet. Det treng ikkje bety at ein meiner dette er ei god måte å skilje innbyggjarane i Noreg på, men at ein brukar språket slik majoriteten av innbyggjarane gjer utan å tenkje over kva ein faktisk seier. Språk er kultur og det tar tid å endre kulturen. Å endre vanlege talemåtar, ord og omgrep som kan ha ein diskriminerande og stereotyperende effekt, krev dermed at ein jobbar med språket over tid. Med tanke på fornamna og etternamna til informantane frå det offentlege, ser det ut som dei fleste er ein del av majoriteten. Dette er ikke noko eg har spurt direkte om, så det kan godt hende at nokon av dei til dømes har ein utanlandsk forelder, men det er i alle fall ingen som fortalte meg om dette. Og ikkje minst var alle lyse i huda. Det å ha ein annan hudfarge er nok fortsatt det som i stor grad gjer at majoriteten oppfattar deg som ein etnisk minoritet. Har ein lys hud og gjerne eit namn som ikke er så ulikt norske namn, er det stor sjanse for at ingen får med seg eller tenker over at ein har fleirkulturell bakgrunn.

Sidan eg opplevde at dei fleste informantane brukte omgrep som *oss* og *dei*, eller på anna måte lagar eit klart skilje mellom majoritet og minoritet, tenkjer eg at ein gjerne bør få eit auka fokus på at offentlege tilsette skal streve etter eit språk som ikkje skapar eller forsterkar stereotypiar, anten det handlar om stereotypiar knytt til etnisitet, seksualitet, funksjonsnedsetting, eller andre faktorar som gjer at ein kan oppleve at ein skil seg ut frå majoriteten. Nå skal det seiast at det kan vera at eg har påverka eller forsterka dette stereotypiske språket gjennom mi spørsmålsstilling til dei offentlege tilsette. Eg er jo også del

av den same majoriteten som er utan innvandrarbakgrunn, og har observert at eg også har brukt omgrepene *dei* i fleire av intervjuet. Det er med andre ord, ikkje berre dei offentlege tilsette som bør endra seg, heile samfunnet bør jobbe for eit meir fordomsfritt språk.

## Ein kontaktperson

Over nemner helsesøstera at ein gjerne skulle hatt eit kontaktpunkt mellom foreldre med og utan innvandrarbakgrunn, og dette nemner også ein lærar:

*«Det skulle nesten vore sånn foreldregruppe. At dei nye i kommunen kunne vore med i ei foreldregruppe og snakke saman. Men eg veit ikkje om dei har språk.»*

I nokre av kommunane i regionen, har ein satt i gong med liknande ordningar. I ein kommune der dei har frivilligsentral, seier ein tilsett at:

*«Me har prøvd å få fleire til å vera [frivillig kontaktperson/ven], og det har ikkje vore så lett. Tanken er at dei blir litt ambassadørar. Visst du har ein ven eit par månader så kan ein sjekke ut ein del spørsmål. Og då kan det vera lurt med ettermiddag og kveldstid. Å bruke frivillige til det rett og slett. Til å sjekke ut ting: «kva meiner ein med dette brevet?», til dømes.»*

Det er altså ei utfordring å få engasjert nok frivillige, men dette er ikkje tilfelle i alle kommunar:

*«Eg syns det var flott for det var ei mor som sa til meg at ho var på leksehjelp og då kom der folk frå [nabokommunen] for her var dei så flinke.»*

Denne leksehjelpa som blir nemnd av ei som er tilsett i ein barnehage i denne kommunen, er altså anerkjent også i andre kommunar. Det kan føystast til at her er det ikkje problem å få med nok frivillige, fleire pensjonerte lærarar kjem frå ulike delar av kommunen for å hjelpe introduksjonsdeltakarar, og barn og ungdommar med innvandrarbakgrunn med leksene deira. Det kan her verka som det har gått føre seg ein sjølvforsterkande effekt, at frivillige rekrutterer stadig fleire frivillige innanfor sitt eige kontaktnett. Dessutan er det nokre år sidan denne leksehjelpa vart etablert, mens kontaktpersonordninga i den andre kommunen er av nyare dato. Det kan ta tid å etablera slike tilbod. Det kan også ha noko med å gjera at det er ulike haldninga til innvandrarar blant lokalbefolkinga i dei ulike kommunane. Ein offentleg tilsett i kommunen der leksehjelpa finn stad fortel nemleg at ho har merka at det er vorte meir engasjement for innvandrarar blant etniske nordmenn dei siste åra.

Ei helsesøster har fått høyre korleis det kan opplevast når ein har eit lite kontaktnett:

*«Eg trur nok at det er eit sakn, for det var ei mor som sa at: «Eg har veldig få som eg kjenner, dei seier hei på butikken, men det er liksom ikkje sånn elles. Men det er jo ikkje, du kan ikkje gå på besøk liksom.»*

Her tek ho opp ei viktig utfordring, den offentlege tilsette blir ofte ein av få kontaktpersonar for dei nyankomne. Kor langt skal dei gå i jobben sin? Bør dei dra på heimebesøk fordi dei veit at han eller ho er veldig isolert? Skal dei bli vener med han eller ho? Fleirtalet av dei eg har snakka med, har meint at ein ikkje bør gå så langt, at dette ansvaret bør liggja ein annan stad enn hos dei offentlege instansane. Dette handlar ikkje berre om at det vil vera svært

arbeidskrevjande for dei tilsette, men også fordi det vil vera ein unaturleg situasjon. Å verkeleg vera integrert i eit samfunn inneber at ein har eit nettverk utanfor dei offentlege instansane.

Som me har sett over er det mange som engasjerer seg frivillig med å vera leksehjelp i ein av kommune, dei får altså ikkje betalt for kontakta. Det er sjølvsagt noko anna å få hjelp frå eit menneske som ein veit tenar pengar basert på det ein gjer for ein, og eit menneske som gjer det av fri vilje. Det er viktig med interesse og engasjementet frå menneske i lokalsamfunnet som ikkje får betalt for det. Samtidig kan ein spørje seg om dette er godt nok? Er det så stor forskjell på ein leksehjelpar og ein lærar på vaksenopplæringa? Ein gjer den same jobben. Om ein har frivillige som engasjerer seg for ulike innvandrargrupper, så treng altså ikkje dette å bety at dei ulike innvandrarane som får hjelp, har fått eit tilstrekkeleg nettverk. Spørsmålet er om kontakta med frivillige strekker seg utover den jobben den frivillige er tenkt å gjera, treffest dei i heimane til kvarandre, eller avgrensar kontakta seg til eit «hei» i butikken, som mora over seier? Å engasjere frivillige er kanskje ikkje nok i seg sjølve for at innvandrarar skal få eit godt kontaktnett, det avhenger også av den konkrete kontakten frivillige og innvandrarar har med kvarandre. Kan hende kan ein offentleg tilsett vera like viktig for at ein innvandrar ikkje skal kjenne seg einsam, som ein som engasjerer seg frivillig? Ei som jobbar i introduksjonstenesta, nemner i alle fall at dei bruker mykje tid på å introdusera introduksjonsdeltakarane for dei frivillige aktivitetane i kommunen. Dei blir med på fotballtrenings og turar med lag og organisasjonar i byrjinga, slik at innvandrarar skal tørre å bli med. Dei drar på besøk når dei blir invitert heim til introduksjonsdeltakarane. Tanken er at dei heller bruker mykje tid på deltakarane i byrjinga, slik at dei vil bli fortare integrert i lokalsamfunnet, og dermed trenge mindre oppfølging seinare:

*«Men utfordringa her er at dei har jo ingen, og særleg her i kommunen så får me ikkje frivillige. Og det å skapa desse møteplassane. Me har sett er at me må gå saman med dei i byrjinga inn i disse møteplassane for at dei skal få etablert seg, og så kan me trekke oss meir vekk. Fordi dei ser at så lenge me går med og er med og ansvarleggjer dei litt, at: «Nå må dokker komme», så kjem dei og melder seg på og blir med.»*

Ei helsesøster tenker mykje på same måte:

*«På helsestasjonen når det kjem nye, så prøver me å hjelpe dei litt inn: «Er det noko du har gjort i heimlandet ditt, er det noko du er interessert i? Er du glad i å spela fotball?» Då prøver me å snakka med trenaren. For dei må jo ha leggskinner og fotballsko. Så me prøver å snakke med trenaren, for dei tørr ikkje å gå åleine, og foreldra kjenner ikkje... dei har ikkje den kulturen at dei følgjer barna på idrettar og fritidsaktivitetar. Så det å ringe heim og seie at nå må du... tolk og alt det der. Men ringt til trenaren det har eg gjort fleire gonger: «Me har ein gut han har ikkje vore i organisert idrett, men han er veldig glad i å spela fotball. Han har spelt i skulen i gata. Han har ikkje fotballsco, ikkje leggskinner, er det nokon som har noko arveleg?» Og eg gir beskjed til guten: «Ok, nå veit trenaren at du kommer og då må du møte opp då og då for då veit han at du kommer.» Så me har klart å få inn nokon på det viset. Men det har du jo ikkje visst du ikkje har fotballinteresse. Då har me ikkje moglegheita til å pushe på, tilby noko. Så ein sånn koordinator, ein som kanskje hadde jobba i introduksjonstenesta og kunne vera i barnehagen og på skulen, og på ein måte vore den som kunne avtale med ein trenar, hjelpt til å skaffe utstyr. Det hadde vore*

*fantastisk tenker eg. Og vore orientert: «Ja, dette har me i år. Det og det. Koster så og så mykje. Du kan få støtte frå NAV.» Eg hjelpte ei i å söke om å vera med på cup, ei jente som spelte handball. Men så trakk ho seg for då blei det Koranskule. Så då enten om ho følte seg forplikta, eller ikkje syns det var greitt lenger når ho syns ho var blitt stor. Eg veit ikkje. Ho sa at ho ikkje hadde lyst meir.»*

Her skal det nemnast at helsesøstera og den tilsette i introduksjonstenesta kjem frå same kommune, så dette ekstra engasjementet kan også komme av at det er lite frivillig engasjement i kommunen. Helsesøstera er ikkje den einaste som nemner at fotballinteresse gjer det lettare å bli integrert. Ei anna helsesøster seier at:

*«Det som eg syns er frustrerande er at det er vanskeleg å ha eit ledd som hjelper barn inn i fritid. Eg syns det går greitt i skulen, eg syns det går greitt i barnehagen, men det å få dei som ikkje er glad i fotball.. Dei som er glad i fotball dei blir redda på ein måtte, dei glir inn i fotballmiljøet. Og då får dei på ein måte venner inn der. Men dei jentene, og det gjeld eigentleg dei som kjem frå Thailand eller Filippinene, det er vanskeleg å få dei inn på fritida etter skuletid. Eg har kunn ei jente som spilte handball frå Somalia. Og ho spilte handball to-tre år trur eg.»*

Dette handlar om to ulike kommunar. Det er også tilsette frå andre kommunar som nemner at fotball er den største og viktigaste idretten. Det ser altså ut til at det er lettare å bli integrert i fleire av kommunane i Ryfylke om ein har fotballinteresse. Samtidig er det unntak, i ein kommune fortel ein offentleg tilsett at tilbodet er ganske brent når det gjeld fritidsaktivitetar. Kva betyr fokuset på fotball for dei som ikkje har interesse for denne idretten? Kan dei delta i kulturskulen i staden for? Ei helsesøster fortel at dette ikkje er noko godt alternativ, då det er svært dyrt å vera med i kulturskulen. Er kulturskulen eit tilbod for dei ressurssterke, mens andre må ta til takke med idretten sjølv om det ikkje er dette dei har mest lyst til? Om dette er tilfellet nokre stader, er det interessant å tenkje på kven som faktisk blir rekruttert til kulturbransjen. Er denne, blant anna som eit resultat av dette, mindre mangfaldig enn idretten?

Om dei offentlege tilsette eg har snakka med er ueinige i kor mykje ein skal engasjera seg i privatliva til innvandrarane dei har som brukarar, er i alle fall dei fleste einige om at god integrering er heilt avhengig av at det også må vera eit engasjement frå resten av samfunnet. Utan engasjement frå innbyggjarar som ikkje får betalt for å bruke tid med innvandrarar, kan ein vanskeleg sjå for seg at dei skal kjenne seg som ein del av lokalsamfunnet. Som me har høyrd er det ikkje nok med eit «hei» i butikken.

## Korleis ser frivillige på eiga rolle?

Som nemnd kan ein truleg skilje mellom ulike nivå av frivillig engasjement for flyktingar. Eit par som har engasjert seg frivillig, nemner at deira engasjement har gjort at dei kjenner seg som besteforeldre til barna i ein av dei familiene dei har hjelpt på ulike måtar. Dette er eit engasjement som dei har initiert sjølve, det var ikkje noko som var organisert via det offentlege. Ei mor frå Eritrea som dei hjelpte, var åleinemor og ho hadde ein jobb som kravde noko helg- og kveldsarbeid. Dei passa difor barna då ho jobba utanfor barnehagen sine opningstider. Å vera åleinemor og samtidig jobbe ein stad der arbeidstidene er varierande, er nærmast umogleg om ein ikkje har nokon som ein stolar som kan passe på barna.

Åleinemora frå Eritrea som eg har snakka med, fortel til dømes at det er svært vanskeleg å vera til stade for barna så mykje som ho hadde ynskja, når ho skal delta på introduksjonsprogram langt frå der ho bur og må bruke kollektivtransport for å komme seg heim igjen.

Paret som har hjelpt åleinemora, har ikkje innvandrarbakgrunn sjølve, og kan difor bidra på mange ulike måtar. Dei har til dømes hjelpt ho når barna skulle i barnebursdag, eller ho sjølve skulle arrangera barnebursdag for barna sine. Då fortalte dei om ulike kulturelle kodar knytt til denne tradisjonen. Kanskje gjorde dette det lettare for ho å ta del i dette, samanlikna med mora frå Eritrea som eg snakka med? Nokon må hjelpe ein å knekke kodane i det samfunnet ein er blitt ein del av. Sjølvsagt lærer ein mykje gjennom introduksjonsprogrammet om ulike norske tradisjonar, men det er ikkje heilt det same å læra om det i eit klasserom. Det er ikkje sikkert at alle tørr å stille dei spørsmåla ein lurar på i ei stor forsamling. Kanskje kjenner ein seg dum om ein stiller eit bestemt spørsmål? Nokon ein oppfattar som så nære at dei er reserveforeldre og besteforeldre er ein sikkert mindre redde for å stille det ein fryktar er dumme spørsmål. Nokre av helsesøstrene eg har snakka med har nemnt dette, nemleg det at mange innvandrarar dei har møtt som brukarar, har sagt «ja» når dei spør om dei har oppfatta det dei har sagt, men så har dei i røynda ikkje forstått, men ikkje turt å seie i frå om dette. Når ein kjem som ny i eit land, vil mykje vera utforståeleg eller vanskeleg å forstå. Å skjule noko av dette, kan vera ein måte å halde sjølvkjensla oppe.

---

*Nokon må hjelpe ein å knekke kodane i det samfunnet ein er blitt ein del av.*

---

Paret som engasjerer seg frivillig for flyktningar, har også hjelpt andre familiar, til dømes ein syrisk familie over nokre år. Her hjelpte dei også med lekser, og anna. Dei fekk etter kvart eit nært forhold til denne familien også, men merkar seg at det er nokre kulturelle barrierar mellom dei likevel:

*«Me har fått eit godt forhold til dei, men det går berre på deira primissar, på deira kultur. Det med å kunne helse for eksempel, dei meiner at kvinner ikkje skal helse på ein mann. Sånn fysisk handtrykk. Og med hijab og lange kjolar. Og etter norsk tankegong er det jo ikkje sånn ein kler seg når ein omgåst bestevenner. Altså i Noreg så gir du ein klem og slappe av i fritidsklede. Når ein går i svart kjole og hijab og ikkje kan vera borti deg, så legger jo det nokre avgrensingar. Og når dei i tillegg er redd for alt som har med mat å gjera. Det kan vera svinegelantin i maten, det er jo Haram.»*

Den eritreiske familien er derimot kristne, og ikkje muslimske. Er det lettare å bli integrert om ein kjem frå ein kristen tradisjon? Rett nok er det mykje som skil den eritreisk-ortodokse-kyrkja som fleirtalet av dei kristne eritrearane høyrer til, frå den lutherske kyrkja i Noreg. Til dømes skal ein ikkje eta svinekjøt. Kor viktig ein synest denne leveregelen er, varierer. Dette har paret også sett at gjeld for dei syriske familiene. Mannen fortel om den syriske familien at:

*«Når me har vore på besøk ca. 100 gonger over [fleire] år så hadde dei hatt ein diskusjon at nå var me nesten familie, så då kunne dei ta meg i handa. Mens me har forsøkt å forklart at det å ta i handa er viktig for å få jobb. Helse på norske. Skal du gjera ein handel eller skal du takke for noko, så er det å ta i handa. Mens ein annan syrisk familie som me har vore litt i saman med, der tar ho i handa, for ho seie at i Noreg er det ok, i Syria er det ikkje ok. Ein måte å tilpasse seg samfunnet her. For visst du skal redde nokon frå å drukne er det lov å ta nokon i handa. Visst det er heilt livsnødvendig er det lov. På islam.no er det litt varierande svar dei får, nokon seier det er ok, nokon seier det ikkje er ok.»*

At det kan vera lettare å bli integrert i Noreg om ein kjem frå ein kristen tradisjon, har også ei av dei som jobbar i introduksjonstenesta påpeika. Ho fortel til dømes at det er få jobbar i kommunen, og om ein ikkje kan ha kontakt med svinekjøtt vil det vera færre jobbar å velje mellom. Serveringsbransjen er dessutan ein av få bransjar i dag der ein lettare kan få jobb sjølv om ein ikkje har noko særskild utdanning innan faget. Dermed er jobbar som i utgangspunktet er lettare å få, stengt for dei som ikkje vil ha noko som helst kontakt med svinekjøtt. Og som paret nemner, kan det vera vanskeleg å få jobb om ein ikkje helsar på den som eventuelt kan tilsetje ein eller andre kollegaer. Burde ein gitt avkall på desse strenge reglane for å ha større sjanse i det samfunnet ein er kome til? Paret ser ut til å meine dette, at ein bør prøve å tilpasse seg litt for eins eige beste. Er alle muslimske menn og kvinner som ikkje tek det motsette kjønn i handa med mindre det er familie, därleg integrert i Noreg? Eller som ikkje vil ha kontakt med svinekjøtt? Sjølvsagt ikkje, men kanskje det er litt vanskelegare på bygda?

I byane har ein eit større mangfold av jobbar som truleg gjer det mindre utfordrande å halde på desse religiøse kodane. Og ikkje minst er det fleire leiararar og eigarar som er av muslimsk bakgrunn sjølve. I eit forskingsprosjekt som vart publisert i 2018, kom det fram at dei fleste arbeidsgivarar endar opp med å tilsette dei som er mest like dei sjølve og som ein opplever passar best inn i eigen organisasjon. Undersøkinga var basert på 66 jobbintervju i Noreg kor forskarane var til stades. Det å få til dei sosiale kodane i bedrifta viste seg å vera viktigare for å bli tilsett etter eit intervju, enn å ha den formelle kompetansen på plass. Ei av årsakene til dette var at arbeidsgivarane opplever at dei kjenner seg fri til å vektlegge det å vera personleg eigna og har stor tru på eigen magekjensle. Dermed ser det ut som mange bedrifter endar opp med å få tilsette som passar inn i den kulturen som allereie er der, framfor å få nokon som kan utfordre kulturen og vera med å utvikla bedrifta i nye retningar. Sjølv om ein i utlysningsteksten til dømes skrev at ein oppfordrar folk med anna kulturell bakgrunn til å søkje, enda ein likevel ofte opp med å tilsette dei som var like ein sjølv.<sup>103</sup> Ikkje rart at alle mine informantar frå det offentlege, verkar ut til å vera ein del av majoriteten. Det skal seiast at det ikkje er slik at det ikkje er offentlege tilsette i kommunane i Ryfylke som har ein annan kulturell bakgrunn, men det er i alle fall eit klart fleirtal av representantar frå majoriteten. Sidan ein ofte tilsett dei som liknar ein sjølve, vil det truleg ta lang tid før dei offentlege tilsette er representativ for ein større del av innbyggjarane i regionen. Eit mangfold blant dei som møter innvandrarar, vil truleg gjera at innvandrarane vil bli møtt på ein annan måte.

Når det gjeld det å helse i handa eller ikkje helse i handa: det det eigentleg handlar om, er kor langt ein skal gå i å endre seg for å tilpasse seg det samfunnet ein er vorte ein del av. Er det

---

<sup>103</sup> Brenna 2012

når eigne kulturelle normer og reglar er i direkte kollisjonskurs med dette samfunnet? Som me har sett er det å ikkje helse, noko som kan bli oppfatta svært negativt. Det ein i alle fall må endre på, er det som er regulert med lov, som det å bruke oppsedingsvald. Eg trur derimot at mange innbyggjarar utan innvandrarbakgrunn, har mindre forståing for å ikkje handhelse på nokon av motsett kjønn, enn å gi eit lett klaps som ein del av oppsedinga. Når det gjeld oppsedarvalden er jo dette noko som var vanleg om ein går to-tre generasjonar tilbake i tid. Mange har sjølv opplevd lette klaps som ein del av oppsedinga. Derimot er det ein sterk tradisjon å handhelse i Noreg uavhengig av kjønn. Det er dermed interessant å tenkje over at av desse to døma, er det truleg meir forståing for at ein praktiserer oppsedingsvald i ein overgangsfase - noko ein gjennom forsking har bevisst kan ha psykiske og/eller fysiske konsekvensar for barnet - enn ein tradisjon som har den konsekvens at ein ikkje kan helse slik ein er vant med å gjera det i Noreg.

Mange muslimar som praktiserer denne religiøse regelen, ser på det som eit alvorleg brot å ikkje følgje den. Er det då rett å krevje at ein skal bryte denne regelen når ein kjem til eit land der dette ikkje er vanleg? Poenget til paret er nok ikkje berre dette, for kvinnen seier at: «*det er alltid oss som må forandre seg, på deira premiss.*» Integrering krev som nemnd tidlegare at begge parter er villig til å endra seg litt, men her har altså paret opplevd at nokon dei har ynskja å hjelpe, i liten grad har gjort noko for å tilpassa seg det nye samfunnet dei er vorte ein del av. Om det berre er nordmenn som må endre seg, blir sjølvsagt dette like feil som når berre dei som kjem må endre seg. Samtidig nemner kvinnen at dei opplever at den syriske familien er oppriktig glad i dei, men dei: «*kan ikkje gå inn på våre arenaer.*»

Inntrykket frå dette paret er altså at dei har kome nærare inn på den eritreiske familien fordi det er mindre barrierar knytt til kultur og religion enn med den syriske familien. Til dømes nemner dei berre at dei kjenner seg som besteforeldre i den eritreiske familien. Å verkeleg bli vener eller nær familie, kjem altså ikkje berre ann på personleg kjemi mellom dei som vil hjelpe og dei som blir hjelpt, det er også andre barrierar som kan hindre ein god dialog og forståing mellom partane. Dette handlar nok om mykje det same som den nemnde forskinga rundt jobbintervju har vist, at like barn lekar best. Ein kan ynskje å ha vener som utfordrar ein sjølve ved å vera ulik ein sjølve, men til sjuande og sist er det dei ein kjenner ein har mykje til felles med ein ofte endar opp med å ha som nære vener.



## Kunnskap om innvandrargrupper

Barnevernstilsett nemner ei viktig utfordring dei har møtt med ei innvandrargruppe:

*«Me har jo disse gruppene, det er vel helst disse eritrearane som kan ha desse spionane ute, som me kjenner på er ubehageleg. At dei gjerne er kontrollerte og at dei ikkje kan fortelje heile sannheita til oss. Korleis dei har det og sånn. I forhold til bakgrunnen sin, i forhold til reisa si, det er veldig ubehageleg at dei er pressa på den måten der. Og at andre kan presse dei som er i heimlandet, det har me og opplevd. At dei i heimlandet blir sett i fare på grunn av kontakten med oss, eller visst dei fortelje om at den eine parten har gjort sånn og sånn, og så kan ein få trussel frå familien til den eine parten frå det landet dei kjem ifrå. Familievaldssamanheng kanskje. [...] Visst dei melder mannen for vald: «Visst du ikkje trekker tilbake det, så dreper me søstera di i heimlandet.» Så det er frykteleg ubehageleg, du føler du får ikkje ein sannheit i frå den familien i forhold til heile familiesituasjonen. Og då er det vanskeleg å hjelpe. Når dei ikkje seier korleis dei har det.»*

Samtidig peiker ho på ei utfordring som gjeld for mange av dei innvandrargruppene ho har møtt i arbeidet:

*«Ja, men det er noko med at dei ikkje forstår kor involvert alle instansar er. Korleis dei skal forholde seg til dei, at det er stort samarbeid her sånn som me har det i Noreg i forhold til skule og barnehage. [...] At dei med utanlandsbakgrunn ikkje er klar over at dei skal samarbeida, at det er viktig å følgje opp ungane i forhold til skule og barnehage slik me gjer. Men dei er jo sjølvsagt glad i ungane sine og vil det beste, men det beste her i forhold til heimlandet, det blir litt annleis. Dei familiene me har dei har alle utfordringar i forhold til grensesetting og sånne ting.»*

Ho spesifiserer ikkje kva grupper ho tenkjer på her. Som nemnd tidlegare er det ikkje uvanleg at informantane svarar meir i *oss*- og *dei*-termar, framfor å nemne spesifikke grupper. Vidare spør eg ho om kva dei veit om dei ulike innvandrargruppene i tenesta deira. Til dette svarer ho:

*«Me har deltatt på dei kursa som har vore her. Og prøve å setje oss inn i, forstå litt meir av.. Veldig kunnskap om dei forskjellige, det har me ikkje, det er meir sånn generelt. Og så prøva å forstå så godt som me kan i alle fall. Me er interessert i å høyre.»*

Å erverva seg kunnskap om dei ulike gruppene, er ikkje berre dei tilsette sjølve sitt ansvar, kommunen har også ansvar for å legge til rette for at dei tilsette får delta på kurs eller vidareutdanne seg. Ho fortel at dei også har delteke på kurs andre stader enn i eigen kommune.

Samtidig ser ho ut til å vera bevisst det at det er mange faktorarar som spelar inn, at det ikkje berre er dei kulturelle forskjellane ein må forsøkje å forstå:

*«Det er jo klart at det vil påverka familien det. Å miste jobben sin, å miste statusen sin, gå i frå å vera familien sitt overhovud til å ikkje ha noko betydning. Då er det kanskje mora som har den rollen der, mange ting som spelar inn i forhold til heimlandet. Det er noko me forstår, eller prøver å forstå i alle fall, prøver å sette oss*

*inn i situasjonen. Sånn som me veit påverke familien, konsultasjonen, og då veit me og at det kan gjera det vanskelegare for barnet, at dei då er enda meir utsett for vald.»*

Utfordringane med det å komme til eit nytt land og prøve å finne fram i eit heilt anna samfunn, kjem også ei anna frå barnevernet inn på:

*«Så får me det igjen på ein måte, og så blir ungane eldre og så er det jo sånn at i mange av desse familiene så kommer foreldra nye og så er ungane veldig små og så er det ganske store konfliktar på enkelte områder innan oppseding og kva som er legitimt og greitt her, og kva som er legitimt og greitt i det landet dei kjem i frå. Så ser me og at ungane blir ståande i ein endå vanskelegare lojalitetskonflikt overfor foreldra i møtet med oss fordi mykje kan på ein måte... altså foreldra me treffe, eg har ennå til gode å møte foreldre som ikkje ynskjer det beste for barna sine, som ikkje er oppriktig glad i dei, men kan ha ganske därlege strategiar for å gjera det frå vårt kulturelle perspektiv. Så den kollisjonen mellom eigen kultur og måte å bli oppdratt på og det å bli integrert og forholde seg til alt nytt her, ser me jo at er vanskeleg.»*

---

*Eg har ennå til gode å møte foreldre som ikkje ynskjer det beste for barna sine, som ikkje er oppriktig glad i dei, men kan ha ganske därlege strategiar for å gjera det frå vårt kulturelle perspektiv.*

---

Denne kollisjonen har me også sett frå ungdommen sitt perspektiv. Ungdommen med eritreisk bakgrunn nemner at det kan vera vanskeleg å navigera mellom det norske samfunnet ho er ein del av gjennom skulen, og det ho møter i heimen. Barnevernstilsett trur at nokre av sakene om oppsedingsvald blant anna kan handle om denne kollisjonen mellom foreldre og barn i eit nytt land:

*«Eg veit ikkje heilt statistikkane på det, men veldig ofte så handlar desse meldingane om oppsedingsvald. Og dei som er fødd her opplever eg kanskje at går tidlegare i opposisjon mot foreldra enn barn som har dette med seg [altså kulturen frå heimlandet].*

I tillegg til denne kollisjonen mellom generasjonane, nemner ho når eg spør om ho merker nokre ulikskaper mellom måten barna blir oppdratt på innan ulike kulturar:

*«Eg tenker jo at det er ein del afrikanske land der det er veldig utbredt med dette med oppsedingsvald. [...] Den største forskjellen eg har sett er at i mange av dei kulturane så er det ein litt sånn autoritær oppseding som gjeld, mens me har bevega oss meir mot at ungar skal både sjåast og høyраст og snakkast med og ikkje til. Og så er det ofte forskjell på kva jenter og gutter får lov til, og kva tilbod dei blir oppdratt til, andre måtar enn etnisk norske familiar. Eg tenker at mange av dei familiene er overrepresentert i forhold til oppsedingsvald og det skjer i alle kulturar og alle saker,*

*men det er meir av det og det er meir legitimt å innrømma det eigentleg. Eg opplever at dei er opnare om det. Når ein første har slått, eller det kan vera mange ting.»*

Nå kan ein spørje seg kor rett det var av meg som intervjuar å spørje dei offentlege tilsette kva dei har merka seg om forskjellen i måten barn blir oppdratt på blant dei ulike innvandrargruppene dei har møtt på. Er det opp til majoriteten, som dei tilsette ofte er ein del av, å forklara og avgjera kva som er typisk for minoritetane sin kultur? Sjølvsagt ikkje, det eg får svar på her, er kva inntrykk dei tilsette har av andre kulturar ut frå sitt norske perspektiv og sitt majoritetsperspektiv. Same kor mykje ein som tilhøyrar majoriteten meiner han eller ho talar minoritetens sak, vil han eller ho aldri komme unna sin eigen forståingshorisont som er farga av opplevinga av å vera ein del av *oss* og ikkje *dei andre*. På same måten som minoritetane sitt syn på det som er typisk norsk oppseding, vil vera forma ut frå deira forståingshorisont. Det handlar altså ikkje om at det er rett eller galt det dei ulike informantane seier om eigen eller andre sin kultur, men at deira perspektiv og forståingshorisont er ein viktig del av den bodskapen som kjem fram. Det ho som jobbar i barnevernet legg merke til av brukarar som kjem frå afrikanske land, er altså at deira oppseding er meir autoritær, og at oppsedingsvald er meir vanleg, men det er også interessant å merke seg at ho meiner at innvandrargrupper frå denne verdsdelen også er opnare om det enn etniske nordmenn. For samtidig seier ho nemleg at dei fleste innvandrarar er godt informerte når det gjeld det at ein ikkje er lov å slå barn i Noreg. Det kan virke som om ikkje alle innvandrarar er svært redde for barnevernet sidan nokon faktisk tørr å snakke om dette temaet med dei. Eller kan det ha noko å gjera med ho som barnevernstilsett eller den konkrete barnevernstenesta? Altså at dei har vorte flinke på å skape tillit? Dette er den same tenesta som har jobba mykje med å informera innvandrarar på vaksenopplæringa og andre arenaer.

### Å læra av gruppa sjølv

Då eg spør ei som jobbar i introduksjonstenesta kva ho ser av forskjellar mellom kulturane, så kom ho særleg inn på dei som kjem frå Somalia. Ho hadde ein samtale med ei mor frå Somalia om det å komme tilbake til introduksjonsprogrammet etter fødselspermisjonen:

*«I samtaLEN så sa ho at dette er det ikkje sjanse for i havet: «Barnet mitt trenger meg, eg trenger å gi det brystmjølk.» Det trenger mor liksom. Og det fatte eg jo så godt ut i frå ei forståing både når det gjeld kva som er normalen der, og eg veit korleis dei ser på det med oppseding. I alle fall korleis ein ser på det med å la andre få lov å ta oppsedinga, utanfor den vanlege familiekretsen. Så du kan møte ting på mange måtar, i alle fall når det gjeld kultur, du kan komme til målet ditt, men berre på ein annan måte. I staden for at du bryter eit forhold og det blir skikkeleg klinsj. Men på bakgrunn av at loven seier det, så er du nøydt til å gå alle dei tunge vegane. Visst du skal gå den vegen å presse dei inn, så finns det måtar å gjera ting på og seie ting på, som gjer at du hjelper deg sjølv utan å skape så mykje konfliktar.»*

Ho seier altså at det kan vera heilt avgjerande å ha litt innsikt i kulturane til dei ein har som brukarar, og at det fort kan bli mange konfliktar om ein ikkje klarer å møte dei og forstå dei på dette. Når det gjeld det å forstå kulturen, seier ho vidare at:

*«Eg trur ein må vera klar over at kultur har enormt mykje å seie, og det å ikkje ta det for gitt at det som ein tenker er sant og rett, nødvendigvis er det rette svaret. Men å*

*laga seg sjølv ein regel som gjer at ein tenker: «Nå må eg gå igjennom litt her.. Kva er det eigentleg denne personen kommunisere nå, kva er det eigentleg det er konflikt i her?» Eg forstår at loven er tydeleg, det er ikkje det som er greia, men det handlar om noko djupare. Korleis kan eg ta tak i det som eigentleg er saka? Og då må du vera veldig bevisst, og ha ei form for regle som du repeterer når du møter ein type utfordringar. Eller visst eg ikkje har erfaring frå ein kultur, det eg gjer då er at eg har nokon innanfor som har tillit til meg og som eg har tillit til. Som eg kanskje går tettare med og inviterer inn til ein samtale der eg diskuterer med dei eventuelle saker utan å nemne namn. Til dømes: «I møtet med din kultur korleis opplever du dette?» Prøver å få eit resonnement som eg kan bygge vidare på i møtet med nokon heilt andre. Altså at eg hentar inn kunnskapar på det viset når eg ikkje har erfaring sjølv. Ein må vera villig til å seie til den personen: «Eg trenger at du fortel meg kvifor dette er ei utfordring.»*

---

*Eg trur ein må vera klar over at kultur har enormt mykje å seie, og det å ikkje ta det for gitt at det som ein tenker er sant og rett, nødvendigvis er det rette svaret. [...] Ein må vera villig til å seie til den personen: «Eg trenger at du fortel meg kvifor dette er ei utfordring»*

---

*Til dømes nokre av dei syriske damene som me ser i forhold til roller i heimen, er ei stor utfordring. Eg ser at det er eit konsekvent skilje og veldig tydeleg sånn som me ikkje liker i det heile tatt - ikkje ut frå norsk kultur, men ut i frå kva eg har erfart. At her er det noko, dette handlar ikkje om at liksom: «Stakkars ho», dette handlar om noko som berre er heilt [grunnleggjande] i hennas identitet, sånn at visst eg berre skulle kommunisert: «Du må komme deg meir ut», så hadde det ikkje funka i det heile tatt fordi det kommunisere ikkje inn. Så du må finne ut korleis ein kan kommunisera push-faktorar. Lage push-faktorar som kan leie dei i rett retning. Og då tok eg tak i ein av dei og snakka litt om laust og fast og prøvde å forstå meir korleis me kan vera med å legge til rette. Og i nokre tilfelle så kan me hjelpe til, men i nokre tilfelle så vil det vera vanskeleg, særleg visst det handlar om å endra kultur, det er ekstremt vanskeleg. Og det er aldri gjort over natta, det er gjort over lang tid. Derfor er det nokre ting der me ikkje kan gjera så veldig mykje, mens andre gonger så kan me prøve så godt me kan.»*

Dei brukar altså nokre personar innan ei innvandrargruppe til å forstå heile gruppa litt betre. Dette er nok ein metode som er enklare for ei introduksjonsteneste enn til dømes ei helsesøster eller ein lege. Introduksjonsrådgjevarane jobbar i ei teneste som berre har brukarar med flyktningbakgrunn, og dei har dei over lang tid. Ein lege ser kanskje berre ein pasient ein gong på eit år eller ikkje det ein gong, då er det truleg vanskeleg å oppnå denne forma for tillit som introduksjonsrådgjevaren snakkar om. Eit godt samarbeid mellom introduksjonstenesta og andre tenestar, kan dermed vera viktig for at fleire skal få ei større forståing for dei ulike kulturane til dei som kjem. Som nemnd tidlegare, har ei helsesøster kommentert at det gode

samarbeidet med introduksjonstenesta er svært viktig og gjer at ho kan kommunisera betre med brukarane sine som har flyktningbakgrunn.

Introduksjonsrådgjevaren går også inn på kva som kan vera litt utfordrande når det gjeld å få integrert dei ulike innvandrargruppene:

*«Me ser eigentleg at den somaliske gruppa er mest krevjande. Det er ikkje til å stikke under ein stol. Og det har eg oppfatta er noko som er på langsbasis. Og det forstår eg. Og eg tenker feilen vår ligger ofte i at me skylder det på somaliarane, mens mi oppfatning er at me har eit system som.. altså det er ikkje somaliarane sin feil at dei følger systemet vårt. Me vil seie at dei utnytte seg av systemet, men i deira auge, dei har ein tankegong som ikkje handlar om utnytting, men kva for muligheter: «Kva er det rundt forbi her?» For i dei så er overlevingsinstinktet mest basis for dei: «Er det gras her? Nei, då må eg finne ein annan plass.» Nomadelivet altså. Dei lever frå dag til dag, munn til munn på ein måte. Det ligger jo djupt i dei, og når dei kjem til Noreg så lever dei frå dag til dag her òg. Dei tenker ikkje sparing. Å få ein somaliar til å spare er heilt umulig! Eg hadde ein samtale med ein som sa at han hadde jobba då, og ei som var god kontakt og venn med han, kom å spørre: «Kva skal eg gjera, han inviterte kollegaer rett etter at han har fått lønning ut på restaurant, eller så går me ut og så spanderer han jo alt. Kvifor gjer han det?» Du må huske at det skal være heile månaden, seier ho til han. Men då seier han «Nei, nei, nei. Når eg går tomt, så er det jo nokon andre som vil gjera det for meg.»*

*Det er ein heilt anna måte å tenke på generelt sett. Kollektiv tenkemåte, mens me er meir individualistiske. Så eg syns jo det er eit urett bilde av somaliarane som blir malt, fordi at dei blir opplevd som umulige, mens eigentleg er det systemet vårt som ikkje er designa til å kunne takla somaliarar. For eg trur i det du setter dei i ein situasjon der dei faktisk må og er nøydt.. sånn som ein ser meir og meir nå. I NAV-systemet så er det arbeidsplikt, nå er det krav om innsats, om deltaking. Det har det ikkje vore før. Nå byrje dei å endre heile velferdssystemet fordi ein ser at dette klarer me ikkje. Fordi at heile systemet var designa for noko heilt anna enn kva som er reelt nå. Og det merke ein jo blant somaliarane her òg. Måten me jobbar på nå er at me skrur igjen alt. I forhold til tilgang på pengar. Og så ser me at dei klarer seg heilt fint, det er ikkje noko problem. Det handlar kunn om korleis dei organiserer seg og prioritere. For dei er vant med å ha lite. Men har dei muligheter til å få meir så vil dei sjølvsagt ha meir. Akkurat som me, kan me få meir i lønn så vil me jo det. Slik er det med dei òg.»*

---

*Det er ein heilt anna måte å tenke på generelt sett.*

*Kollektiv tenkemåte, mens me er meir  
individualistiske.*

---



*Inni er vi like...,* heitte det i barnesongen. Men det er ikkje sant. Kulturane vi har vakse opp i har forma oss til nokså forskjellige menneske. Ei av dei store utfordringane med innvandringa er å lære oss å leve med eit kulturelt mangfold.

Illustrasjonsfoto. Foto: Lise Bjelland.

Ei som jobbar i introduksjonstenesta i ein annan kommune, kjem også inn på dette når eg spør om ho ser ulike integreringsutfordringar med dei ulike innvandrargruppene ho møter i jobben sin:

*«Generelt sett i landet, så har det vore vanskeleg med somaliarar. Og det har eg ikkje opplevd i den gruppa me har her. Kanskje nokon, men eg opplever nok at dei har vore ganske driftige, litt sånn tøffe damer som har komme seg ein veg. Det har vore meir nyansert det der biletet enn det ein har fått i media i alle fall.»*

I denne kommunen har ein altså sett at det er enklare å integrere somaliarar, enn ein i førstninga trudde. Kan det vera enklare for somaliarar eller innvandrarar generelt å bli integrert på ein liten stad? Den gode integreringa i Vinje kan tyde på dette. For ti år sidan fekk kommunen integreringsprisen av Amnesty International Norge, for vellykka integreringsarbeid. Av dei rundt 40 somaliarane som budde der på den tida, var det ingen som var arbeidsledige eller mottakarar av sosialstønad. I ein artikkel i NRK i samanheng med prisen, står det:

*«I den lokale dagligvarebutikken møter vi 24 år gamle Hamse Muhammed. Han mener det kan bli problemer hvis det kommer flere somaliere eller andre flyktninger. For mange på et sted hindrer integrering, sier han. - Se på Oslo og Skien for eksempel. Der holder innvandrarne seg for seg selv. Her i bygda er du nødt til å snakke med andre hvis du skal klare deg. Hamse er overbevist om at nøkkelen til integrering først*

*og fremst er jobb, ikke språkopplæring. Han ber myndighetene skjerpe seg. - Få folk i jobb så fort som mulig, det er bare sånn man lærer språket.»<sup>104</sup>*

Nå er det sjølvsagt ikkje så enkelt som at ein liten kommune automatisk vil få til betre integrering enn ein by fordi ein må omgåst fleire utan innvandrarbakgrunn. Det er også andre faktorar som er med å forklarer kvifor Vinje har lykkast så godt. I ein artikkel frå KommunalRapport i 2008, fortalte ordførar Arne Vinje, at:

*«Helt fra starten for 20 år siden har kommunen laget individuelle planer for flyktninger som kom til bygda, for blant annet språkopplæring, kjøreopplæring og skolegang. Ressursene ble satt inn tidlig. Samtidig lagde engasjerte innbyggere frivillige nettverk. Kjerringråd trakk med seg de somaliske kvinner. - I denne kvinnegruppa kjente de seg raskt trygge. Her kunne de ta varsomme steg ut i det norske samfunnet, til dømes uti det offentlige badet kledd på en praktisk måte, sier Vinje.»<sup>105</sup>*

Som mange av mine informantar, både offentlege tilsette, foreldre og ungdommar, legger ein altså vekt på frivillig engasjement i kommunen. I likskap med dette er det også mange av mine informantar frå det offentlege, som har lagt vekt på det å setje inn masse ressursar tidleg, for å heller spara pengar seinare fordi ein klarer å få innvandrarane fortare inn i jobb eller utdanning.

## Kjønnsroller og likestilling

Den eine introduksjonsrådgjevaren som snakka om forskjellar i rollene i heimen hjå syriske familiar, har meir å seie når det gjeld dette:

*«I forhold til dei andre folkegruppene, så ser eg med syrarane så er rollene veldig tydeleg. Kjønnsrollene altså. Det har eg ikkje møtt før så tydeleg. Altså somaliske kvinner er jo i utgangspunktet ganske sterke kvinner. Me tenker at dei ikkje er det, men dei er eigentleg det. Altså det er ikkje mannen som skaper separasjon i Somalia, det er kvinnene. Det er like mykje dei som mennene. [...] Mens hos syrarane så er det litt sånn, der er det vanskeleg faktisk. Og det er ei utfordring.»*

Eg spør om det gjeld kristne så vel som muslimske syrarar. Ho svarer:

*«Nei, me har eit kristent par her og ho prøver jo å hjelpe oss i dette: «Dokker må prøve å få med ho inn.» Så nå er me veldig på for å få prøve å engasjera og skape push-faktorar for at damene òg kan komme seg ut.»*

Dette er ulikt det den syriske familien fortalte meg når det gjeld kjønnsrollene i Syria, dei meinte at det i større grad handla om ein felles kultur enn religionen. Kven som har mest rett, er kanskje ikkje spørsmålet, det kan hende at dei begge har litt rett? Slik eg oppfattar det, snakkar introduksjonsrådgjevaren om sine erfaringar med dei konkrete innvandrarane i kommunen, mens den syriske familien snakkar om generelle tendensar i landet. Og generelle tendensar betyr sjølvsagt ikkje at det handlar om alle muslimar og kristne, men kanskje eit lite eller stort fleirtal. I så fall representerer familien eg har snakka med, eit unntak frå den

<sup>104</sup> Archer & Trinh 2008

<sup>105</sup> Krossli 2008

generelle regelen, i og med at dei har forholdsvis liberale haldningar når det gjeld kjønnsrollene i familien. Igjen viser dette kor farleg det kan vera å generalisera for mykje og å tenke at ein kultur er fastsatt og statisk. Det kan gjera at ein ikkje ser og forstår dei enkeltindividia ein har framfor seg og som ein ynskjer å hjelpe.

Introduksjonsrådgjevaren tenkte ikkje på ein generaliserande måte i det nemnde tilfellet. For å få ei større forståing for kvifor nokre syriske kvinner blei varande inne, snakka ho igjen med ein representant innanfor gruppa som hadde tillit til ho og omvendt:

*«Han sa at i Syria er mennene ute å jobbar kvar dag, og dei kan vera vekke i periodar. Og så kjem dei tilbake igjen. Det betyr at damene er ganske sjølvstendige i heimen. Dei må gå ned å handla, dei må ordne alle slike ting. Og dei må fikse praktiske ting til og med. Men i Noreg har dei jo den mannen over seg heile tida. Han er jo aldri vekke og i utgangspunktet då så er mannen den som skal ta ansvaret. Og då blir han endå meir dominant.»*

Eg spør om dette også er vanskeleg for mennene:

*«Dei er ikkje tilpass med dette i det heile. Dei vil jo vera ute i jobb. Så dei er enormt rastlause.: «Men eg er jo vant til å forsørgja min eigen familie, eg trenger å komme meg ut», seier dei.»*

Med tanke på at mange av dei som kjem frå Syria, både kvinner og menn, har utdanning, mens fleire av dei som har kome frå Somalia har vore analfabetar, er det nok mange som tenkjer at kvinnene må vera meir likestilte og frigjorte i Syria. Å gi jenter rett til utdanning er rekna som eit viktig ledd for å oppnå likestilling mellom kjønna, både nasjonalt og globalt. Til dømes legg FN stor vekt på dette. På nasjonalt plan, kjem dette tydeleg fram i Stortingsmelding 25 - Utdanning for utvikling, som kom i 2014. I innleiinga står det:

*«Veien til utvikling går gjennom kunnskap og opplysning. Utdanning legger grunnlaget for enkeltmenneskets og samfunnets utvikling og er en forutsetning for å oppnå vekst og utvikling. En global satsing på relevant utdanning av god kvalitet for alle vil utgjøre et løft for fattigdomsbekjempelse, nye arbeidsplasser, næringsutvikling, helse, ernæring, likestilling, fred og demokrati. Tiden er inne for å ta dette løftet, og Norge skal være pådriver og partner.»<sup>106</sup>*

Det ser altså ut til at ein tenkjer at alt vil bli betre berre ein får nok utdanna innbyggjarar, til dømes meir fred og demokrati. Når ein les dette sitatet, kan det sjå ut som om samfunn der befolkninga ikkje har skuleutdanning, nødvendigvis må vera fattige, kanskje utan jobb, har dårlig helse, og lever i eit samfunn prega av krig, diktatur og store forskjellar mellom folk. Men dette er eit vestleg perspektiv, det er forma ut frå måten den vestlege verda har utvikla seg på, eller kanskje rettare: den historia om vesten si utvikling som i størst grad har vunne fram. Ei forteljing som til dømes handla om at folk fekk det stadig betre etter kvart som landa vart industrialiserte, og ein stadig større del av befolkninga byrja å gå på skule. Ei utvikling som ein også har ynskja for resten av verda, som til dømes blir synleggjort gjennom omgrepene *industrieland* eller *utvikla land* i motsetnad til *utviklingsland*. Og til sjuande og sist er det ei «vekst og utvikling» som har ført til at verda er vorte så forureina at livsgrunnlaget til alle menneske er trua.

---

<sup>106</sup> Utanriksdepartementet 2014: 5

«*Veien til utvikling går gjennom kunnskap og opplysning*», står det i sitatet, men dette er avhengig av kva kunnskap og opplysning innbyggjarane lærer. Det er mange nok dømer på at utdanningsinstitusjonar er blitt brukt til å skape eller oppretthalde skilje og fordommar mellom folk. Skule og utdanning er ein ypparleg måte å forme befolkninga slik ein ynskjer. Og om nokon som har makt, ynskjer å gjera forskjellen mellom kvinner og menn større enn den er, eller oppbrethalde den, kan ein blant anna forsøkje å gjera dette gjennom kontroll av skulesystemet. Slik det også kan vera motsett. Utdanning av kvinner er ikkje nok i seg sjølve for å oppnå likestilling mellom kjønna – det må vera bevisst og ynskja politikk. Fornorskinga av samane og dei nasjonale minoritetane, er eit godt døme på kor effektivt skulesystemet kan vera i å forme folk slik ein ynskjer og fortrenge det ein ikkje liker. Historia om korleis stadig større delar av Noreg si befolkning gjekk på skule, blir dermed ei anna historie frå samane sitt perspektiv. Ei historie om korleis dei blei fråteke delar av sin eigen kultur og eigen levemåte. I samtida er det ikkje usannsynleg at mange nordmenn tenkte at dette var for deira eige beste, sidan dei då kunne fungera godt i det norske samfunnet.

Er det eit element igjen av denne tankegongen når ein ynskjer at flyktningar som kjem til landet skal ta ei skuleutdanning om dei ikkje har godkjent utdanning frå heimlandet? Er det mogleg for dei å i staden bidra med den kunnskapen dei har erverva seg, og ikkje minst bli verdsatt for denne kunnskapen? I kva grad får dei som kjem til landet, moglegheiter til å behalde og utvikle sine ferdigheiter frå heimlandet? I motsetnad til å byrje heilt på nytt og sitte i årevis på skulebenken. Vil ein om 50- eller 100 år seie at dagens integreringspolitikk av flyktningar, i verkelegheita var assimileringspolitikk? Kor går verkeleg grensa mellom integrering og assimilering? Kor norsk må innvandrarar bli for å bli godtatt? Kor norsk eller vestleg må barneoppsedinga vera i Noreg for at den skal bli godtatt? Både barneoppseding og integrering handlar om at menneske skal tilpassast det samfunnet dei skal delta i, men kva er godt nok for at ein skal kunne fungere i det samfunnet ein er blitt ein del av? Må ein helse nokon i handa for å vera god nok og lykkast i det norske samfunnet, eller kan ein helse på ein annan måte? Dette kan ein berre spekulera i, men det som i alle fall er sikkert er at det er ei stor utfordring for mange innvandrarar at ein nærest må ha utdanning for å kunne få seg ein jobb i Noreg i dag.

Ei anna som jobbar i introduksjonstenesta understrekker den lange vegen dei som er analfabetar eller har svært lite skule, må gå:

*«Det som me kanskje ser, er at dei som har gått på skule før, dei som har vore vande med å studera har eit heilt anna verktøy å ta i bruk når dei skal læra norsk. Det trur eg eg kan seie, men som sagt er det lærarane som veit best om språk. Men eg syns at folk som aldri har studert før, og ikkje ha nokon knaggar sånn studieteknisk, det tar litt lenger tid naturleg nok.»*

## Ullnasjonen Noreg?

*«Dei veit på ein måte ikkje kva normene er og sånn. Kjem dei med gode varme klede så dei er heilt nedsylta. Kan ikkje dei der graderingane som me tar. Dei tar alt veldig bokstavleg.»*

Dette seier ein lærar då eg spør kva som er dei største utfordringane med å ivareta barn med innvandrarbakgrunn. Det å tolke noko veldig bokstavleg, må seiast å vera ganske naturleg om

ein har avgrensa ordforråd på eit språk. Og sjølv sagt har ein heller ikkje kunnskap om normene om desse skil seg mykje frå eigen kultur og ein ikkje har vore i landet så lenge. Ho snakkar nemleg om flyktningar, som kjem fram i det ho seier rett etterpå:

*«Samtidig har eg opplevd mykje som er veldig positivt i forhold til flyktningane, for dei har så mykje oppfølging samanlikna med arbeidsinnvandrarane. Så det kan vera like utfordrande med aust-europearar då.»*

Igjen ser ein at mange tenkjer på flyktningar først, når ein høyrer ordet *innvandrar*. Ho er heller ikkje åleine om å nemne klede som ei utfordring eller noko ein må bruke litt tid på. Ei som jobbar i barnehagen, kommenterte det slik:

*«Visst du seier til dei at det hadde vore lurt at dei hadde hatt ull, så kommer dei nesten dagen etterpå med det. For dei vil ungane sine så vel. Og dei vil at me skal syns at dei fikser dette. Og før den tid så var det ofte sånn at dei hadde nok klede, men dei hadde fjorten lag, men sånne tynne, helst eit nummer for små. Men det har det blitt slutt på etter at me har visst dei plansjane, at: «Sånn og sånn for då er du varm og god.»*

Plansjane ho snakkar om, er biletet barnehagen bruker for å vise kva som kan vera lurt å ha på seg i ulike delar av året. Ei anna barnehagetilsett, nemner også at bruk av ull er viktig: *«Me rettleier dei jo. Det handlar om det å læra at i Noreg er det kaldt, her må ein ha ull.»* Sidan fleire nemner dette: er det slik at ein må gå i ull visst ein går i ein norsk barnehage, eller barneskule? Bruk av ull eller ullundertøy, er ikkje like vanleg i alle land. Eg hugsa då eg budde i Berlin i eit halvt år og skulle skaffe meg ullundertøy (som ein god nordmann) då det blei vinter. Det var svært vanskeleg å få tak i dette. Eg enda opp med ullsokkar og ullstilloongs med ein liten prosent ull i. Nå kan det vera eg ikkje undersøkte godt nok, men det kan tyde på at mange barn og vaksne går utan ullklede om vinteren i Berlin. Rett nok skil den norske barnehagen seg ut frå barnehagen i fleire europeiske land, sidan dei ofte er ute mykje meir i Noreg. I særleg grad gjeld dette om ein samanliknar ein storby i Europa og ei bygd i Ryfylke, men det kan vera like kaldt i Berlin som i ei bygd i Ryfylke. Og barna er sjølv sagt ikkje berre inne der heller. Blir ein oppfordra til å gå i ullklede i barnehagen i Berlin, eller barnehagen i ein nederlandske by, eller ein litauisk by? Dette spurte eg dverre ikkje mine informantar om.

Er det feil å ha på seg fleire lag med bomullsklede eller syntetiske klede for å halde seg varm? Det er kanskje upraktisk når ein skal bevega seg mykje ute i barnehagen, men om ein faktisk held seg varm nok med denne strategien, blir det då galt å bruke andre stoff enn ull? Som introduksjonsrådgjevaren sa over: skal ein ta: *«for gitt at det som ein tenker er sant og rett, nødvendigvis er det rette svaret»?*

Eg meiner ikkje med dette å seie at det er feil å gi foreldra rådet om å bruke ullklede, det er tekstilar som eigner seg langt betre enn bomull og syntetiske fibrar når det er kaldt. Dessutan er det lettare for dei tilsette sidan det vil vera færre plagg å ta av og på. Ein kan heller stille seg motsett spørsmål, er det feil av foreldra å bruke eit produkt som eigner seg dårlegare, men som også fungerer greitt nok? Er det i røynda noko ein opplever som ei utfordring fordi ein lever i eit av dei rikaste landa i verda? Der ein har råd til å bruke det beste av det beste innan klede og anna? For ullklede er som regel dyrare enn dei andre tekstilprodukta.

At dette med pris kan vera ein utfordring for fleire, finn ein også dømer av på Kvinneguiden, nettstaden der alle mulige slags spørsmål har blitt stilt og svara på, og som ofte kjem høgt opp

i googlesøk. I 2012 var det til dømes ei som lurte på kva ho måtte kjøpe før barnet skulle i barnehagen:

*«Også lurer jeg på om det er vanlig at de går med ull hele dagen inne også? Vet ørlig talt ikke om vi har råd til at han bare skal gå i ull hele tiden i barnehagen, i tillegg er han varm av seg, så han klarer seg helt fint i bomull innendørs. Men blir det for mye styr for de ansatte å skifte av han ulla når de kommer inn?»<sup>107</sup>*

Fleirtalet svarer at det er mest vanleg å gå i ull heile dagen når det er vinter, men ei svarer:

*«Jenta mi er ikke begynt i barnehage enda, men jeg har selv jobbet i barnehage i mange år, så har masse erfaringer derifra. Noen av barna går bare i bomull, noen går bare i ull og noen bruker begge deler. Her må man se an barnet og lommeboka!»*

Det er altså ikkje alle barnehagertilsette, som meiner at ein alltid bør ha ull innerst.

Med tanke på at ein faktisk kan klare seg utan ull, er det ganske interessant at det i så stor grad blir framheva som ei utfordring blant mine informantar, eller i alle fall noko ein har stor fokus på. Eg kan forstå at ein barnehagertilsett som ser at eit produkt fungerer mykje betre, vil ynskje at alle skal bruke dette for deira eiga beste. Men det andre meiner er nokon sitt eige beste, er nok ikkje alltid det dei definerer som sitt eige beste sjølv. Har ein dårleg råd, kan det vera at ein heller vil prioritera noko anna framfor dyre klede. Og som ei av dei tilsette i ein barnehage påpeika: «*dei vil at me skal syns at dei fikser dette.*» Om ein er veldig opptatt av kva barnehagen synest, tyder dette at barnehagen har stor makt i å definera kva som er rett og galt, også når det gjeld meir eller mindre trivuelle ting? Eller det som kan vera meint som eit råd, kan fort bli tolka som eit krav. Kanskje særleg i dei tilfella der ein også er redd for å bli meldt til barnevernet.

Kva ein kan ha i matboksen, fekk eg ei meir mangfaldig inntrykk av samanlikna med kva klede ein bør gå i:

*«Det med mat, det er ikkje så veldig vanleg med kaka, prøve å rettleie dei vekk frå det i alle fall. Men å respektera det då at me har litt ulikt. Alle trenger ikkje ha den skiva med ost. Det er mange som reagere på det når dei kjem her: «Skiva med ost liksom. Ete dokker berre skiva her?» Ha litt forståing for at me gjer ting annleis, og det er heilt greitt.»*

Kunne ein sagt det same om klede? Det er det same kva type klede barna brukar, berre dei held dei varme og tørre, til dømes?

## Arbeidsinnvandrarar

Då eg spurte ei barnehagertilsett om ho merkar nokre ulike utfordringar når det gjeld å ivareta ulike innvandrargrupper, svara ho:

*«Veit ikkje om me skal seie, eg tenkjer at det går like mykje på enkeltindivid eigenleg. Fordi at det kan vera like utfordrande med dei i frå Polen og Litauen, å formidla informasjon. Dei som er arbeidsinnvandrarar, dei er jo ikkje pålagt noko norskkurs, det er jo berre frivillig, og har ikkje [alltid] behov i forhold til jobb heller. Men dei*

---

<sup>107</sup> Kvinneguiden 2012

*snakke jo engelsk då dei fleste. Men veldig mange lærar seg norsk. Så det er jo den, men dei som er flyktningar dei lære seg jo litt norsk.»*

Ei anna barnehagetilsett seier mykje det same:

*«Som regel når me får ungane med arbeidsinnvandring så er det: «Oj, er det ein unge her?» Så kjem det først ein femåring som me ikkje visste budde [her]. Dei er veldig isolert. Dei er veldig isolert i samfunnet, dei har ikkje nettverk. Faren er på jobb og mora er med ungane og så har dei ikkje norske venner. Ingen som visste at dei fantes. Sånn har eg opplevd i alle fall. Ungane er veldig store og har levd veldig isolert sånn at når dei kjem i barnehagen så er dei veldig engstelege. Dei er ikkje vant med å vera utan mamma. [...] Dei er ikkje vant med språket, dei er ikkje vant med å leke med andre ungar.»*

Ho vektlegg også det at arbeidsinnvandrare ikkje har noko introduksjonsprogram eller norskkurs:

*«Dei har ikkje eit program heller, sånn som mora har ikkje - eller far er jo som regel på jobb så han får jo norskopplæring der - mens mor har ikkje eit opplegg på at ho må til norskundervisning. Det må dei andre [dvs. flyktningane], dei har eit opplegg. Visst dei skal få pengar så må dei gå på skulen og lære norsk. For å få ei inntekt, mens arbeidsinnvandrare har jo ikkje det.»*

## Ulik oppseding

Ein lærar kjem inn på forskjellen mellom gutter og jenter i nokre kulturar:

*«Det går jo litt i korleis dei oppfører seg på fritida, altså dei er jo vant til å bestemme ganske mykje heime, flyktningane altså. Eg føler at me må jobbe ein del med dei. Spesielt gutane frå Eritrea og Somalia. Jentene er jo så pliktoppfyllande og skal jo bli legar alle saman, mens gutane skal jo bli profesjonelle fotballspelar, men dei trenge ikkje noko for å bli det, for dei er så flinke. [...] Eg føler at gutane har større problem enn jentene med å tilpasse seg. Det har jo sjølv sagt med at gutane har ei sterkt rolle. At dei får gjera som dei vil og kan norsk ganske bra fordi dei har spelt fotball. Føler ofte at dei kan betre enn jentene. Jentene er meir heime, og det tar lenger tid. Sjølv sagt nå er eg litt [generaliserande]. Også kan dei språket kanskje, så har du litt makt. Då styrer dei litt.»*

Ho opplever altså at gutane har mindre respekt og er ganske frie til å gjera kva dei vil. Dette er ikkje det inntrykket ei helsesøster sitt igjen med når eg spør kva ho har merka seg av barneoppsedinga når det gjeld fleirkulturelle brukarar som ho møter i arbeidet sitt:

*«At ungane skal ha respekt for foreldra. Å helse på mange av dei som kjem her, som kan helse i handa. Men der er gjerne kulturen i andre grøfta med norske ungar. Så det trur eg nok det er mange som opplever, at norske ungar er ganske respektlause. For eksempel med respekt for eldre. Mens norsk kultur så på ein måte lufter ein ungane fram, så eg trur nok det blir oppfatta litt respektlaust. At det er alltid dei eldste som har mest. Det trur eg er generelt for mange andre kulturar.»*

Her ser ho altså like mykje på seg sjølv og sin kultur, som på *dei andre*. At desse to informantane vel å trekke fram to ganske forskjellige syn på innvandrarane når eg spør om barneoppseding, viser kor ulikt det i røynda kan vera. Eller kanskje rettare sagt: at ein har ulike erfaringar fordi ein har møtt enkeltpersonar, ikkje innvandrargrupper. Ein har møtt enkeltpersonar frå ulike land eller same land, som kan vera aldri så like eller ulike kvarandre. Rett nok er det ikkje alt som er så ulikt, læraren gir eit inntrykk av at jentene er svært pliktoppfyllande og respektfulle, slik helsesøstera ser ut til å framstiller alle uavhengig av kjønn. Helsesøstera nemner heller ikkje etnisitet. Som eg har nemnd tidlegare kan det godt vera at eg har stilt nokre spørsmål på ein måte som gjer det logisk å ikkje svare med å nemne konkrete innvandrargrupper. Samtidig er det mange som har gjort dette uansett om eg har bedt dei nemne konkrete grupper eller ikkje. Og når ein tenkjer seg om seier ikkje opplysninga til helsesøstera særleg mykje når ein ikkje veit kva for grupper ho eigentleg tenkjer på. Det kan med andre ord ikkje gjentakast for mykje at ein må prøve å sjå forbi innvandrarar som ei einsidig gruppe, som *dei* i motsetning til *oss*. Dette mønsteret må det vera svært lett å falle i, for helsesøstera har også snakka om mange konkrete grupper på eige initiativ og har på ingen måte gitt intrykk av at ho *verkeleg* tenkjer på innvandrarar som ei homogen gruppe.

Paret som har engasjert seg mykje frivillig for flyktningar, har vore svært nøyne på å skilje dei ulike innvandrarane dei har møtt i arbeidet sitt. Dette seier til dømes kona, då eg spør om dei har merka nokre ulikheter og likskaper mellom norsk og anna barneoppseding, altså eit spørsmål som lett kan gjera at ein generaliserer og plasserer alle innvandrarar i ein bås:

*«Ulikheten ligger vel for dei eritreiske i at dei hjelper barna meir enn dei norske. Altså dei blir ikkje opplærd til sjølvstendighet. Dei blir mata og dei blir kledd på. I forhold til norske som prøver å la dei greie seg mest mogleg sjølv. Det er vel den største forskjellen.»*

Kan deira manglande generalisering ha noko med at dei har blitt så godt kjende med dei? At det er enklare å sjå forbi gruppetenkinga når ein ser på nokon av dei ein kjenner, som venner eller slekt? Kunnskap om enkeltpersonar viser ofte at generaliseringar kan vera ganske grove forenklingar av røynda. I buddhismen blir det sagt at ein må forstå for å elsa. Litt forenkla forklart, er tanken bak dette at ein eigentleg kan vera uendeleg og ukondisjonalt glad i alle menneske (eller levande vesen), berre ein veit nok om kvifor og korleis han eller ho er blitt slik: berre ein *verkeleg* forstår han eller ho. Slik det frivillig engasjerte paret ser ut til å ha lagt mykje energi i å verkeleg bli kjent med innvandrarane dei har hjelpt og deira kulturar. Ordet framandfrykt betyr vel nettopp det motsette av å verkeleg forstå. At ein fryktar det som er framand, det ein ikkje har nok kunnskap om og forståing for. Noko som kan skje om ein tar: «*for gitt at det som ein tenker er sant og rett, nødvendigvis er det rette svaret*», som den tilsette i introduksjonstenesta sa.



## Tillit

### Å mista tilliten

Ei av dei som har arbeida frivillig med innvandrarar, fortel om ei mor ho har engasjert seg for. Ho opplevde å miste barna sine hovudsakleg basert på at eit av barna fortalte i barnehagen om å ha blitt slått. Ho hadde tidlegare opplevd at barnet hadde snakka usant i fleire samanhengar, og trur at dette også var tilfellet denne gongen. I tillegg var dei fleire i lokalsamfunnet både med og utan innvandrarbakgrunn, som kunne gå god for at mora var ein god omsorgsperson. Dette blei ikkje teke omsyn til av barnevernet eller i rettssystemet. Den frivillige er frustrert over at ein legg meir vekt på observasjonar gjort under unaturlege omstende, framfor å høyre på dei som kjenner mora og har vore med ho og barna i meir naturlege sosiale settingar. Som den offentlege tilsette over, er ho skeptisk til måten barnevernet gjer sine undersøkingar på:

*«Det er det som skil meg frå barnevernet, når mine observasjonar er gjort under trygghet. For ho stolte på meg og eg stolte på ho. Også sitter det to stykk på kvart einaste samvær ho har med barna og overvakar ho.»*

Erfaringa med denne barnevernssaka, har gjort noko med måten ho ser på dei offentlege tenestane i Noreg:

*«Så får dei rettsapparatet med seg, det er det som er så rart, det er det eg ikkje forstår. Så nå har eg begynt å tvile på rettssystemet òg.»*

Ho er etnisk norsk sjølv og har tidlegare hatt tillit til rettssystemet, barnevernet og andre offentlege tenestar. No er ho livredd for barnevernet i kommunen. «*Eg går ikkje til barnevernet visst eg ser noko*», seier ho. Informanten samanliknar det som har skjedd med måten samar og dei nasjonale minoritetane blei behandla av det offentlege tidlegare. Ho seier:

*«Ja, for nå blir flyktningar fråteke barna. Det er akkurat det same som for femti eller hundre år sidan. Nå er det flyktningar ein legger sin elsk på, så skal ein fornorske desse. [...] Dei tar frå dei alt av kultur.»*

### Avhengig av tillit

Over er det eit døme på manglande tillit til offentlege tenestar basert på därleg erfaring med dei konkrete tenestane. Og her er det altså ein etnisk nordmann som har mista ein tillit ho i utgangspunktet hadde. Men det er få befolkningsgrupper som generelt sett har så stor tillit til offentlege tenestar som nordmenn. Filosofen Gunnar Skirbekk, som har forska på verdiar i befolkninga, meiner denne tilliten er heilt avgjerande for at vår velferdsstat skal fungera. I ein artikkel på Forsking.no, formidlar han at:

*«Tillit er en svært viktig verdi fordi den får samfunnet vårt til å fungere med mye mindre friksjoner mellom oss nordmenn enn det ellers kunne ha vært.»<sup>108</sup>*

Eit sitat frå boka *Kva er tillit* skrive av filosof Harald Grimen, kan stå som døme på denne høge tilliten blant fleirtalet av nordmenn:

---

<sup>108</sup> Amundsen 2017

*«Jeg tar det [...] for gitt, at hvis jeg søker kommunen om noe, som for eksempel en byggetillatelse, så får jeg samme behandling som andre, og blir ikke utsatt for tilfeldig ulikebehandling. Det tar jeg også for gitt i møte med politi og rettsvesen. Jeg stemmer ved valg, og jeg tar det for gitt at valget er «rent» og at min stemme får riktig vekt. Men rapporter fra utenlandske observatører viser at det er enkelt å fuske ved norske valg, fordi for mye er basert på tillit. Justismord får en til å lure på hvor godt rettssystemet er. Og inkonsekvent praktisering av forskrifter er vanlig, og skaper mistillit til politikere. Kan og bør man stole på institusjoner eller dem som styrer? Kanskje ikke. Men i moderne samfunn kommer vi ikke utenom dem.»<sup>109</sup>*

Ein stoler altså på tenestane, men når ein ser dei ulike tenestane i korta burde ein kanskje ikkje gjort det. Feilbehandling i helsevesenet er også ganske vanleg, så ein burde kanskje ikkje stolt på legen heller? Men alternativet til å ikkje stole på, kan i verste tilfelle føre til at ein døyr, i alle fall om ein nektar å ta i mot behandling for ein livstruande sjukdom. Eller ein kan velje å bruke ein privat helseteneste om ein stoler meir på denne. Men ein kan ikkje velje kva barnevernsteneste, kva introduksjonsteneste, kva politi eller kva rettsvesen ein skal nyttiggjera seg av. Kva skjer når ein ikkje har tillit til desse tenestane? Kva visst ein nektar å ta imot hjelp eller rettleiing frå barnevernet, eller er svært motvillig til dette? Dette kan truleg ha store konsekvensar. Ei barnevernstilstett fortel:

*«Eg tenkjer det er veldig mykje større sjanse for å lykkast og at me skal kunne bidra til endring [...] dersom dei er positivt innstilt til det [å få hjelp. Red].»*

Tek ein ikkje mot hjelp og rettleiing, kan noko som i utgangspunktet var eit mindre problem bli stort, slik at barnevernet i verste fall endar med å ta over omsorga for barna. Det å ikkje ha tillit til eller stole på nokon, handlar ofte om ei frykt for det ein ikkje forstår eller ikkje veit nok om. Og når det gjeld den høge tilliten blant nordmenn overfor ulike offentlege tenestar, så er det ikkje sikkert at ein veit mykje om alle tenestane ein stoler på, men ein kan stole på dei fordi det er vanleg å stole på dei i samfunnet. Altså: «Sidan dei fleste som eg stolar på, stolar på politiet, så må jo eg òg stola på politiet?» I dette tilfellet er det altså fleirtalet som bestemmer korleis ein tenker, det er i mindre grad basert på fakta om den bestemte tenesta.

Sjølvsagt er ikkje fakta heilt ute av biletet, tilliten hjå fleirtalet handlar også om at mange menneske *har* hatt positiv erfaring med den bestemte tenesta eller systemet som tenesta er ein del av. Likevel kan det verka som at denne forma for tillit, altså ein tillit som er ei slags norm i samfunnet, toler å bli motprova nokre gonger utan at fleirtalet endrar mening. Til dømes er det truleg ikkje slik at alle er livredder for å gi frå seg persondata til Helse Sør-Øst, sjølv om det i 2017 kom fram at outsourcing av IT-tenesta, førte til at arbeidatar i Asia og Aust-Europa hadde moglegheit til å hente ut persondata frå 2,8 millionar innbyggjarar.<sup>110</sup> Opplever ein derimot pengeutpressing på bakgrunn av denne personvernglippet, vil ein truleg lettare miste tilliten til dette helseføretaket. Blir ein sjølve eller folk som står ein nær, ramma direkte, kan det vera at ein ikkje støtter fleirtalet sine haldningar lenger. Slik den frivillig engasjerte har byrja å tvile på rettsvesenet i Noreg.

---

<sup>109</sup> Grimen 2010: 13

<sup>110</sup> Remen & Tomter 2017

Når det gjeld barnevernet, fører truleg fleirtalstankegongen til det motsette for mange innvandrargrupper. Grimen fortel at:

*«Folk stoler lettere på noen som ligner dem selv i klesdrakt, kjønn, alder, kultur og religion. Mennesker i nesten alle land mener at landsmenn er mer pålitelige enn utlendinger.»<sup>111</sup>*

Innvandrarar stolar truleg lettare på andre innvandrarar av same etnisitet, og nordmenn stoler lettare på andre nordmenn. Når fleirtalet i ei innvandrargruppe fryktar og manglar tillit til barnevernet, er det fort gjort at fleire av dei som ikkje har noko direkte erfaring eller kunnskap om tenesta, konkluderer slik: «Sidan dei fleste eg stoler på, ikkje stolar på barnevernet, så stolar ikkje eg på dei heller.» Mora med syrisk bakgrunn er unntaket som kanskje synleggjer denne dynamikken. Ho hadde tillit til barnevernet på tross av at ho opplevde at dei fleste syrarar ikkje hadde det, og dette var nettopp fordi ho hadde personleg positiv erfaring med tenesta. Men den generelle frykta blant nokre innvandrargrupper er altså det som er mest synleg, også for ho som er positiv, og også for nokon innan barnevernet. Ei tilsett fortel nemleg at:

*«Det gjeld ikkje berre familiar frå andre verdsdelar, men [...] familiar frå Aust-Europa, dei sitter med den same frykta. Og dei har gjerna eit enda sterkare inntrykk av kven me er og kva me gjer, fordi me er fronta i media i dei landa. Meir enn i afrikanske land. Dei får veta [om oss] når dei kommer til Noreg, men folk frå Aust-Europa har kanskje eit inntrykk av barnekidnapping lenge før dei tenker at dei skal her til.»*

Men om ein derimot har litt meir kunnskap om tenesta, altså verkeleg kunnskap ikkje falske nyhende frå heimlandet, så kan det vera at møtet med barnevernet går betre. Ho seier nemleg vidare at:

*«I forhold til den frykta for oss og å takka ja og nei til tiltak, så syns eg at til mindre integrert dei er, til meir frykte dei [oss], og til mindre takker dei ja. Det er mi oppleveling. Men det er klart at den er jo subjektive. Til mindre dei veit korleis ting fungerer, og veit korleis me komme inn, til større sjanse er det for at dei held seg på den sikre sida og takkar nei.»*

Barnevernet er altså avhengig av tillit, noko som er ei mangelvare blant fleire innvandrargrupper, men det ser altså ut som det er mogleg å oppnå ein viss tillit om ein informerer godt om tenesta og fortel kva ein gjer.

Som nemnd er det også mange offentleg tilsette som har liten tillit til barnevernet på grunn av erfaringane i kommunen. Om ein ikkje har god erfaring med ei bestemt tenesta i kommunen, kan det vera at ein likevel har ein viss tillit gjennom måten tenesta blir framstilt på nasjonalt plan og/eller den generelle haldninga til tenesta i befolkninga. Men her er det vel knapt nokon annan offentleg tenesta som har blitt så negativt framstilt i media og sosiale media som barnevernet dei siste åra. Denne merksemda vil truleg også ha påverka nokre av dei tilsette eg har snakka med frå andre tenestar.

I ei undersøking av Sentio Research Norge på oppdrag frå Bufdir hausten 2017, kom det fram at 28 prosent i befolkninga, har liten eller låg tillit til barnevernet. Vidare har 23 prosent eit

---

<sup>111</sup> Grimen 2010: 11

dårleg inntrykk av barnevernet, mens 43 prosent har eit veldig godt eller ganske godt inntrykk. 3 av 10 av dei som har eit dårleg inntrykk, fortel at dei ikkje ville ha meldt i frå til barnevernet visst dei var bekymra for eit barn.<sup>112</sup> Slik me også har sett at nokon av mine informantar hadde vegra seg for å melde i frå.

Når ein stor prosent av befolkninga har negative haldningar til barnevernet, tyder dette at det også er ein stor prosent som har negative haldningar til barnevernet i svært mange kommunar i landet. Det eksisterer difor eit stort press på dei som jobbar der. Barnevernstilsett fortel:

*«Det er ikkje så lenge sidan ein kollega av meg blei lagt ut på desse sidene med bilde. Det er klart at det gjer jo noko med ein å leve i eit slikt press.»*

Sjølv om netthets kan vera belastande nok, kan dei som jobbar i eit lite lokalsamfunn, også oppleve negative haldningar direkte der ein ferdast, til dømes på den lokale butikken. Eg har til dømes sjølv observert at barnevernstilsette og den konkrete barnevernstenesta, har blitt snakka kritisk om på ein kafé i ein av kommunane i Ryfylke. Dette skjedde mens den offentlege tilsette var til stade, og det var openbart at poenget frå den som snakka, var at den tilsette skulle høyre kva som blei sagt. Det er ikkje vanskeleg å forstå at det er mange som sluttar i barnevernstenesta når ein opplever slikt. Det at mange sluttar, gjer det sjølvsagt ikkje enklare for dei som blir igjen, og for dei som blir tilsett og kanskje har mindre erfaring enn dei som jobba der frå før av. Den nemnde saka om barnevernstenesta i Sauda og Suldal der dei tilsette eterlyste meir kompetanse hjå ein ny leiar, er eit døme på kor vanskeleg det kan vera å få kompetente folk til å ta- eller stå i desse jobbane.

---

<sup>112</sup> Hirsti & Solvang 2018

## Forståing er nøkkelen?

Visst fleirtalet i ei gruppe eller i eit samfunn ikkje har tillit, kan altså meir kunnskap og forståing vera nøkkelen. Gjennom dette prosjektet har me sett at dette er ein viktig faktor for betre samhandling mellom alle offentlege tenestar og innvandrarar. Og då handlar det sjølvsagt om auka forståing frå begge partar. Eller kanskje ein skal seie: alle partar? For me har også sett at fleire informantar også meiner at dei ulike tenestane må ha meir kunnskap og forståing overfor kvarandre. Nokon av dei eg har snakka med, har til dømes meint at det er for tette skott mellom deira teneste og barnevernet. Og dei fleste etterspør eit tettare samarbeid med alle tenestar, at ein gjerne skulle sett kvarandre meir og hatt fleire møter i lag. Om ein ikkje veit eller forstår kva dei andre driver med, er det vanskeleg å ha god tillit til det dei gjer. Ein tilsett ved ein frivilligsentral seier til dømes:

*«Det er viktig at ein snakkar i saman om felles utfordringar. Til dømes barnevernet - at det er viktig at dei veit at det er lag og foreiningar i ei bygd, kva ressursar som er der. At ein kjenner til samfunnet. Og at skulen og at lærarar veit litt kva som skjer, for det er ikkje sjølvsagt. Eg heller veit jo ikkje alt. Så ein må halde seg litt oppdatert. For det henger saman - både barnehage og skule - det henger saman med samfunnet. Og då det er litt utfordringa for me har litt sånn sektorisert [system]: skulen tenke på sitt, barnehagen på sitt, museet på sitt, og så gløyme ein litt det at me er alle i samfunnet og me alle er avhengig av kvarandre. Så der trur eg me kan vera litt flinkare.»*

---

*Det er viktig at ein snakkar i saman om felles utfordringar.*

---

Forståing er altså svært viktig for å oppnå tillit, men ein bør ikkje konkludera med at forståing er nok til å skape tillit. Forståing og kunnskap kan også skape mistillit visst det ein forstår er at institusjonen eller ein tilsett, bryter lova eller på anna måte gjer noko ein er ueinig med. Slik ei av dei offentlege tilsette fortel at ho har liten tillit til barnevernet på grunn av det ho oppfattar som därleg behandling i ulike lokale saker.

Fleirtalet av dei andre tenestane som har blitt involvert i dette prosjektet, har derimot betre tillit i befolkninga på nasjonal plan, i følgje undersøkinga utført av Bufdir. Her kjem det fram at befolkninga har mindre tillit til barnevernet enn til helsevesen, politiet, barnehagen og skulen.<sup>113</sup> Dette betyr kanskje at desse tenestane er mindre sårbar for feilgrep på lokalt plan? Dei fleste informantane frå det offentlege som eg har snakka med, opplever at dei har ein viss grad av tillit eller høg tillit hos innvandrarar som dei møter i jobben sin. Dette gjeld også for dei eg har snakka med som jobbar i introduksjonstenesta og frivilligsentral, men desse var ikkje med i undersøkinga til Bufdir. Særleg helsesøstrer og legar ser ofte ut til å oppleva stor tillit. Helsesøster fortel:

---

<sup>113</sup> Hirsti & Solvang 2018

*«Og så trur eg at innvandrarar har i grunn tillit til sånn helsevesen som me er, for det har med sjukdom å gjera, å leve på eit sunt vis. Vaksinar har dei høyrt om frå før. Men med ein gong det blir snakk om psykisk helse eller barnevernet, så er det litt meir diffust. Ein har berre høyrt ting. Og psykisk helse det blir sett på som gale menneske, det er vanskeleg å forklare at alle har ei psykisk helse. Så me har det lett vindt der for dei veit om legar, og om vaksinar, og om helse. Me kjem litt heldig til når det gjeld å få tillit.»*

Derimot er det fleire som peiker på at ein ikkje kan veta sikkert om ein har tillit, ein kan ikkje veta om nokon stoler på ein eller ikkje, ein kan berre anta. Barnevernstilsett fortel:

*«Nokon synest barnevernet er bra, og nokon er imøtekommande. Me blir invitert på middag og dei er veldig opne og hyggelige og sånt, men me veit ikkje likevel kva dei heilt.. om dei er heilt opne. Me kan aldri veta det, men det kan me ikkje veta med norske heller. Andre dei kan vera heilt opne, eller det kan vera eit spel, men eit spel er vanskeleg å oppretthalde over tid då.»*

Og vanskelegare er det sjølvsagt å avgjera om dei har tillit eller ikkje, visst brukaren er av ein annan kultur enn ein sjølve. For som eg har vore inne på før vil nokon frå ein annan kultur vera vanskelegare å tolke og forstå. I særleg grad gjeld dette visst ein har lite kunnskap om kulturen, og visst denne er svært ulik den norske. Igjen handlar det altså om at kunnskap og forståing er viktig for å oppnå tillit, og dermed også for å ivareta brukarane på ein god måte. Tilsett i introduksjonstenesta kjem også med eit døme på at manglande tillit kan ha med manglande kulturforståing å gjera, men denne gongen frå brukaren si side:

*«Eg har ikkje heilt klart å plassert kvifor dei ikkje heilt har tiltru til meg. Det er ikkje ofte, men mellom deltakar og programrådgjevar er tillit ganske viktig. At ein har tillit til at me vil dei vel. Då har eg tenkt litt at dei kanskje kan ha ein bagasje som kanskje.. Det kan godt vera det angår meg òg altså. Det er vel kanskje ein sånn grunnleggjande tillit at ein må stole på den hensikta. [...] Me som er fødde og oppvaksne i eit system, me har tillit til det offentlege. Me har jo i utgangspunktet tillit til at det er ein stat som vil oss vel. Dei som kjem frå statar som kanskje har undertrykt dei eller er heilt oppløyste statar, det vil nok vera ein ekstra jobb å få tilliten deira.»*

---

*Me har jo i utgangspunktet tillit til at det er ein stat som vil oss vel. Dei som kjem frå statar som kanskje har undertrykt dei eller er heilt oppløyste statar, det vil nok vera ein ekstra jobb å få tilliten deira.*

---

Lite kjennskap til korleis det offentlege systemet i Noreg skil seg frå det ein er vant med frå heimlandet, kan altså vera ei årsak til at nokre av hennar brukarar ser ut til å ikkje stole heilt på ho. Men i motsetnad til den tilsette i barnevernet, ser det ikkje ut til at ho opplever at fleire av innvandrargruppene er svært negativt innstilt til hennar teneste spesifikt. Skepsisen handlar om å vera skeptisk til offentlege tenestar generelt.

Den eine barnevernstillsette som eg har snakka med, har lagt stor vekt på det å informera godt om tenesta til dei som kjem til kommunen:

*«Eg har inntrykk av [at dei er redde] før dei møter oss i alle fall. Men så tenker eg me har hatt i alle fall to gonger i året der me har informert på [...] vaksenopplæringa. Det er jo med å bygger nokre bruer og bryter ned nokre myter. Sånn at eg tenker jo at når folk først møter oss så får dei eit anna intrykk enn når dei leser om oss eller høyrer om oss frå venner.»*

Møter brukaren ein person innan barnevernstestenesta som er tillitsvekkande gjennom å informera godt og ved å søkje å verkeleg forstå ein og sjå ein, kan det vera at ein klarer å overkomme den generelle skepsisen som svært mange i Noreg anten ein har innvandrarbakgrunn eller ikkje, har til denne tenesta. Det verkar som den tilsette over, og dei andre som jobbar ved denne tenesta, klarer å få til litt meir tillit enn det ein har andre stader. Som nemnd kan ein ha tillit til ein institusjon sjølv om ein ikkje veit noko direkte om dei som jobbar der, samtidig kan det også vera motsett, at ein kanskje er skeptisk til institusjonen, men så møter ein ein eller fleire tilsette som vekkjer tillit.

Ho er ikkje åleine om å legge vekt på at informasjon er avgjerande for å skape tillit. Ei helsesøster svarer dette når eg spurte kva ho synest er det viktigaste ein kan gjera for å få til større tillit blant dei som er litt skeptiske til offentlege tenestar: «*Det er nok informasjon. Informasjonsmøter og det å gi informasjon om kva oppgåvene er.*»

Og ei som jobbar i introduksjonstenesta, har som me har sett før, lagt stor vekt på betydninga av å skape ein relasjon med brukaren, altså å verkeleg forstå han eller ho:

*«I vår arbeidssituasjon så trur me på at når det er ein tillit eller ein relasjon som er lagt i botn, så vil det forenkla vår arbeidsprosess og møtet med vår rettleiing, at det er ein respekt og ein tillit som er basert utifrå meir enn berre ein stilling og posisjon, men òg ein relasjon. Og det merke me jo, me har ein utruleg god kommunikasjon. På tross av mange utfordringar merker me likevel at dei har veldig tillit til det me seier. Altså dei råda og tipsa me kjem med, og dei følger det òg. Det er ikkje berre sånn at me kan hive ut noko, men dei handlar på det òg. Og det trur eg er kunn på grunn av at me er så tett på dei.»*

Ein lærar er inne på mykje av det same når det gjeld kva som må til for å skape større tillit til offentlege tenestar:

*«Eg tenker at personleg kontakt må til, det hjelper lite med brev og oppslag, same kva du inviterer dei til. Det er jo ressurskrevjande, men eg trur du sparer det inn seinare.»*

Ei som jobbar i NAV legg også vekt på informasjon, og då på rett tid:

*«Eg tenkte i alle fall det med å presentera seg i dei gode tidene. Å gjera seg kjent med dei forskjellige etatane. Det må jo vera ein byrjing i alle fall.»*

Som me har sett, er denne bodskapen ganske samanfallande med det foreldra og ungdommane eg har snakka med, har delt med meg. For at ein skal oppleva å bli møtt på ein god måte frå dei offentlege tenestane og for at ein skal kjenne tillit til dei, er dette av orda og setningar

desse informantane har trekt fram:

*Farleg å putte folk i bås og gi dei roller*

*Snakke med foreldra først - Kunnskap om kulturar - Skikkeleg informert*

*Bruke tolk - Godt samarbeid - Informera og snakke med - Respekt*

*Bli godt kjent - Glad i - Kjærleik - Forstå*

Ein må forsøkje å forstå kulturane til dei av oss som er innvandrarar, ein må forsøkje å forstå eigen kultur i møtet med dei andre kulturane, ein må forsøkje å forstå den situasjonen dei er i, og ein må prøve å forstå dei som enkeltindivid og ikkje som representantar for ei gruppe. Som ungdommen med eritreisk bakgrunn var inne på: ein må ikkje trur at alle som kjem frå eit land der det er vanleg med oppsedingsvald, kjem til å slå ungane sine når dei kjem til Noreg. Men om ein ikkje får noko informasjon eller rettleiing for korleis ein kan oppsede på andre måtar, er det lettare at dette kan skje.

---

*Ein må forsøkje å forstå kulturane til dei av oss som er innvandrarar, ein må forsøkje å forstå eigen kultur i møtet med dei andre kulturane, ein må forsøkje å forstå den situasjonen dei er i, og ein må prøve å forstå dei som enkeltindivid og ikkje som representantar for ei gruppe.*

---

Og han som snakka mykje om viktigheita av å vise at ein verkelig er glad i ein og gir ein kjærleik for å bli ivaretatt på ein god måte, er den norske ungdommen:

*«Eg følte at det var veldig vanleg at folk sa at dei var glad i deg fordi dei måtte, eg trudde ikkje på det. [...] Det blei for lite kjærleik og varme, og eg blei for lite sett. Og mamma og pappa var nok ganske flinke på det, men eg møtte så mykje hardt i bygda og motstand frå masse folk. [...] Ein må få kjærleik for å kunne gi kjærleik.»*

Hans bodskap er relevant å ta med seg for alle offentlege tenestar som skal møte innbyggjarar i sårbare situasjonar på ein god måte. Anten brukaren har innvandrabakgrunn eller ikkje, anten ein er ung eller gamal: alle har behov for å bli sett, hørt og verkeleg forstått, ikkje stempla som det eine eller andre før ein har teke seg tid til å bli kjent med personen. Og då under premisser som gjer det mogleg å bli kjent. Utan «respekt og forståing» for dei ein møter i jobben, er det ikkje noko vits i å holde på med det ein gjer, seier ei frå barnehagen. Det handlar ikkje berre om å bli sett og forstått av det offentlege, men også å bli sett og forstått av resten av samfunnet. At ein opplever å få meir enn eit «hei» i butikken.

## Etterord

Barn i bygda har handla om barndomsforståing og barneoppseding i eit fleirkulturelt samfunn. Hovudproblemstillinga har vore korleis barn og familiar med innvandrarbakgrunn blir integrert i Ryfylke, og korleis hjelpa frå det offentlige har vore i denne integreringsprosessen.

Me håpar at denne prosjektrapporten kan vera eit bidrag i ein større debatt om korleis me best mogleg kan integrera fleirkulturelle barnefamiliar i bygdesamfunn. Rapporten viser at det er mange måtar å forstå barndom og barneoppseding på, og at det offentlege og samfunnet elles, ikkje alltid er så god til å akseptera eller ta omsyn til det som skil seg ut frå norske normer, eller å rettleie og hjelpe der forskjellen er så stor at den bryt med norsk lov.

Det å visa meir aksept og omsyn til det som blir opplevd som annleis, er ein av fleire føresetnader som blir trekt fram i denne rapporten for å få til ein god integreringsprosess, samtidig har me også sett kor vanskeleg det kan vera å ta omsyn eller vera bevisst dei ulike føresetnadane når ein har ein travel jobbkvartdag med liten tid til kvar enkelt brukar og lite rom for kurs og vidareutdanning.

Barn i bygda er som nemnd eit prosjekt som skil seg ut i museumssamanheng sidan det blant anna har handla om ein tematikk som er noko av det som blir mest debattert i dag, både på lokalt, nasjonalt og internasjonalt plan. Å ta føre seg møtet mellom innvandarfamiliar og dei offentlege tenestane, og då i særleg grad møtet med barnevernet, krev ekstra varsemd og detaljert planlegging slik at ein ikkje endar opp med å skade dei personane eller den situasjonen ein i røynda ynskjer å betre. Ikkje berre er det eit sårbart tema i seg sjølv ved at det blant anna kan handle om omsorg for barn og det å eventuelt miste denne omsorga, men også fordi den brennheite debatten gjerne kan bli enda meir brennheit av eit slikt prosjekt.

Prosjektet er altså eit nybrotsarbeid både for oss som eit lite lokalhistorisk museum, men kanskje også for museumssektoren som heilskap. Som me har sett har dette ført til mange skjær i sjøen undervegs i prosessen. Desse var til dels ubehagelege når dei stod på, og var svært øydeleggjande for motivasjonen min for å arbeide med dette prosjektet, men dei kan vera med å gjera det enklare for oss og andre museum som ynskjer å gjennomføre andre prosjekt som tek for seg sensitive og dagsaktuelle tema.

Det første var personvernproblematikken. Her burde me ha planlagt og undersøkt nøyare korleis me best skal klare å ivareta personvernet når det gjeld eit sensitivt og svært dagsaktuelt tema før me i det heile tatt sendte søknad til Kulturrådet. For det første ved å søkje om konsesjon til Datatilsynet før søknaden vart sendt inn, men også ved å faktisk ha klart føre oss kva krava i personvernlova vil ha av konkrete konsekvensar for vårt prosjekt, til dømes at ein må utforme tausheitserklæring for tilsette som er involvert, samtykkeskjema for informantane, plan for lagring og sletting av sensitive data i digital- og papirformat og sørge for ein eigna arbeidsplass. I denne planleggingsfasen burde me også ha utforma ein kommunikasjonsstrategi, både når det gjeld møtet med media, men også korleis me formidla prosjektet til dei offentlege tenestane i kommunane. Som nemnd var det ein barnevernsteneste som ikkje var nøgd med det dei hadde blitt informert om i ein tidleg fase av prosjektet.

Ein grundigare planlegging før prosjektet starta, ville truleg også gjort at me hadde sett at prosjektet var for stort til å berre gjelde for om lag eit årsverk. Hadde eg kunna byrja på nytt, ville eg til dømes ha snevra prosjektet inn til å gjelde færre offentlege instansar, slik at eg

kunne gått djupare inn på konkrete og særskilte utfordringar knytt til dei enkelte tenestane. Eg ser også føre meg at det kunne vore nyttig om fleire tilsette ved museet hadde vorte involvert i denne planleggingsfasen. Eit prosjekt som ein veit kjem til å få svært mykje merksemd og som også kan verka litt kontroversielt, bør vera godt forankra gjennom heile bedrifta. Som nemnd har det blitt snakka om prosjektet på fleire personalmøte, men på grunn av personvernet er det likevel svært lite detaljer som har kunna blitt formidla. Om me derimot hadde hatt ein opnare prosess før prosjektet starta, hadde dei tilsette likevel vore godt informert, og også fått moglegheit til å påverka prosessen. Om fleire hadde vore informert hadde me kanskje også vore fleire som kunne ha oppdaga fallgruvene med eit slikt prosjekt.

Fallgruvene hadde dessutan vore lettare å unngått om me hadde involvert eksterne forskrarar/rådgjevarar som hadde særskild kompetanse når det gjeld møtet mellom offentlege tenestar og innvandrarar. Har ein ikkje kompetansen internt, må ein sørge for at denne er tilgjengeleg på andre måtar. Det at me ikkje har hatt eksterne rådgjevarar med særskild kompetanse på feltet, har gjort at eg har brukt uforholdsmessig mykje tid på å setje meg inn i fagområdet. Dette var også utfordringa når det gjaldt personvernproblematikken, eg måtte også bruke ein del av prosjekttida på å setje meg inn i korleis dette fungerte, noko som igjen forsinka prosessen. Noko av det eg hadde ein del erfaring med frå før av, var intervjueteknikk. Gjennom masteroppgåve og mindre dokumentasjonsprosjekt ved museet, har eg intervjuat informantar i ulike samanhengar. Masteroppgåva omhandla dessutan eit tema som kan opplevast sensitivt og personleg for informantane. Å ha jobba med sensitive tema frå før av, trur eg har vore ei viktig føresetnad for å gjennomføre dette prosjektet. Det har gjort at eg har følt meg nokså trygg på intervjugprosessen, både når det gjeld å førebu spørsmål og å gjennomføre intervjuia. Eg vil difor anbefale at om ein skal gjennomføre liknande prosjekt ved andre museum, bør dei som jobbar med det ha forskingskompetanse, altså minimum mastergrad, og dei bør helst ha erfaring med å jobbe med sårbare tema frå før av eller få opplæring og rettleiing frå nokon som har denne erfaringa.

Når det gjeld personvernproblematikken vil eg nemne at eg opplevde det som ei psykisk påkjenning å tenke så mykje på at eg ikkje måtte gjera noko eller seie noko som kunne føre til at mine informantar blei avslørt, og i særleg grad når det gjaldt dei som hadde fortalt meg at dei verkeleg ikkje ynskja at det skulle komme fram kven dei var. Eg kjende meg rett og slett ein aning paranoid til tider, ein paranoia eg trur eg kunne unngått om eg hadde hatt meir erfaring med personvern frå før av. Denne redsla, kombinert med manglande ekstern rådgjeving på fagfeltet, gjorde det også vanskeleg å setje i gong med skriveprosessen etter transkriberinga av intervjuia. Etter kvart fekk eg meir tryggheit når det gjaldt korleis eg skulle løyse dette, særleg gjennom rådgjeving frå leiinga ved museet og rådgjevar i prosjektet. Om ein skal setje i gong med prosjekt som omhandlar sensitive og sårbare tema, trur eg det er lurt å også søkje råd og rettleiing frå fagpersonar med psykologisk kompetanse for korleis eit slikt prosjekt kan gjennomførast på ein etisk forsvarleg måte både for dei tilsette og informantane.

Eit tips for andre museum som ynskjer å setje i gong med liknande prosjekt, er også å passe på at ikkje ein person står åleine i prosessen, men at han eller ho har nokon å rådgje seg med, eller at det er fleire medarbeidarar i prosjektet. Og som nemnd bør ein ha eksterne rådgjevarar om kompetansen er mangefull på konkrete fagfelt internt i organisasjonen.

Heldigvis har eg hatt ei leiing som har støtta og rådgitt meg når det har vore vanskeleg, og som har forstått at dette ikkje har vore ein enkel materie å jobbe med. Ei leiing som tydeleg

støttar, har satt seg inn i prosjektet og tek ansvar når ein skal gjennomføre sårbare og kontroversielle prosjekt, trur eg er heilt avgjerande for at dei skal vera moglege å få til.

I dei siste åra har det blitt stadig meir fokus i musea på å ta opp sårbare og samfunnsaktuelle tema, og eg vil difor anbefale alle som skal setje i gong med denne typen prosjekt å rådgje seg med andre museum som har erfaring på feltet. Dette bør gå føre seg i planleggingsfasen, og ikkje mens prosjektet er godt i gong.



## Kjelder

- Ambjörnsson, R. (1978). *Familjeporträtt – Essäer om familjen, kvinnan, barnet och kärleken i historien*. Stockholm: Gidlund
- Amundsen, B. (2016, 22.04), Både store og små forskjeller mellom barnevern. *Norges forskingsråd*. Henta frå [https://www.forskningsradet.no/prognett-vam/Nyheter/Bade\\_store\\_og\\_sma\\_forskjeller\\_mellom\\_barnevern/1254017697786](https://www.forskningsradet.no/prognett-vam/Nyheter/Bade_store_og_sma_forskjeller_mellom_barnevern/1254017697786)
- Amundsen, B. (2017, 18.08). Disse verdiene er nordmenn mest opptatt av. *Forsking.no*. Henta frå <https://forskning.no/partner-norges-forskningsrad/disse-verdiene-er-nordmenn-mest-opptatt-av/328438>
- Andersson, H. W. (Red.). (2005). *Kunnskapsstatus om det samlede tjenestetilbudet for barn og unge*. (SINTEF rapport 03/05). Henta frå [https://www.sintef.no/globalassets/upload/helse/psykisk-helse/pdf-filer/rapport\\_03-05\\_kunnskapsstatus\\_barn\\_og\\_unge.pdf](https://www.sintef.no/globalassets/upload/helse/psykisk-helse/pdf-filer/rapport_03-05_kunnskapsstatus_barn_og_unge.pdf)
- Archer, E. K. & Trinh, D. (2008, 17.10) Lykkelige i Vinje. *NRK*. Henta frå <https://www.nrk.no/kultur/lykkelige-i-vinje-1.6268517>
- Barnevernsloven. (1992). Lov om barneverntjenester av 07.17.1992. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>
- Berg, B., Paulsen, V., Midjo, T., Haugen, G. M. D., Garvik, M. & Tøssebro, J. (2017). *Myter og realiteter. Innvandreres møter med barnevernet*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning
- Blom, I. (1985). Barneoppdragelse. Hodne, B. og Sogner, S. (Red.). *Barn av sin tid – Fra norske barns historie*. Oslo: Universitetsforlaget
- Brenna, L. R. (2012, 14.12). Kompetanse fremfor etnisitet. *Aftenposten*. Henta frå <https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/BRkRe/Kompetanse-fremfor-etnisitet>
- Bufdir. (2015, 08.04). Foreldreveiledning i grupper (ICDP). Henta frå [https://www.bufdir.no/Familie/veiledning\\_til\\_foreldre/foreldreveiledning\\_landsoversikt/](https://www.bufdir.no/Familie/veiledning_til_foreldre/foreldreveiledning_landsoversikt/)
- Bufdir. (2017, 20.12). *Kompetansekrav autorisasjon*. Henta frå [https://www.bufdir.no/Barnevern/Kompetansesatsing\\_kommunalt\\_barnevern/Pagaende\\_utredningsarbeid/Kompetansekrav\\_autorisasjon/](https://www.bufdir.no/Barnevern/Kompetansesatsing_kommunalt_barnevern/Pagaende_utredningsarbeid/Kompetansekrav_autorisasjon/)
- Drange, E. B. (1998). 98-generasjonen frå Sand i Ryfylke. *Folk i Ryfylke* (Årbok), 71-83. Sand: Ryfylkemuseet
- Endringer i barnevernloven mv. (2018). Lov om endringer i barnevernloven mv. (bedre rettsikkerhet for barn og foreldre) av 04.20.2018. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2018-04-20-5>
- Enerstved, Å. (1971). *Kongen over gata – Oslobarns lek i dag*. Oslo: Universitetsforlaget
- Folkehelseinstituttet (2016, 01.02). Tuberkuloseveilederen. Henta frå <https://www.fhi.no/nettpub/tuberkuloseveilederen/forekomst-og-kontroll/4.-grupper-med-plikt-til-tuberkulos/>

- Facebook. (2018). Barnevernet vil vi ha fullstendig fjernet. (Facebookgruppe). Henta frå <https://www.facebook.com/groups/946004698753793/about/>
- Frykman, J. & Löfgren, O. (1979). *Den kultiverade människan*. Lund: LiberLäromedel
- Grimen, H. (2010). *Hva er tillit*. Oslo: Universitetforlaget
- Hansen, A. (2017, 01.09). *Solveig Horne vil endre barnevernet. Horne går inn for å lovfeste «kjærlighet» i barnevernet*. Dagbladet. Henta frå <https://www.dagbladet.no/nyheter/horne-gar-inn-for-a-lovfeste-kjaerlighet-i-barnevernet/68651855>
- Hellevik, O. & Hellevik (2016). Verdier og verdiutvikling. Frønes I. & Kjølsrød, L. (Red.), *Det norske samfunn, bind 3* (Vol. 7), 58-83. Oslo: Gyldendal
- Helsedirektoratet. (2018). *Veileder for helsetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familiegenforente. Rettigheter, ansvar, organisering*. Henta frå <https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/asylsokere-flyktninger-og-familiegenforente/seksjon?Tittel=rettigheter-ansvar-organisering-10000>
- Helsedirektoratet. (2011). Veileder om kommunikasjon via tolk for ledere og personell i helse- og omsorgstjenestene. Henta frå <https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/242/Veileder%20om%20kommu-nikasjon%20via%20tolk%20for%20ledere%20og%20personell%20i%20helse%20og%20oms-orgstjenesten%20fullversjon%20IS-1924.pdf>
- Helsetilsynet. (2015, 30.03). *Høringsvar - NOU 2014: 8 Tolking i offentlig sektor - et spørsmål om rettssikkerhet og likeverd*. Henta frå <https://www.helsetilsynet.no/publikasjoner/brev-og-horingsuttalelser-fra-statens-helsetilsyn/2015/tolking-i-offentlig-sektor---et-sporsmal-om-rettssikkerhet-og-likeverd/>
- Helsetilsynet. (2013, 10.10). Rapport fra tilsyn med helsestasjonsvirksomheten i Sauda kommune 2013 (Tilsynsrapport). Henta frå <https://www.helsetilsynet.no/tilsyn/tilsynsrapporter/rogaland/2013/sauda-kommune-helsestasjonsvirksomheten-for-barn-fra-0-til-6-ar-2013-/>
- Hirsti, K. & Solvang, T. M. (2018, 27.03). Ny undersøkelse: Én av fire har ingen eller lav tillit til barnevernet. NRK. Henta frå [https://www.nrk.no/norge/ny-undersokelse\\_-en-av-fire-har-ingen-eller-lav-tillit-til-barnevernet-1.13961823](https://www.nrk.no/norge/ny-undersokelse_-en-av-fire-har-ingen-eller-lav-tillit-til-barnevernet-1.13961823)
- Hodne, B. og Sogner, S. (Red.). (1985). *Barn av sin tid – Frå norske barns historie*. Oslo: Universitetsforlaget
- Holmesland, H., Slettevåg, S. og Frøyland, M. (2006). Litt om prosjektet Brudd. *Brudd – om det ubehagelige, tabubelagte, marginale, usynlige, kontroversielle*, ABM skrift 26. Oslo: ABM-utvikling
- Hutchisons, R. (2017, 21.07). Du kan lukte fortiden i denne boksen. *Forsking.no*. Henta frå <https://forskning.no/blogg/ragnhild-hutchisons-blogg/innovasjon-produkt-og-historiefaget-luktboks>
- Høibo, R. (1999). *Den lange vegen – Rapport om museet og den fleirkulturelle utfordringa*. Sand: Ryfylkemuseet

- Høibo, R. (1982). *Då besta va' ung – teksthæfte til ei utstilling om kvinnofolkarbeid*. Sand: Rogaland folkemuseum & Sand bondekvinnelag
- Høibo, R. & Høibo, K. (2002). *Den fleirkulturelle bygda – Rapport om innvandring i Ryfylke*. Sand: Ryfylkemuseet
- Høibo, R. Islam i bedehusland. Pabst, K., Johansen, E. D. og Ipsen, M. red. (Red.). (2016). *Mot nye relasjoner mellom museum og samfunn*. Oslo: Norsk ICOM/Vestagermuseet
- IMDi. (2018). *Bruk kvalifiserte tolker*. Henta frå <https://www.imdi.no/tolk/bruk-kvalifiserte-tolker/>
- IMDi (2018). *For tolkebrukere. Retningslinjer på oppdrag*. Henta frå <https://www.tolkeportalen.no/no/For-tolkebrukere/Retningslinjer/#paaoppdrag>
- Innvanderforum. (2013). *Flerkulturelt barnevern? Hvordan fremme dialog mellom barnevernet og etniske minoriteter* (Innvanderforum rapport 2013). Henta frå <http://norskinnvanderforum.no/wp-content/uploads/2014/05/Rapport-Norsk-Innvanderforum-20131.pdf>
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2014). *Handlingsplan mot radikalisering og voldelig ekstremisme*. Henta frå [https://www.regjeringen.no/contentassets/6d84d5d6c6df47b38f5e2b989347fc49/handlingsplan-mot-radikalisering-og-voldelig-ekstremisme\\_2014.pdf?id=2233490](https://www.regjeringen.no/contentassets/6d84d5d6c6df47b38f5e2b989347fc49/handlingsplan-mot-radikalisering-og-voldelig-ekstremisme_2014.pdf?id=2233490)
- Kalve, T. & Dyrhaug, T. (2011). *Barn og unge med innvanderbakgrunn i barnevernet 2009* (SSB rapport 39/2011). Henta frå [https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp\\_201139/rapp\\_201139.pdf](https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp_201139/rapp_201139.pdf)
- Karkov, R. (2012, 09.03). - Tillit skaper velferdsstaten – ikke omvendt, *Forsking.no*. Henta frå <https://forskning.no/sosiologi/2012/03/tillit-skaper-velferdsstaten-ikke-omvendt>
- KommuneProfilen (2017) *Tabell 1. Innvandrere etter land. Antall og andel. Valgt region.* Henta frå [http://www.kommuneprofilen.no/Profil/BefolkningsDinRegion/bef\\_innvandrere\\_land\\_region.aspx](http://www.kommuneprofilen.no/Profil/BefolkningsDinRegion/bef_innvandrere_land_region.aspx)
- Krossli, J. I. (2008, 02.12). I front for vellykket flerkultur. *KommunalRapport*. Henta frå [https://kommunal-rapport.no/artikkeli\\_front\\_for\\_velykket\\_flerkultur](https://kommunal-rapport.no/artikkeli_front_for_velykket_flerkultur)
- Kunnskapsdepartementet. (2016, 07.06). *Slik blir den nye lærerutdanningen*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/slik-blir-den-nye-larerutdanningen/id2503270/>
- Kvinneguiden (2012). *Ull i forbindelse med barnehagestart*. Henta frå <https://forum.kvinneguiden.no/topic/679606-ull-i-forbindelse-med-barnehagestart/>
- Langlois, S. (2001). Traditions: Social. Smelser J. & Baltes P. B. (Red.). *International Encyclopedia of the Social and Behavioral Sciences*. New York: Elsesier
- Larsen, H. (2017, 09.01). Flere legger nå planer for en femårig utdanning i barnevern. *Krono*. Henta frå <https://krono.no/femarig-utdanning-barnevern/flere-legger-na-planer-for-en-femarig-utdanning-i-barnevern/146398>

Løfnes, H. M. & Hansen, J. P. B. (2016, 14.07). Kronikk: Bedre behandling og billigere helse med tolk. *Forsking.no*. Henta frå <https://forskning.no/meninger/kronikk/2016/07/billigere-helse-med-tolk>

Moe, E. (2018, 13.06). Barneverntilsette: Tar sterkt oppgjer med leiar-tilsetting. *Suldalsposten*, s. 7

Moufack, M. F. (2010). *Et sensitivt barnevern. Om ikke-vestlig foreldres opplevelse og erfaring med barneverntjenesten* (Mastergradsavhandling). NTNU, Trondheim

NOU 2014: 8 (2014). *Tolking i offentlig sektor – et spørsmål om rettssikkerhet og likeverd*. Oslo: Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon

NRK Rogaland (2014, 20.11). Distriktsnyheter for Rogaland. Henta frå <https://tv.nrk.no/serie/distriktsnyheter-rogaland/dkro99112014/20-11-2014#t=40s>

NTB. (2018, 16.04). Helleland mener store kommuner vil gi bedre barnevern. *Sunnmørsposten*. Henta frå <https://www.smp.no/nyheter/2018/04/16/Helleland-mener-store-kommuner-vil-gi-bredre-barnevern-16495024.ece>

Oslo universitetssykehus. (2018). *Tolkesentralen*. Henta frå <https://oslo-universitetssykehus.no/avdelinger/oslo-sykehusservice/tolkesentralen#oppl%C3%A6ring-av-helsepersonell>

Pabst, K., Johansen, E. D. og Ipsen, M. red. (Red.). (2016). *Mot nye relasjoner mellom museum og samfunn*. Oslo: Norsk ICOM/Vestagermuseet.

Paulsen, E. S. (2004). Oppvekst på Kolbeinstveit. *Folk i Ryfylke* (Årbok), 99-109. Sand: Ryfylkemuseet

Paulsen, V., Thorshaug, K., Berg, B. (2014). *Møtet mellom innvandrere og barnevernet. Kunnskapsstatus*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning

Ramstrøm, A. K. (2005). *Migranten og kvardagslivet – ei undersøking av tru og kvardagsliv*. Sand: Ryfylkemuseet

Remen, A. C. & Tomter, L. (2017, 02.05). Helse Sør-Øst: Innrømmer at utenlandske IT-arbeidere fikk tilgang til sensitive pasientdata. *NRK*. Henta frå [https://www.nrk.no/norge/helse-sor-ost\\_-innrommer-at-utenlandske-it-arbeidere-har-hatt-tilgang-til-pasientjournaler-1.13478443](https://www.nrk.no/norge/helse-sor-ost_-innrommer-at-utenlandske-it-arbeidere-har-hatt-tilgang-til-pasientjournaler-1.13478443)

Rentzhog, S. (2007). *Friluftsmuseerna. En skandinavisk idé erövrar världen*. Stockholm: Carlsson Förlag

Savsnick, G. (2012). «*Det er vanskelig å være mor i Norge*»: *Oppdragelse i et flerkulturelt perspektiv* (Mastergradsavhandling). Lillehammer: Høgskolen i Lillehammer

Skogstrøm, L. (2016, 29.10). Derfor er norsk barnevern uglesett i Polen. *Aftenposten*. Henta frå <https://www.aftenposten.no/norge/i/5qbVb/Derfor-er-norsk-barnevern-uglesett-i-Polen>

Statistisk sentralbyrå. (2017, 28.02). *Barn i lavinnteksthusholdninger. Ett av ti barn tilhører en husholdning med vedvarende lavinnett*. Henta frå <https://www.ssb.no/inntekt-og-forbruk/artikler-og-publikasjoner/ett-av-tilhorer-en-husholdning-med-vedvarende-lavinnett>

Statistisk sentralbyrå. (2014, 03.07). *Inntektsstatistikk over innvandrere, 2012*. Henta frå <https://www.ssb.no/inntekt-og-forbruk/artikler-og-publikasjoner/lavere-inntekt-blant-innvandrere>

Statistisk sentralbyrå. (2018, 05.03). *Innvandrere og norskfødte med innvanderforeldre*. Henta frå <https://www.ssb.no/befolking/statistikker/innvbef>

Store norske leksikon (2018, 05.04). *De Castbergske barnelover*. Henta frå [https://snl.no/Castbergske\\_barnelover](https://snl.no/Castbergske_barnelover)

Thorshaug, K., Valenta, M. & Berg, B. (2009). *Arbeidsinnvandring. Konsekvenser for det kommunale apparatet* (IMDi rapport 1/2009). Henta frå <https://docplayer.me/1600251-Kristin-thorshaug-marko-valenta-og-berit-berg-imdi-rapport-1-2009-arbeidsinnvandring-konsekvenser-for-det-kommunale-apparatet.html>

Thrana, M. H. (2015). *Kjærlighet og sosialt arbeid. En studie av kjærlighetens betydning i barnevernets praksis* (Doktorgradsavhandling). Høgskolen i Lillehammer, Lillehammer.

Tjeltveit, N. (1998). Ung i ulike tider. *Folk i Ryfylke* (Årbok), 61-70. Sand: Ryfylkemuseet

Trommald, M. (2016, 16.04). Barnevernet er blitt et eksportord. *Dagbladet*. Henta frå <https://www.dagbladet.no/kultur/barnevernet-er-blitt-et-eksportord/60154600>

Utenriksdepartementet. (2014). *Utdanning for utvikling* (Meld. St. 25 2013-2014). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/118ab85ad919493699f9623aad5652fb/no/pdfs/stm201320140025000dddpdfs.pdf>

Ålund, Aleksandra. (1997). *Mulitungdom. Køn, etnicitet, identitet*. Lund: Studentlitteratur AB





Ryfylkemuseet

Ryfylkemuseet  
Nordenden 14  
4230 Sand  
[ryfylkemuseet.no](http://ryfylkemuseet.no)

Dette er ein rapport om arbeidet med eit prosjekt om barns oppvekstvilkår i eit fleirkulturelt bygdesamfunn. Utgangspunktet er det brennbare spørsmålet om kvifor det er så mykje mistillit til barnevernet mellom innvandrarar. Ut frå dette har me prøvd å finne svar på korleis barn og familiar med innvandrarbakgrunn blir integrerte i Ryfylke, og korleis hjelpa frå det offentlege har vore i integreringsprosessen.

Prosjektmedarbeidar har vore Anette Opheim, som her er fotografert på ein familiested i bygdetunet Kolbeinstveit, ei av avdelingane til Ryfylkemuseet.